

Inger Johansen

# «Det er ikkje eit museumsspråk – det har noko med framtida å gjera»

EI SOSIOLINGVISTISK UNDERSØKING AV REVITALISERINGA AV SØRSAMISK



# INNHOLD

	FØREORD	7
1	INNLEIING	9
	1.1 Språk døyr over heile verda – òg i Noreg	9
	1.2 Problemstilling	10
	1.3 Avgrensingar	11
	1.4 Val av emne	11
	1.5 Oppbygginga av avhandlinga	12
2	METODE	13
	2.1 Val av metode	13
	2.2 Informantane	15
	2.3 Intervjua	16
	2.4 Handsaming og bruk av empirien	17
3	TEORETISK BAKGRUNN	21
	3.1 Er det ei revitalisering av sørsamisk på gang?	21
	3.2 Kva er revitalisering?	24
	3.2.1 Termbruk	25
	3.2.2 Ikkje-eksisterande revitaliseringsteori	26
	3.3 Tilgrensande omgrep	27
	3.3.1 Språkskifte og språkbevaring	28
	3.3.2 Språkdaude	29
	3.3.3 Etnisk revitalisering	30
	3.4 Tospråklegheit	31
	3.4.1 Balansert eller ikkje-balansert tospråklegheit	32
	3.4.2 Funksjonell tospråklegheit	32
	3.5 Korleis er stoda for sørsamisk i dag?	33
	3.5.1 Korleis språk døyr	33
	3.5.2 Måling av kor truga språk er	35
	3.5.3 Generelle vurderingar	40
4	MAKROANALYSE	43
	4.1 Etnolingvistisk vitalitetsmodell	44
	4.2 Status	45
	4.2.1 Økonomisk status	46
	4.2.2 Sosial status	46
	4.2.3 Sosiohistorisk status	47
	4.2.4 Språkleg status	48
	4.3 Demografi	50
	4.3.1 Tal	50
	4.3.2 Distribusjon	53
	Nasjonalt territorium	53
	Konsentrasjon	54
	Proporsjon	55
	4.4 Institusjonell støtte	55
	4.4.1 Massemmedia	56
	4.4.2 Utdanning	56
	4.4.3 Statlege tenester	58
	4.4.4 Næringsliv, religion og kultur	59

4.5	Minoritet i minoriteten	60
4.6	Oppsummering	61
 5	MIKROANALYSE	63
5.1	Revitaliserarane	64
5.2	Den språklege praksisen	71
5.2.1	Bruk av sørsamisk	71
5.2.2	"Å bruke enkeltord"	75
5.3	Stigmatisering	77
5.3.1	Intra-etnisk stigmatisering	78
5.3.2	Inter-etnisk stigmatisering	80
5.4	Sjølvidentifisering	86
5.4.1	Minoritet i minoriteten	89
5.4.2	Forvalting av den sør-samiske identiteten	92
5.5	Språkleg purisme	94
5.6	Barrieren	100
5.6.1	Å kjenne seg trygg i språket	101
5.6.2	Å kjenne seg trygg i den samiske identiteten	102
5.7	Over barrieren	109
5.7.1	På veg over	109
5.7.2	På andre sida av barrieren	113
 6	OPPSUMMERING OG KONKLUSJON	119
 LITTERATURLISTE		123
INTERVJUGUIDE		137
SAMANDRAG		143
IKTEDIMMIE		145

## FØREORD

Først av alt fortener informantane mine ein spesielt stor takk. Dei har alle teke imot meg med opne armar, og dei har delt tankar, erfaringar og kjensler med meg. Til saman har dei gjeve meg eit unikt innblikk i den sørsamiske (språk)verda, og utan dei kunne denne avhandlinga aldri ha vorte skrive.

Brit Mæhlum har vore rettleiaren min gjennom arbeidet med denne avhandlinga, og har hanka meg inn på sporet att ved faglege digresjonar. Ho skal ha stor takk for god fagleg rettleiing og eit eineståande personleg engasjement.

Eg vil òg takke Maja Lisa Kappfjell for å ha omsett samandraget til sørsamisk, Maria Gran Hansen for korrekturlesing og Arild Torvund Olsen for å ha fiksa all formgjeving og det tekniske ved ferdigstillinga av avhandlinga.

Takk òg til alle som har bidrøge til eit svært godt miljø på lesesalen og i sofaen på INL, til Jan Terje som har vaska kleda mine og laga mat til meg det siste halve året; og sist men ikkje minst til målrørsla som i utgangspunktet vekte interessa mi for det samiske minoritetsspråket.

Trondheim, mai 2006

Inger Johansen



# 1 INNLEIING

The fact that the Southern Sámi language has survived at all in the close millenary neighborhood of Scandinavian might seem to be a miracle.

Knut Bergsland (1998:45)

## 1.1 SPRÅK DØYR OVER HEILE VERDA – ØG I NORREG

Det er 6912 kjende levande språk i verda ifølgje *Ethnologue*.<sup>1</sup> 95 prosent av desse har færre enn ein million morsmålstalarar, og det gjennomsnittlege talet er mellom fem og seks tusen (UNESCO/WWF/Terralingua 2003:24). Desse tala viser kor utruleg mange små språk som finst, og kor store dei verkeleg store er. Det er for lengst på det reine at dette enorme kulturelle mangfaldet er i ferd med å bli mindre, og det finst mange ulike spådommar om og vurderingar av kor mange språk som kjem til å døy, og ikkje minst kor fort det kjem til å gå. Det er mykje som tyder på at vi kan stå overfor ein massiv språkdaude på historisk kort sikt. I 1999 hadde til dømes om lag 500 språk (altså ca. sju prosent) færre enn hundre talarar (*ibid.*).

Sørsamisk er heldigvis ikkje mellom desse sju prosentane, men det er altså dette språket denne avhandlinga handlar om. Eg skal freiste å seie noko om korleis stoda er for sørsamisk, og eg set hovudfokuset på dei positive prosessane ein kan sjå. Sør-samisk har lenge vorte sett på som eit truga språk. I 1979 stilte Aarseth spørsmålet: "Har sørsamene en framtid?" Som Bergsland i sitatet over, meiner han "[a]t de *har* overlevd som kulturbærende gruppe, er ganske bemerkelsesverdig når en tenker på hvor fåtallige de er, hvor spredt de bor og hvor splittet de ofte har stått mellom krys-sende lokale hensyn" (Aarseth 1982:8). *Adresseavisen* hadde våren 1980 under tittelen "Ukjent fortid, uviss fremtid" ein artikkelserie om tilhøva for sørsamisk språk og kultur. Der (*Adresseavisen* 1980c) står det mellom anna å lesa:

Et levende språk – muntlig og skriftlig – er en av forutsetningene for at en kultur skal overleve. Det sørsamiske språket var lenge i ferd med å smuldre bort, men det var også den øvrige kulturen truet med. Samisk var lenge forbudt i skolen, og barna skulle "fornorskес". Diskriminering mot alt samisk, liten selvfølelse, avmakt og manglende ressurser blant samene selv gjorde at sørsamisk i lang tid lå brakk.

<sup>1</sup> Når det i andre samanhengar blir brukta andre tal på kor mange språk det er i verda, er det på grunn av usemjer om mange av språkvarietetane er eigne språk eller dialektar av andre språk.

I tillegg til å oppsummere historia og det som har vore, blir det stilt spørsmål ved framtida for sørsamisk (*Adresseavisen* 1980d):

Hvilken fremtid har denne sørsamiske guttungen [teksten er illustrert med eit bilet av ein liten sørsamisk gut]? Kan den tradisjonelle livsformen til et nomadefolk overleve i industri-samfunnet? Og om levemåte og kultur overlever – hvor mye må forandres og hva blir igjen? Vil samekulturen ende som museumsgjenstand eller souvenirer for turistene, eller er den sterkt nok til å stå imot presset fra storsamfunnet?

Dette er alle viktige spørsmål som gjeld både den sørsamiske kulturen og det sørsamiske språket. Eg skal ikkje svara på alle desse spørsmåla, men har teke dei med for å vise at det ikkje er noko nytt at sørsamisk er sett på som eit truga språk. I tillegg illustrerer dei at trugsmåla mot kultur mangfaldet i verda er eit problem som òg i høg grad gjeld Midt-Noreg, og ikkje berre subtropiske strok i Afrika, Latin-Amerika og Asia.

Sørsamisk er eit minoritetsspråk i høve til norsk, men òg innanfor det samiske samfunnet: I nesten alle samanhengar det er snakk om *samisk*, tyder det *nordsamisk* der ikkje anna er presisert. Det er lett å gløyme at det innanfor den samiske minoriteten i Noreg finst to *minoritetar i minoriteten*: lulesamisk og sørsamisk. Tek ein med heile det samiske området, er det endå fleire minoritetar i minoriteten: umesamisk og pitesamisk (i Sverige), enaresamisk (i Finland), skoltesamisk (i Finland og Russland), kildinsamisk, akkalasamisk og tersamisk (i Russland) (sjå kart over desse under delkapittel 4.3.2). Det har lenge gått føre seg språkskifteprosessar, eller språkdaudeprosessar om ein vil, i alle desse minoritetsspråka, men det er altså sørsamisk som er tema i denne avhandlinga, og *revitaliseringssprosessen* som er i gang her. Språkdaude og revitalisering er to sider av same sak, men har blikket i ulik retning. Medan ein analyse av ein språkdaudeprosess konsentrerer seg om den foten som alt står i grava, er fokuset på den *andre* foten i ein revitaliseringssanalyse. For truga språk, som sørsamisk, treng det slett ikkje vera så langt mellom liv og daude, men eg tykkjer likevel at den prinsipielle skilnaden er viktig. Og det er dette siste overordna blikket eg har valt for avhandlinga mi: Eg skal prøve å finne ut kvar den *andre* foten til sørsamisk står, den som ikkje alt er i grava.

## 1.2 PROBLEMSTILLING

Problemstillinga for denne avhandlinga vil eg formulere slik:

*Er det ei revitalisering av det sørsamiske språket på gang? Kva inneber i så fall dette? Kva vilkår eller faktorar styrkjer eller svekkjer språket i dag?*

Sjølv om eg alt i undertittelen til avhandlinga eigentleg har svara på det første delspørsmålet, vil eg i kapittel 3 svara litt meir grundig på det, og samstundes gjera det klart kva eg meiner med *revitalisering*. Når eg så skal svara på kva det *inneber* at det er ei revitalisering på gang, skal eg freiste å skildre kva denne revitaliseringa går ut på, både på makro- og mikronivå, men først og fremst på mikronivået. Det er korleis denne prosessen artar seg på individnivå eg finn mest interessant, og det er dette som utgjer hovuddelen av analysen. Kapittelet med makroanalyse eignar seg desto betre til å svara på det siste spørsmålet i problemstillinga: Her går eg gjennom viktige faktorar for stoda til eit minoritetsspråk, og eg drøftar desse faktorane i høve til om dei styrkjer eller svekkjer stillinga til det sørsamiske språket i dag.

### 1.3 AVGRENSINGAR

Det sørsamiske området strekkjer seg over Noreg og Sverige. Eg har berre teke for meg norske tilhøve. Dette er ikkje på grunn av at tilhøva for sørsamisk treng vera så ulike på dei to sidene av riksgrensa, men det er rett og slett ei praktisk avgrensing for gjennomføringa av denne masteravhandlinga. Det ville vore å gapa over for mykje å skulle skildre tilhøva for sørsamisk på svensk side i tillegg.

Når det gjeld tid, så har eg altså valt å gje ei i hovudsak synkron framstilling av revitalisingsprosessen. Dei diakrone tilsnitta i delar av avhandlinga er berre meint å skulle vera med som forklarande bakgrunnsinformasjon for verkeleg å få ei forståing av dei synkrone prosessane.

Det er i denne avhandlinga ingen reint lingvistiske skildringar av språket eller av endringar i dei språklege strukturane. Dette er ikkje fordi slike skildringar ikkje hadde vore interessante og sett i lys av revitalisingsprosessen, men kjem av den enkle grunnen at eg sjølv ikkje kan det sørsamiske språket.

### 1.4 VAL AV EMNE

Det kan kanskje verke noko underleg å skrive om sørsamisk på eit studium i *nordisk språkvitskap*. Eg vil likevel argumentere for at dette er eit høgst legitimt emne. Rett nok er ikke sørsamisk eit nordisk språk, i alle fall ikke i lingvistisk samanheng. Sør-samisk er eit uralsk språk, og er såleis ikke ein gong ein slektning av nordiske språk. Geografisk, derimot, er sørsamisk i høgste grad eit nordisk språk. Sápmi strekkjer seg over både Norden og Russland, men det sørsamiske området, *åarjelsaemien dajve*, eksisterer berre innanfor Norden. Alle informantane bak det innsamla materialet er

trønderar eller nordlendingar i tillegg til å vera samar, og eg meiner at språksituasjonen til trønderar og nordlendingar busette i Trøndelag skal kunne vera tema for ei masteravhandling i nordisk språkvitskap. I tillegg vil eg trekkje fram at eit nordisk studium bør kunne femne om språksamfunn der norsk (eller eit anna nordisk språk) er majoritetsspråk i høve til eit minoritetsspråk. Dei samiske språka og samfunna er ein viktig del av norsk historie, ikkje minst den norske språkpolitiske historia.

Eg har lenge vore interessert i minoritetspolitikk, og dermed minoritetsspråk generelt, og kva er vel meir logisk då enn å skrive om eitt av dei minoritetsspråka som faktisk finst i min eigen bustadkommune? Dessutan er revitaliseringa av sør-samisk ei svært aktuell sak for tida. Berre i det tidsrommet eg har arbeidd med emnet, har det vorte ei meir og meir sentral politisk sak i det sør-samiske området: Snåsa kommune har sendt inn ein søknad til Kulturdepartementet om å bli forvaltningsområde for sør-samisk språk, og hausten 2005 opna det eit ressurssenter for sør-samisk språk og kultur på Røros. I tillegg blussa det 20 år lange ordskiftet om kor lenge sør-samanane har vore i visse delar av Trøndelag opp att hausten 2005 då historieverket *Trøndelags historie* vart lansert.

I tillegg var det faktum at det nesten ikkje er gjort forsking på feltet før, ein viktig grunn til at eg enda opp med nett dette emnet. Mykje av det som er gjort på dette området frå før, er "rein" lingvistikk: Det er laga grammatiske utgreiingar, og det er lagt ned mykje arbeid for å laga eit sør-samisk skriftspråk. Det er først dei to siste tiåra det er kome litteratur der det blir prøvd å svara på spørsmål om kva som skjer og har skjedd i det sør-samiske språksamfunnet.

## 1.5 OPPBYGGINGA AV AVHANDLINGA

Kapittel 2 er metodekapittelet der eg gjer greie for både korleis eg har samla inn, handsama og teke i bruk hovudkjeldene til denne avhandlinga. I kapittel 3 presenterer eg den teoretiske bakgrunnen for arbeidet. Eg definerer omgrepene *revitalisering* og *tilgrensande* omgrep, og går i tillegg gjennom ulike måtar å klassifisere truga språk på. Til slutt følgjer eit oversyn over korleis sør-samisk er rangert på ulike skalaer og i ulike taksonomiar. Dette siste gjev eit lite bilet av korleis stoda er for sør-samisk i dag. Makroanalysen i kapittel 4 fyller to roller: For det første er det ein gjennomgang av dei faktorane som verkar inn på stoda for, og utviklinga av sør-samisk. For det andre er det eit breitt bilet av det sør-samiske samfunnet og fungerer som eit bakteppe for dei personlege forteljingane i mikroanalysen i kapittel 5. Denne kapittelet er hoveddelen av avhandlinga, og i denne analysen på mikronivå får vi eit innblikk i kva ein språkleg revitaliseringsprosess inneber på individnivå.

## 2 METODE

Under heile arbeidsprosessen med denne avhandlinga har metodevalet og utviklinga av problemstillinga vore i eit vekselverknadsforhold. I utgangspunktet valde eg metode etter kva type problemstilling eg var interessert i, men parallelt med og i etterkant av både innsamlinga og analysen av empirien fekk problemstillinga nye vriar. Mykje på grunn av at eg på førehand kjende det sørsamiske språksamfunnet därleg, har det vore svært viktig å vera open i høve til utforminga av problemstillinga. Eg har stadig stilt meg sjølv spørsmåla: Kva type materiale er det mogleg å samle inn? Kva er det mogleg å finne ut med det materialet eg (har) samla(r) inn? Kva er det mest sentrale og mest interessante i dette materialet? I dette kapittelet skildrar og drøftar eg metoden eg har nytta i dette arbeidet.

### 2.1 VAL AV METODE

Kva metode ein vel å bruke i forskinga, er viktig og avgjerande for kva resultat ein kan få. Ein finn til dømes ut svært ulike ting ved bruk av høvesvis kvalitativ og kvantitativ metode. Ved kvalitativ metode går ein i djupna i få tema, eller undersøkingseiningar, medan ein ved kvantitativ metode kan gå i breidda og få oversyn over fleire tema eller undersøkingseiningar utan å gå like mykje i djupna. Med kvalitative metodar følgjer gjerne ei meir usystematisk og ustrukturert empiriinnsamling enn i kvantitative, og utgangspunktet er ofte ei interesse for det særeigne og spesielle, medan ein ved kvantitativ forsking får informasjon om det gjennomsnittlege og representative. Kvalitativ forsking eignar seg til å utforme hypotesar og teoriar, medan slike kan testast med kvantitativ forsking (t.d. Mæhlum 1992:105f, Starrin & Svensson 1994: 11f, Grønmo 2004:129f).

Eg har heilt frå byrjinga av prosjektet vore mest interessert i individnivået, og å koma på *innsida* av det sørsamiske språksamfunnet for å forstå nokre av prosessane bak språkvala til unge sørssamar. Eg har ikkje vore oppteken av kor hyppig eller vanleg noko er, men heller av å *forstå* ulike fenomen. Sjølv om eg starta med ei noko anna problemstilling enn den eg har enda opp med, har eg heile tida hatt dette overordna målet om å gå i djupna heller enn å gå i breidda. I og med at det sørsamiske språk-

samfunnet er så dårlig skildra i språkvitskapen, kunne det absolutt vore interessant å ha kombinert kvalitative og kvantitative metodar – for å få eit breiare oversyn i tillegg til forståinga. Dette ville på den andre sida vore for omfattande for denne avhandlinga. Dermed enda eg opp med ein einsidig kvalitativ metode i form av kvalitative forskingsintervju.

Undervegs i intervjeta lærte eg utruleg mykje både om det sør-samiske samfunnet generelt og om språksituasjonen spesielt, og eg vart meir og meir overtydd om at valet av metode var fornuftig. Til saman fekk eg gjennom intervjeta ei unik innsikt i den sør-samiske verda eg ikkje kunne fått gjennom ei kvantitativ undersøking. Dette gjeld både for tema som direkte hadde med problemstillinga å gjera, og for nyttig bakgrunnsinformasjon. Eg tek her med eit intervjuutdrag som illustrerer korleis ein i eit intervju kan bli merksam på komplekse tema eller fenomen som ein i kvantitative undersøkingar normalt ikkje fangar opp, med mindre ein kjenner tilhøva særskilt godt frå før og eksplisitt spør etter det. Eg spør her informant om begge foreldra er samar. Etnisiteten til mora blir tema, og det viser seg at kategorien "same" korkje er enkel eller eintydig.

**Er begge foreldra dine samar?**

Ja, i utgangspunktet ... [latter]. Mora mi er ikkje-same, men ho har funne ut at besteforeldra hennes var samar. Men ho har på ein måte vokse opp, skulle eg til å seie, med den norske kulturen, eller ikkje-samisk. For faren hennes fortalte aldri det at han var same. Så no har ho funne ut i ettertid at forfedrane hennes var samar. Så sånn sett er ho same, ja. Det er så vanskeleg.

[...]

Men ho har jo budd slik til at ho har kjent til det samiske heilt sidan ho var lita, og vokse opp med reindriftssamar og slikt rundt seg. Og heimen hennes var ein stoppestad for samane når dei dreiv og flytta med reinen. Ho mormor var vertinne for desse samane. Ho hadde alltid middag til dei, og dei fekk ligge over der og slikt.

[...]

**Enn mora di, snakkar ho sør-samisk?**

Nei, ikkje flytande, skulle eg til å seie.

**Ja, ho har lært det i vaksen alder ho, da?**

Nei, altså ho har jo vakse opp, skulle eg til å seie, med samisk rundt seg. Så ho har jo lært seg veldig mykje frå ho var lita.

### **Men ho har berre ikkje trudd at ho har vore samisk sjølv?**

Nei, det er jo òg ein ting ... Eller ho har vel, trur eg, visst det sånn kanskje. Men det er vel i vaksen alder at ho har ...

### **Sett på seg sjølv som same, eller ...?**

Ja, eller eg veit ikkje om ho gjer det heller ... For ho er jo sånn, for det er på ein måte ganske strengt, om eg skal seie det sånn, innafor det samiske òg. Det blir på ein måte ikkje godtatt for eksempel at ein ikkje-same går med kofte. Det er sånn ... Det er litt rart, men det liker vi ikkje. Det synest vi blir feil, på ein måte. Men det er jo sånn som ho seier det, at ho føler det ikkje naturleg at, sjølv om ho på ein måte har funne ut det at ho er same, så trur eg ikkje det er naturleg for ho at ho skal gå med kofte. Fordi at ho har aldri gjort det, og ja, eg veit ikkje, eg veit ikkje korfor. For det sa eg ein gong til henne: "Å ja, da kan du ha *gaptu*" (kofte), liksom, og ho berre: Nei! Det skulle ho ikkje, nei.

På dette spørsmålet, som berre var meint å vera eit bakgrunns- og innleiingsspørsmål, hamnar eg altså midt opp i ein god illustrasjon på kor vanskeleg identitets- og etnisitetskategoriane kan vera i eit minoritetssamfunn. På eit eventuelt spørjeskjema ville denne informanten måtte ha kryssa av for om begge foreldra var samar eller ikkje, og det er ikkje godt å vita kva utfallet da hadde vorte.

## **2.2 INFORMANTANE**

Eg har gjennomført intervju med sju informantar. To av dei er eldre bakgrunnsinformantar, og fem er yngre hovudinformantar. Desse er ikkje valde ut ved representativt utval, men gjennom eit *strategisk utval* (Grønmo 2004:98f). Eg har medvite valt ut informantar som på eitt eller anna vis er aktive i arbeidet for revitaliseringa av sør-samisk språk og kultur. Desse er dermed ikkje direkte representative for unge sør-samar som populasjon, men resultata seier for det første noko om viktige tendensar i språksituasjonen for sør-samisk, og dei kan seiast å vera representative eller generaliserbare på eit teoretisk nivå (Grønmo 2004:98f).

Dei fem hovudinformantane er i 20-åra pluss/minus eit par år, begge kjønn er representert og nokre av dei er medlemer i den sør-samiske ungdomsorganisasjonen Åarjel Saemien Noereh<sup>1</sup>. To av dei har ungar, medan dei andre ikkje har det. Korleis eg har valt å gå fram for å anonymisere dei, kjem eg inn på under delkapittel 2.4.

<sup>1</sup> Denne ungdomsorganisasjonen vart starta i 2002, og er eit sør-samisk lokallag av den samiske ungdomsorganisasjonen Davvinuorra.

## 2.3 INTERVJUA

Intervjua gjekk føre seg anten heime hjå informantane eller på andre møtestader. Dei varierte i lengde frå omtrent ein og ein halv time til tre timer. Intervjuguiden eg på førehand hadde utarbeidd, delte eg inn i fire hovudtema: Kjensler kring det å vera (sør)same, sørsamisk språkkunne, bruk av sørsamisk og tankar om framtida for sør-samisk (jamfør intervjuguiden som ligg med som vedlegg). Under kvart hovudtema hadde eg mellom ti og tjue spørsmål på arket. Dei faktiske intervjeta bar preg av å vera samtalar, og dei følgde denne malen berre til ein viss grad. Informantane hadde alle ulike aspekt dei var spesielt interesserte i, og det varierte i kor stor grad eg fekk følgt opp alle på alt. Dessutan dukka det opp andre aspekt enn eg på førehand hadde rekna med, og eg innsåg fort at intervjeta vart därlegare om eg var for knytt til intervjuguiden undervegs. Ein intervjuguide kan ikkje ta høgde for alle dei personlege forteljingane, og kan heller ikkje ta høgde for at informanten sjølv føregrip gangen i hovudtemaa. Det vart for meg mykje viktigare å skape ein god intervjustituasjon ved å følgje opp informantane på det dei var opptekne av *når* dei sa det, enn å få fram informasjonen i den rette rekkjefølgja. Slik vart intervjeta svært opne for tema og element eg på førehand ikkje kjende mykje til, og intervjuguiden brukte eg derfor i stor grad som hugseliste på tampen av intervjeta for å forsikre meg om at eg ikkje hadde gløymt viktige spørsmål. I nokre tilfelle har eg teke kontakt med nokre av informantane på e-post i ettertid, men dette har vore berre for ymse faktaopplysningar.

Kvalitative forskingsintervju er ein innsamlingsteknikk der forskaren sjølv, som samtalepartner, inngår som ein del av premissane for produksjonen av empirien som blir innsamla. Derfor blir tilhøvet mellom forskaren og informanten sett på som ein subjekt–subjekt-relasjon, og ikkje ein subjekt–objekt-relasjon. Dette krev at ein som forskar har to viktige oppgåver under eit slikt intervju: For det første skal ein vera *deltakar* i ein samtale. For at informanten skal kunne fortelje om sitt eige liv, og gjerne koma inn på emne som ikkje er så lette å snakke om, må intervjuaren delta som eit interessert og empatisk medmenneske. Men forskaren kan i intervjustituasjonen ikkje *berre* ha samtaleobjektet som interessefelt; ein må samstundes som ein er deltakar òg vera *tilskodar*. Som tilskodar må ein observere den interaksjonen ein sjølv er ein del av saman med informanten, og analysere både denne interaksjonen og det tilhøvet informanten har til det temaet samtalen dreier seg om (Mæhlum 1992:142f, Skjervheim 1996:71f).

Trass i at eg som etnisk nordmann var ein utgruppemedlem i intervjustituasjonen, var det ikkje noko problem å opprette ein fellesskap med informantane under intervjeta. Berre det faktum at eg hadde valt å undersøke dette temaet, gjorde at alle informan-

tane var positivt innstilte. Det var likevel viktig for meg å vise fram den kunnskapen eg trass alt hadde om det sørsamiske språket og samfunnet, for blant anna å skape eit "vi" mot den store mangelen på kunnskap om denne minoriteten som sjølv eg har møtt etter at eg byrja å setje meg inn i emnet. Det som forskar å vera utgruppemedlem kontra inngruppemedlem kan ha både fordelar og baksider. Innanfor den samiske forskinga har dette vore emne for ordskifte. Noko av dette ordskiftet har gått på om ikkje-samar har tilstrekkelege føresetnader for å forstå det samiske samfunnet når det skal utforskast, og også om dei i det heile skal ha lov til å forske blant samar (Hovland 1996:44f). Samar og ikkje-samar vil ha ulike innfallsvinklar og ulike blick på det samiske samfunnet, og dette treng sjølvsagt ikkje vera eit spørsmål om anten/eller. Om ein er inngruppe- eller utgruppemedlem i møte med det samfunnet ein utforskar, er det uansett kombinasjonen av deltakar- og tilskodarrolla som er det sentrale:

Antropologen er tvunget til å veksle mellom distanse og nærbet på en måte som aldri opphører å være forpliktende overfor de man forsker med. Samtidig demonstrerer denne vekslingen klart at *forskningsprosjekket* er et annet enn *de utforskedes prosjekt*. De kan overlappa i sak, men forskerne må ha sitt prosjekt hvor de utforskedes prosjekter utgjør et forskningsmateriale, ikke et forskningsrasjonale (op.cit.:60).

Det treng altså ikkje vera noko problem at det som driv ein i forskinga, kan vera eit personleg engasjement for til dømes ein viss minoritet. Men oppgåva er ikkje å demonstrere medkjensle og solidaritet i eit ladd språk – men å samle data og utforme modellar for å forstå meir av det som skjer (Barth 1994:192).

Eg opplevde det ikkje som noko problem under intervjuet å vera utgruppemedlem. Eg opplevde at ikkje alle var like villige til å "utlevere" det sørsamiske samfunnet ved å fortelje om negative episodar med andre sørssamar – men dette går truleg begge vegar, og kan like gjerne ha med personlege eigenskapar som med det at eg er utgruppemedlem. For andre kan det kanskje opplevast som lettare å snakke om slike ting nettopp med ein person som kjem utanfrå.

## 2.4 HANDSAMING OG BRUK AV EMPIRIEN

I etterkant av innsamlingsarbeidet skreiv eg ut alle intervjuet. Dette var arbeidskrevjande, men både nyttig og nødvendig for å få oversyn over materialet. Det var i denne fasen at det endelige fokuset for avhandlinga tok form. Før feltarbeidet tenkte eg å setje fokus på bruken av det sørsamiske språket mellom informantane, med bakgrunn i nettverksanalysar og kodevekslings- og akkomodasjonsteori. Etter det første intervjuet gjekk det opp for meg at informantane brukar det sørsamiske språket i mindre grad og i færre situasjonar enn eg på førehand hadde trudd, og fokuset mitt

dreidde meir og meir over på revitalisering som tema. Sjølv om hovudinformantane sjølve ikkje brukte termen *revitalisering*, var ”det å bruke språket meir” noko som alle var veldig opptekne av, og dermed handla alle intervjuet mykje om dette – mellom andre ting. Dette fokuset, som altså hadde meldt seg alt under feltarbeidet, vart endå tydelegare då eg skreiv ut av intervjuet. Alle gav eksplisitt uttrykk for at dei hadde sterke ønskje om både å lære det sørsamiske språket betre og å ta i bruk det dei kan, i større grad og i fleire situasjonar enn i dag. I samband med dette handla mykje av intervjuet om kva som var vanskeleg med å gjennomføre dette, og korleis ein kunne koma forbi dette vanskelege. Dette stod fram for meg som eit ”mønster” eller hovudtema i empirien, og dermed som det eg ville setje hovudfokus på i avhandlinga. På same måte har eg òg lese *kategoriane* eg brukar i analysen ut av den same empirien. Under slik kategorisering blir innhaldet i empirien vurdert og tolka i høve til problemstillinga, og ulike delar av innhaldet blir vurdert i forhold til kvarandre. ”Dette danner grunnlag for å identifisere felles trekk mellom ulike tekstelementer og gruppere disse sammen i kategorier” (Grønmo 2004:191).

Sjølv om informantane har ulike historier å fortelje, er dei ganske unisone i kva dei er mest opptekne av – og mange av temaa som viste seg å vera viktige og kjensleladde, dukkar gjerne opp på fleire stader i intervjuet. På sett og vis har altså både kvantitet og kvalitet vore kriterium bak kategoriseringa: Kvantitet, eller frekvens, på den måten at visse tema har dukka opp som samtaleemne oftare enn andre. Kvalitet på den måten at det som har vorte snakka om oftast, følgjeleg er det som er best skildra gjennom heile materialet. Historiene deira kan tilsynelatande ha ulike fokus, men då eg byrja å analysere, fann eg fort fram til at desse fokusa er tett vovne saman. Utviklinga av analysekategoriane til mikroanalysen har altså gått føre seg i fleire etappar: I første omgang byrja eg kategoriseringa under innsamlinga av empirien. Samstundes som hovudfokuset vende seg meir og meir mot revitalisering som tema, styrte dette gangen i intervjuet etter kvart som eg fann ut meir om kva dette innebar for informantane. I etterkant av innsamlinga byrja eg altså å ”nøste” i delar av empirien, og eg fann mønster og tema som eg kunne kategorisere ut ifrå. Dette er vanleg framgangsmåte i kvalitativ forsking, ifølgje Grønmo (2004:192):

”[K]ategoriseringen [starter] allerede under datainnsamlinga og foregår parallelt med utvelgingen av tekstene og registreringa av innholdet. Denne vekslingen mellom datainnsamling og dataanalyse er viktig for så vel den teoretiske utviklingen av kategorier og begreper som den strategiske utvelgingen av tekster og innholdselementer.

Kva desse kategoriane er og inneheld kjem eg tilbake til i mikroanalysen i kapittel 5.

I analysane brukar eg sitat frå intervjeta, men eg skil ikkje mellom dei ulike personane. Kvar enkelt informant har altså ikkje fått ein eigen profil og eit deknamn. Dette er på grunn av anonymitetssyn. I ein så liten minoritet som den sør-samiske er alt veldig gjennomsiktleg, og berre bakgrunnsinformasjon som alder og bustad kan i nokre tilfelle vera nok til å røpe identiteten. Derfor presenterer eg informantane så knapt som råd (jamfør delkapittel 2.2.), og eg har også utelate personopplysningar og namn på andre personar og stader i sitata. På grunn av dette er det altså blanda brotstykke av dei personlege historiene eg har fått fortalt, og *summen* av desse som i kapittel 5 gjev oss innsynet i revitaliseringssprosessen. Eg meiner det er mogleg å skildre denne prosessen på individnivå utan å laga personlege profilar for informantane. Sitata frå dei ulike informantane er dermed blanda og dukkar opp i teksten usystematisk i høve til kven som er sitert.

Sitat frå intervjeta brukar eg både i makro- og mikroanalysen, og dei varierer i lengde. Informantane er reflekterte, og mange av utsegnene har eg valt å ha med i ganske lange sitat for å få fram både historiene deira og meir av perspektiva deira som ofte fortel veldig mykje om det samfunnet dei refererer til. I sitata brukar eg ei anna rettskriving enn i resten av teksten. Dette er fordi sitata skal ligge tett opp til slik informantane har formulert seg både syntaktisk, morfologisk og leksikalsk.



## 3 TEORETISK BAKGRUNN

I dette kapittelet skisserer eg den teoretiske bakgrunnen for denne avhandlinga. Grunnen til at eg har kalla kapittelet "teoretisk *bakgrunn*", er at eg berre til ein viss grad trekkjer inn teorien presentert her i sjølve analysane. Her presenterer eg innhaldet i termen *revitalisering* og andre tilgrensande termar som er viktige for forståinga av fagfeltet. Den teorien eg meir aktivt brukar i analysekapitla, presenterer eg samstundes som eg tek han i bruk. Til slutt i dette kapittelet går eg gjennom ulike måtar å seie noko om stoda for sørsamisk på. Men aller først skal eg svara på spørsmålet om det går føre seg ei revitalisering av sørsamisk.

### 3.1 ER DET EI REVITALISERING AV SØRSAMISK PÅ GANG?

Det er lett å svara ja på dette spørsmålet, og først og fremst er informantane bak det innsamla materialet levande prov på dette. Trass i at denne revitaliseringa er därleg dokumentert, ser det altså ut til å vera ei allmenn oppfatting av at det er ein slik prosess på gang. Eg skal her vise kva eg byggjer på når eg svarar ja på dette spørsmålet.

Som på nesten alle andre område, er det skrive meir om revitaliseringa av samisk generelt, og om nordsamisk spesielt, enn om sørsamisk. Nordsamisk språk har gjennomgått ei kraftig styrking i kjerneområda i Finnmark, og er majoritetsspråk i fleire bygder. Lulesamisk og sørsamisk har kome litt i etterkant av denne utviklinga, men i lulesamisk område har det skjedd veldig mykje etter at ein privat lulesamisk barnehage vart starta i Drag i Tysfjord i 1989. Det byrja med fire familiar som innførte lulesamisk som heimespråk, og i etterkant har talet på slike familiar auka, og fleire og fleire ungar byrjar på skulen med lulesamisk som førstespråk (Huss 1999:16f, 142ff). I 2002 vart det starta ein sørsamisk barnehage i Snåsa, og det er, som vi skal sjå i kapittel 5, mykje som tyder på at ungane som har gått her, etterkvart kan byrje på skulen med sørsamisk som førstespråk. Revitaliseringa i dei ulike samiske områda er i stor grad like, og ein har i stor grad dei same tendensane over heile det samiske busetnadsområdet. Magga (1995:89) sa i 1995 dette om emnet:

Uansett hva som skjer, så er det en prosess vi er inne i. Og vi vil gjerne tro at vi nå er kommet inn i en positiv prosess. Mye tyder på det, og man kan noen ganger tillate seg å være litt op-

timistisk. I Norge har det skjedd en markert nyorientering i samiske saker i løpet av det siste tiåret. Dette har skapt et ganske brukbart arbeidsklima for et organ som Sametinget, særlig i forhold til hva man skulle ha ventet og fryktet ut fra tidligere erfaringer. [...] Mange angrep på samiske initiativ som før florerte i aviser og media, er nå blitt umulige å markedsføre – i hvertfall for det brede flertall av tenkende mennesker. Dette vil nok ha virkning også innad med tiden. Man skal heller ikke undervurdere de prosesser som fortiden har satt i gang. De er langt ifra stoppet opp. Det vil koste like meget å stoppe dem som det kostet å få dem i gang. Og et blikk bakover minner oss om hvor mye f.eks. Norge i sin tid satte inn på å fornorske vårt folk. Virkemidlene var mange og på mange forkjellige sektorer i samfunnet.

Magga refererer her til at det har vore eit omslag i heile det politiske klimaet for same-saker. Han nemner ikkje språkleg revitalisering spesielt, men han meiner det er ein ”positiv prosess” på gang. Hovland (1999:13) hevdar det i kystområda i nordsamisk område finst ein tendens til at ”dagens generasjon [tar] fatt i foreldrenes, egen og lokalsamfunnets samiskhet og investerer betydelig i å bli kjent med den og utvikle den videre”. At den yngste foreldregenerasjonen av i dag har ei anna haldning til samisk språk og kultur enn sin eigen foreldregenerasjon, gjev informantane mine også uttrykk for:

Foreldregenerasjonen er veldig bevisst på å bruke språket når dei er heime. Eg veit av mange ungar som er mellom 0 og 6 år, og det er det mange som beherskar språket like godt. Generasjonen no, dei mellom 25 og 30 år, som har ungar no, dei har vorte så bevisst på å bruke språket.

Dette er det endå ein som har lagt merke til:

Men eg trur at, når ... viss det kjem ungar inn i biletet, så blir ein meir bevisst på det, og det har eg merka blant dei gamle skulevennene mine, som eg veit ikkje har ... Altså dei har kunna språket, men dei har ikkje brukt det, og eg høyrer at dei snakkar kun samisk til ungane sine.

Mange kommenterer det dei ser på som eintydig positive tendensar. Ein kommenterte det at eg skriv masteravhandling om dette emnet:

Det er først no i det siste at folk har skjønt kor viktig det faktisk er. Eg har inntrykk av at ingen jobba med dette for nokre år sidan, medan no er ”alle” med på å jobbe for det. Og enda betre blir det dersom Snåsa blir tospråkleg.

Fleire nemner det at Snåsa kanskje skal bli tospråkleg kommune (sjå delkapittel 4.4.3) som noko positivt og viktig for revitaliseringa av språket:

Men eg håper det er ein ny start med det er i Snåsa. Håper det blir litt fortgang i det. No har vi komme til eit vegskilje, føler eg. No må det verkeleg gjeraast noko.

Noko av det som generelt kjenneteiknar den gruppa av sørSAMAR som eg har intervjuat, er at dei har ei oppfatting av at stoda er betre no enn då dei var ungar. Dei ser positive tendensar, og dei er grunnleggjande optimistiske:

## **Korleis ser du for deg situasjonen for sørsamisk språk om 20 år?**

Eg er kjempeoptimist, og det trur eg mange unge er. Ein skulla kanskje sett litt mørkare på det, men eg tykkjer det ser kjempelyst ut.

## **Kva er det som gjer at du tykkjer det ser lyst ut, da?**

Nei, når eg ser tilbake frå da eg sjølv vaks opp, og til i dag, når eg sjølv har fått ungar og mange rundt meg har fått ungar og ser kor viktig det er for dei og ser kor bevisste dei er på å føre språket vidare, og kor meir bevisste dei er på å bruke det. Og mange les språket både på grunnskule, vidaregåande og høgskulenivå.

Ein annan av dei gjev uttrykk for optimismen sin slik:

Når eg jobbar med ungane mine, så er det er ikkje eit museumsspråk; det har noko med framtida å gjera.

Todal (2003) har skrive doktoravhandling om vitaliseringa av samisk språk på 1990-talet, og viser mellom anna til at interessa for å få undervisning i samisk har stige mykje i løpet av 1990-talet, og at det ved utgangen av tiåret var over dobbelt så mange som hadde undervisning i samisk enn ved inngangen (op.cit.:209). Først og fremst peiker han på ei auke i nordsamisk område, men òg i sør-samisk område har elevtala gått opp.

Ifølgje *Uke-Adressa* 16. mai 1980 byrja revitaliseringa, eller "redningsaksjonen" for sør-samisk språk, alt på 1960-talet då Sameskulen på Snåsa opna:

Det sør-samiske språket var lenge i ferd med å smuldre bort, og med det var også den øvrige kulturen truet. Samisk var lenge forbudt i skolen, barna skulle "fornorskес". Diskriminering av alt samisk, liten selvfølelse, avmakt og manglende ressurser blant samene selv gjorde at sør-samisk i lang tid lå brakk. En "redningsaksjon" var nødvendig.

Denne redningsaksjonen var altså i gang alt då denne artikkelen vart skrive for 26 år sidan. Det blir slått fast at samane har fått sterkare røyster, og at det samiske sjølvmedvitet har auka "i det siste". Sjølv utan å ha definert omgrepet *revitalisering* nærmere er det god grunn til å oppfatte desse utsegna frå 1980 slik at det er, og var alt då, prosessar i gang for å styrke stillinga til sør-samisk språk og kultur.

Det er altså sterke indisium på at sør-samisk språk står overfor ei revitalisering. Det er ikkje dermed sagt at det ikkje samstundes er negative utviklingstrekk som verkar mot dei positive tendensane, men temaet her er altså revitaliseringsprosessen og kva det er som kjenneteiknar denne.

## 3.2 KVA ER REVITALISERING?

Revitalization, literally “the act of giving new life”, is here understood as a conscious effort to curtail the assimilative development of a language which has been steadily decreasing in use and to give it new life and vigour. Consequently, linguistic revitalization can be described as a “positive language shift” or the opposite of linguistic assimilation, and it is a phenomenon that has become more and more common during the past few decades.

Her skriv Huss (1999:24) at revitalisering er ei medvite gjenoppliving av eit truga språk eller ein truga kultur. Ho ser omgrepet i samanheng med ein trend av etniske rørsler i Europa og andre stader i verda som har funnest sidan 1960-talet. Ho peiker i tillegg på at det samstundes med revitaliseringsprosessen pågår ein motsett trend med språkleg og kulturell assimilering, og at heile prosessen kan sjåast på som eit kappløp mellom desse to tendensane.

Dorian (1994:481) skil mellom *revitalization* og *revival*. Ved revitalisering har språket overlevd, men er veldig truga. For å revitalisere må ein mobilisere attverande talarar og sikre rekrutteringa av nye talarar. I tilfelle med ”*revival*”, eller *språkleg renessanse* som ein kan kalle det, er ikkje språket lenger brukta som morsmål før gjenopplivings-tiltaka blir sette i gang. Det kan nettopp ha gått ut av bruk, eller det kan ha vore ute av bruk lenge. Situasjonen ho kallar revitalisering, er altså i tråd med den måten eg brukar omgrepet på i samband med det sørsamiske språksamfunnet.

Ved hjelp av ein metafor påpeiker Magga (1995:85) kor vanskeleg det kan vera å revitalisere eit språk eller ein kultur:

Urbefolknings over hele verden har det til felles at de en gang er blitt slått i stykker, eller at de gjennom lang tid har hatt et sterkt trykk på seg utenfra, at folket har helt eller delvis gått i stykker. Å få til et samarbeid innenfra er derfor et første skritt og en forutsetning for å forme en urbefolkningspolitikk. Oppgaven for dem som forsøker å gjøre noe kan sammenliknes med oppgaven å sette sammen en vase som har falt i gulvet og er blitt knust, helt eller delvis.

Det er viktig å få ei forståing av at ein slik prosess korkje er enkel eller mekanisk på noko vis. Det er dessutan viktig å sjå språkleg og etnisk revitalisering i samanheng: Det er mykje av dei same prosessane som står bak, og ei etnisk revitalisering kan sjåast på som nødvendig for ei språkleg revitalisering. Dette er imidlertid ikkje gjensidig i like stor grad. På 1980-talet vart det skrive mykje om det som då var den ”nye” etniske rørsla, og Allardt & Stark (1981:29) sette opp fire punkt som skildrar denne:

- den ökade betydelsen av självkategorisering eller självidentifikation
- anknytningen till samtida retorik
- professionalisering
- en ökad tendens till konfliktreglering bland de styrande myndigheterna

Det er spesielt det dei nemner som første og tredje punkt eg skal leggje vekt på i skildringa av informantane bak det innsamla materialet. Dei viser nettopp ein stor vilje til og kunnskap om sjølvidentifisering, og profesjonalisering i form av høgare utdanning er svært relevant for den revitaliseringa dei driv. Allardt & Stark (op.cit.: 29) viser til Gellner 1964<sup>1</sup> som hevdar at alle nasjonale og etniske grupper treng nokon som skaper og opprettheld dei, og som samstundes krev at dei finst. Gellner er mellom dei som påpeiker førekomsten av *aktivistar* som på 1970-talet var aktive i den nemnde "nye" etniske rørsla. Den nye typiske aktivisten er ein person med akademisk grunnutdanning som er trenna i å bruke moderne massemedia og gangbar politisk argumentasjon. Sørsamane eg har intervjuet kan ikkje utan vidare setjast i denne båsen, og dei tilhører generasjon nummer to i denne etniske rørsla.

### 3.2.1 Termbruk

Før eg kjem nærmere inn på tilgrensande omgrep som *etnisk revitalisering* eller *bevisstheit* i neste delkapittel, vil eg kommentere bruken av termen *revitalisering*. Todal (2002:12f) seier i avhandlinga si om vitalisering av samisk språk i Noreg på 1990-talet at termen *revitalisering* "vel er den mest vanlege å bruke om styrking av innfødde minoritets-språk". Likevel har han valt konsekvent ikkje å bruke han, og han brukar heller *vitalisering*. Dette gjer han av to grunnar: For det første skriv han at termen *revitalisering* dekkjer eit svært vidt område, og meiner det er bruk for eit sett med meir nyanserte termar. For det andre meiner han at prefikset *re-* gjev assosiasjonar til det å gjenskape noko som har vore, og at dette ikkje alltid er heldig: "Når nordsamisk i 1990-åra vart teke i bruk innanfor offentleg administrasjon, på vegskilt, på kart, i media osv, så var dette noko nytt. Samisk språk hadde tradisjonelt ikkje vore brukt på desse domena før (op.cit.:15)." Han ender altså opp med å bruke *vitalisering* gjennom heile avhandlinga, i tillegg til *vending av språkskifte*, som er ei omsetjing av Fishman sitt omgrep *reversing language shift (RLS)* (Fishman 1997).

Det ville på sett og vis ha vore logisk for meg å halde fram med denne termbruken, ettersom eg skriv om eit tema som ligg nært opp til temaet Todal skriv om. Men det gjer eg altså ikkje. Dei to grunnene eg har til det, nemner Todal sjølv i si eiga drøfting av termane: For det første er revitalisering ein svært innarbeidd term i fagtradisjonen. For det andre har dei som arbeider for vending av språkskifte, ofte som uttala mål å få minoritetsspråket *tilbake i naturleg dagleg bruk* i familiar og slekter som har gått over til å bruke majoritetsspråket. Dette er nettopp tilfellet i den samiske samanhengen, og derfor føretrekker eg revitalisering framføre vitalisering. I tillegg til innvendinga sitert

<sup>1</sup> *Thought and change*, London

ovanfor om bruk på *nye* domene, innvender Todal at "det språket som "kjem tilbake," både kan vera annleis reint lingvistisk og ha ein annan funksjon enn det språket som "forsvann" (op.cit.:16). Eg meiner begge desse innvendingane er av underordna karakter. Slik eg ser det, er det sentrale målet med (re)vitalisering at språket etter skal bli tradert frå generasjon til generasjon. At språket dermed kjem i bruk i nye domene og at det blir utvikla nyord i språket, er delmål på vegen.

Når eg i resten av denne avhandlinga refererer til "revitaliseringa av sørsamisk", meiner eg, når ikkje anna er presisert, revitalisering i vidaste forstand: Då viser eg til alt som kan kallast tiltak og freistnader på alle plan, der målet er å styrke stillinga til sørsamisk eller å vende språkskiftet. Avleidd av dette omgrepet brukar eg av og til *revitaliserarar* om informantane eg har intervjuat til denne avhandlinga, eller om dei som driv revitaliseringa framover generelt. Ein *revitaliserar* er dermed ein person som har eit ønske og ein plan om å bidra til at bruken av eit truga minoritetsspråk skal bli auka. Vi skal i kapittel 5 sjå at det er bruka mange andre fagtermar om dei òg, men eg vel å leggje vekt på samanhengen mellom personane og den prosessen som er i fokus for denne studien, og meiner derfor *revitaliserar* passar godt her.

### 3.2.2 Ikkje-eksisterande revitaliseringsteori

Todal (2002:21) slår fast at "[t]eoriutvikling er ei av dei store utfordringane i faget". Med det meiner han at det enno ikkje finst gode modellar eller teoriar som skildrar kvifor og korleis etniske rørsler jobbar for å vende eit språkskifte, eller korleis eit språk blir revitalisert. Eg skal nedanfor presentere nokre *faktormodellar* som er oversikter over kva faktorar som influerer på statusen eit språk har. Desse modellane fungerer likevel ikkje som *teoriar* på kvifor og korleis det er mogleg å revitalisere eit språk.

Sosiologane Erik Allardt og Christian Stark (1981:16) kjem med ein liknande kritikk som Todal:

Det kan knappast förnekas att den nya etniciteten – särskilt den som uppträder i form av etno-regionala rörelser i industriländerna – har inneburit något av en överraskning för flertalet sociologer och politologer. Den dominerande synen på samhällslivet och de ledande teorierna om samhällets utveckling hade egentligen ingen plats för den nationella eller etniska faktorn, utom möjligen som en relikt eller som ett motiv att dupera aningslösa männskor med. Många av de begreppspar som man inom sociologin i dag med rätta betraktar som klassiska, så som Ferdinand Tönnies' distinktion "Gemeinschaft" och "Gesellschaft", Emile Dürkheims mekaniska och organiska solidaritet eller den nordiska distinktionen mellan bonde- och industrisamhälle, innehåller antagandet om att samarbete och interaktion i det moderna samhället bygger på ett socialt byte av nytthigheter snarare än på etniska band och kulturella lojaliteter.

Her påstår Allardt & Stark at det innanfor dei leiande sosiologiske teoriane og dei klassiske omgrepa ikkje finst forklaringsmåtar for kva som driv dei moderne etniske

rørslene. Dette er fordi ein i desse omgrepa og teoriane går ut ifrå at alt samarbeid og interaksjon i samfunnet er bygd på et sosialt byte av "nyttigheiter" heller enn etniske band og kulturelle lojalitetar. Den same kritikken om mangelfull teoriutvikling kjem òg frå språkfolk, her frå Fishman (1997:384f):

Western social science seems to be primarily telling us that modernization and authenticity preoccupations cannot go together, just as authenticity preoccupations and rationality cannot go together. The seeming anomaly of modernization, rationality, affectivity and authenticity, the cornerstones of RLS, are theoretically unprovided for because such a complex combination strikes modern social science as perversely contradictory, as "so near and yet so far" from the mainstream ethos. The true complexity of modern minority movements is elusive, doubly so since such movements are contraindicated given the simplistic theories according to which mainstream processes and virtues are considered simultaneously prototypical, normal and inescapable.

Fishman seier her at hjørnesteinane i *reversing language shift* (RLS), eller vending av språkskifte, – modernisering, rasjonalisering, effektivitet og autentisitet – ifølgje teoriane i vestleg sosiologi er grunnleggjande motsetnader: Å vera oppteken av autentisitet kan ikkje sameinast med modernisering og rasjonalisering. Fishman hevdar at vending av språkskifte nettopp føreset denne komplekse samansetninga av tilsynelatande motsetnader, og han kallar dei sosiologiske teoriane simplistiske som ikkje tek denne kompleksiteten opp i seg. Kritikken frå Allardt & Stark og Fishman handlar om dei same hovudpoenga, sjølv om dei er skrivne med ti års mellomrom<sup>2</sup>. Todal (2002:21) siterer Strubell (2001:260) for å stadfeste at det ti år etter kritikken frå Fishman enno ikkje har skjedd noko med teoriutviklinga på feltet. Han påstår at det er ekstraordinært at eit så lett observerbart fenomen som individuelle språkval ikkje har ført til ein teoretisk innovasjon på dette feltet.

I mangelen av slike teoriar eller modellar har eg sjølv valt å setje fokus på revitaliseringa av sør-samisk med éin analyse på makronivå (kapittel 4) og éin på mikronivå (kapittel 5).

### 3.3 TILGRENSANDE OMGREP

Omgrepet revitalisering står nært opp til mange andre omgrep; nokre er primært henta frå språkvitskapen, og andre frå sosialantropologien. Til saman dannar desse eit bakteppe det kan vera nyttig å sjå revitaliseringsomgrepet mot. I dette delkapitlet går eg gjennom dei termene eg ser som mest sentrale for denne avhandlinga.

<sup>2</sup> Fishman 1997 er eit opptrykk av Fishman 1991, dermed blir det ti år mellom Allardt & Stark og Fishman.

### 3.3.1 Språkskifte og språkbevaring

Revitalisering må kunne seiast å vera ein avleggar av forskingsgreina kalla *language maintenance and shift*, eller *språkskifte og språkbevaring*. Jahr (1993:238) seier om dette fagfeltet at det då Fishman (1964) definerte det i den innflytingsrike artikkelen "Language maintenance and language shift as a field inquiry", var hans intensjon at språkskifte og språkbevaring skulle få lik grad av merksemd. Som vi veit, held Jahr fram, har det diverre ikkje vist seg å bli slik: den negative prosessen språkskifte har fått mykje meir merksemd, medan den positive prosessen språkbevaring lenge har vore neglisjert. Han avsluttar med å påpeike at det er oppløftande å sjå at dette perspektivet dei siste åra har fått aukande merksemd, og at det over heile verda finst mange millionar av personar som på ulike vis er engasjerte i forsök på å stoppe språkskifteprosessar som trugar morsmåla deira.

Det er altså den positive prosessen revitalisering som er i fokus i denne avhandlinga, og dette omgrepet står i nær slekt til både språkbevaring og språkskifte. Revitalisering av språk er det same som å vende eit språkskifte, medan det er ein gradsskilnad til språkbevaring. For å byrje med skilnaden, eller samanhengen, mellom språkskifte og språkbevaring: I *Språkbyte och språkbevarande* skriv Hyltenstam & Stroud (1990:9f):

Att människor håller fast vid och behåller sitt språk betraktas i så stor uträckning som normalfallet att denna typ av språkbevarande inte föranleder någon kommentar. Det är först när språk utsätts för hot som det finns skäl att tala om språkbevarande som fenomen. Språkbevarande och språkbyte är därför två sidor av samma mynt.

Skilnaden mellom omgropa definerer dei slik (op.cit.:9):

I språkkontaktssituationer kan en befolkningsgrupp – ofta över flera generationer – gå över till att använda en annan gruppens språk. Man säger att ett *språkbyte* har skett. Men den kan också fortsätta att använda sitt eget språk, trots att betingelser för språkbyte föreligger. I detta fall talar man om *språkbevarande*.

Det ser ut til å vera stor semje om denne måten å definere språkskifte og språkbevaring på. Fasold (1995:213) definerer omgropa ganske likt som Hyltenstam & Stroud:

Language *shift* simply means that a community gives up a language completely in favor of another one. The members of the community, when the shift has taken place, have collectively chosen a new language where an old one used to be used. In language *maintenance*, the community collectively decides to continue using the language or languages it has traditionally used.

Det kan seiast å vera ein gradsskilnad mellom språkbevaring og revitalisering: Medan vi i førre delkapittel definerte revitalisering som medvite "gjenoppliving" av eit språk, oppfattar eg at språkbevaring brukast om prosessane i eit samfunn som tek vare på det språket dei har, trass i at vilkåra for språkskifte er til stades. Språkskifteprosessen

har altså gått lenger for at "motreaksjonen" skal kunne kallast ei revitalisering. Det er nettopp dette som har skjedd med det sørsamiske språket: Her har språkskiftet gått så langt at det må ei revitalisering til for å få språket i bruk att i daglegdagse språksituasjonar.

### 3.3.2 Språkdaude

*Språkdaude* er ein term brukta parallelt med språkskifte, og medan nokre prøver å legge ulike tydingar i dei, brukar andre begge termene for det same fenomenet. Fasold (1995:213) skriv at "Language shift is sometimes referred to, somewhat dramatically, as *language death*." Andre skil mellom prosessen og resultatet, som Jones (1998:4f): "language death may be defined as the end-point of language obsolescence: a process whereby a language is ousted from its territory by another variety". *Language obsolescence*, eller *språkleg forelding*, er altså det som skjer med språk A når eit folk skiftar til språk B: språket blir gradvis utkonkurrert eller fortrengt på domene etter domene av eit anna språk. Dersom språkdaude ikkje blir resultatet av ein påbyrja språkskifteprosess, kan vi snakke om språkbevaring.

Den sosiolingvistiske historia til sørsamisk er ein god illustrasjon på korleis ein språkskifteprosess kan gå til. Her er sørsamane eit klassisk døme på ein liten etnisk minoritet som gradvis, gjennom fleire generasjonar, har slutta å bruke det sørsamiske språket sitt til fordel for det meir prestisjefylte majoritetsspråket norsk (eller, for dei svenske sørSAMANE: svensk). Norsk (eller svensk) har teke over domene etter domene, men trass i at denne prosessen har kome langt, er ikkje sørSAMISK eit daudt språk.

Kva er så språkdaude? Når er eit språk utdøydd? Kva vil det seie at eit språk er daudt? Definisjonane av språkdaude liknar, som sagt, ofte på definisjonane av språkskifte. Dressler (1988:184, her etter McMahon 1994:284) skriv dette: "Language death occurs in unstable bilingual or multilingual speech communities as a result of language shift from a regressive minority language to a dominant majority language". Han seier her at språkdaude er eit resultat av at eit ustabilt to- eller fleirspråkleg samfunn har skifta frå eit minoritetsspråk i tilbakegang til eit dominant majoritetsspråk. Dette er i tråd med dei definisjonane eg alt har nemnt, bortsett frå at han legg vekt på det *ustabile* i to- eller fleirspråklege samfunn der språk døyr. Ein kan lett få eit inntrykk av at ein språkskifteprosess impliserer ein stabil retrett av minoritetsspråket, men det treng det altså ikkje vera. Språkskiftet kan gå i bølgjedalar, og det kan til og med stagnere på eit steg.

Eit språk døyr altså når det går ut av bruk. Nokre forskarar meiner ein kan kalle det språkdaude når eit språk går ut av bruk i eitt samfunn, trass i at det same språket enno er i bruk ein annan stad. Andre meiner ein først kan kalle det språkdaude når det ikkje er talarar av det aktuelle språket att på heile kloten. Ein representant for det første synet er McMahon (1996:292):

However, the context and consequences of language shift and obsolescence seem much the same regardless of whether an entire language or a residual or immigrant variety outside the indigenous area is involved, so that we may refer to both as *language death*.

Det essensielle her er altså at konteksten og konsekvensane er mykje dei same uansett om det er snakk om at heile språket døyr, eller det berre er ei språkøy utanfor det etniske territoriet. Derfor kallar ho begge tilfella språkdaude. Fasold (1995:214) omtalar den same vesle kontroversen og konkluderer med at "It isn't too important to decide whether the term "language death" should be allowed its broad interpretation or be restricted to the narrower one, as long as we are aware that it is used in both these ways."

### 3.3.3 Etnisk revitalisering

Aller først er det tenleg å seie noko grunnleggjande om kva etnisitet er. Høgmo (1989: 72) skriv at etnisitet primært er eit tilskrivingsfenomen som refererer til objektive kjenneteikn ved personar, ting og hendingar. Likevel, skriv han, er det ikkje dei objektive kjenneteikna som er det vesentlege ved omgrepene, men den tydinga "vi", "dei", "vårt" og "deira" får, og den vurderinga av godt og dårlig som desse elementa blir utsette for. Etnisitet refererer til eit organisasjonsfenomen (tilhøyrslle, åtferd og oppleveling) der det som føregår på grensa *mellom* gruppene, blir framheva. Menneske treng å identifisere seg med etniske grupper på grunn av at desse gruppene representerer kjende mønster, vanar og symbol. Etniske grupper tilbyd menneske røter og ei historie dei kan dele med andre. Etniske grupper føreset kategoriseringar og/eller sjølvkategoriseringar, samtidig som desse kategoriseringane kan endre seg over tid (Allardt & Stark 1981:42).

Etnisk bevistgjering og organisering kan ein forstå som refleksjonsprega personleg og sosial forankring bygd på intensivert etnisk medvit blant medlemer av ei befolkningsgruppe (Hovland 1997:218f). Hovland hevdar dette er høgaktuelt når det gjeld samar. Tradisjonane og kvardagslivet til foreldregenerasjonen blir tema for refleksjon, og blir til slutt grunnlaget for handling. "Ofte har slik etnisk organisering sitt utgangspunkt i initiativ og tematisering av kulturelt sær preg hos et fåtall aktive personer. De er sosiale og kulturelle "entreprenører" [...]" . Entreprenør omgrepet kjem eg tilbake til i kapittel 5.

På same måte som språkskifte og språkbevaring er to sider av same sak, er etnisk bevisstgjering og kreolisering<sup>3</sup> det òg. Hovland (op.cit.:229) forklarer dette slik:

Etnisk bevisstgjøring/organisering handler om å bli seg bevisst sin etniske annerledeshet på en slik måte at denne tematiseres, anvendes og bevisst synliggjøres. I praksis kommer dette til uttrykk som grenser mellom folk. I noen tilfeller kan grupper oppstå som ikke fantes, i andre tilfeller utdypes allerede eksisterende fellesskap. "Vi" er ikke som "dem", "de" er ikke som "oss". Kreolisering derimot, handler om nedbygging av grenser, og om prosesser av kulturelt og sosialt samrøre. Et kreolsk samfunn er en stundom sprudlende blanding av likt og ulikt som samtidig gjennomgår kulturell tilpasning og forandring, og forskere snakker helst om integrering. Går de helt opp i vertsfolket eller majoriteten, er det tale om assimilering. I dagligtalen legges ofte assimileringbegrepet innhold i integreringsbegrepet.

På same måte som språkskifte og språkbevaring ikkje er gjensidig utelukkande, men gjerne til stades samstundes, er etnisk bevisstgjering og kreolisering òg det. Hovland seier (op.cit.:230) at det for samane sin del nettopp peiker i to retningar: Kulturell utjamning og sosialt fellesskap mellom samar og etniske nordmenn bidreg sterkt til at det samiske særpreget bleiknar. Det same gjer endringar i yrke og buform, teknologi og kommunikasjon. I motsett retning peiker ikkje dess mindre ei omfattande utbygging av sær-samiske institusjonar og ei revitalisering av det samiske språket. Utviklinga er dermed ikkje eintydig, og etnisk bevisstgjering og kreolisering går altså hand i hand.

Det er interessant å sjå på den analysen som *Arbeidsgruppen for sørsamisk utdanning* (1996:16) gjer av det sør-samiske samfunnet i samband med dette. Dei skriv at den sør-samiske folkesetnaden fram til 1960-talet i stor grad var homogen, både med tanke på kulturell bakgrunn, næringsmessig tilknyting og livskarriere. Dei fleste som framstod som samar, var på ein eller annan måte knytt til reindrifta. Etter denne tida har ein vore vitne til ei aukande heterogenisering i det sør-samiske samfunnet både med tanke på val av yrke, bustad og partnar. Dette blir i hovudsak vurdert som positivt på grunn av at det sør-samiske samfunnet på denne måten får utvikla den faglege, næringsmessige og kulturelle kompetansen. Parallelt med denne kompetanseutviklinga går det òg føre seg ei aukande samepolitisk bevisstgjering og det blir større opningar for at samar òg utanfor reindriftsmiljøa finn det legitimt å stå fram som samar med dei sosiale og kulturelle krava dette medfører.

### 3.4 TOSPRÅKLEGHEIT

*Tospråklegheit* er eit sentralt omgrep i denne avhandlinga. For minoritetsspråk kan tospråklegheit representera byrjinga på ein språkskifteprosess, samstundes som ein

<sup>3</sup> Her brukar med eit sosialantropologisk innhald, ikkje eit språkvitskapleg.

tospråklegheitsstrategi kan vera svært viktig og strengt nødvendig ved språkleg revisjon. *Tospråklegheit* blir definert på mange ulike måtar, og spennet i dei språklege krava som blir sett til det å kunne bli kalla tospråkleg er vidt: I den eine enden har vi teoretikarar som meiner ein er i ferd med å bli tospråkleg dersom ein *forstår* ytringar på eit anna språk i tillegg til morsmålet sitt (Diebold 1964, her etter Engen & Kulbrandstad 2003:23). I den andre enden av skalaen finst til dømes Bloomfield (1933:56, her etter Engen & Kulbrandstad 2003:23) som meiner ein skal ha "native-like control of two languages" for å bli kalla tospråkleg. Eg skal ikkje her gje noka oversikt over alle posisjonane mellom desse ytterpunktene, men definere dei aspekta ved tospråklegheit som er relevante i denne avhandlinga.

Når informantane i sitata eg brukar i avhandlinga snakkar om tospråklegheit og det å vera tospråkleg, har eg ikkje undersøkt nærmare kva dei legg i det å vera tospråkleg. Alle ser på seg sjølv som tospråklege i ein eller annan grad, trass i at språkkompetansen deira varierer ein del (jamfør delkapittel 5.2).

### **3.4.1 Balansert eller ikkje-balansert tospråklegheit**

Om ein er balansert eller ikkje-balansert tospråkleg, heng saman med kor godt ein beherskar det eine språket samanlikna med det andre, altså den *relative dugleiken* i dei to språka. *Balansert tospråklegheit* kan førekoma på ulike dugleksnivå, men det er vanleg å leggje eit høgt nivå til grunn når ein brukar dette omgrepet; normalt eit *aldersadekvat nivå*. Dette tyder at språkbrukaren kan bruke det gjeldande språket på alle område og til alle formål som er normalt på det aktuelle alderstrinnet. *Ikkje-balansert tospråklegheit* førekjem når ein språkbrukar beherskar det eine språket betre enn det andre (Engen & Kulbrandstad 2003:27f).

### **3.4.2 Funksjonell tospråklegheit**

*Funksjonell tospråklegheit* er eit sentralt omgrep fordi det ofte er denne formuleringa som står i opplæringsmåla for undervisning av samiske elevar i skulen. Også dette omgrepet er definert på fleire ulike måtar, og eg skal her gå gjennom dei viktigaste aspekta ved det. *Funksjonell tospråklegheit* inneber at ein kan bruke begge språka både skriftleg og munnleg og at ein brukar og utviklar begge språka over tid. Ifølgje Engen & Kulbrandstad (2003:46) er kjerna i omgrepet at dei to språka kvart for seg eller til saman har dei same funksjonane for den tospråklege som eitt språk har for den einspråklege. Dei to språka skal ha tre hovudfunksjonar: Den fungerer som kommunikasjon, det er reiskap for tenking og læring, og det gjev oppleving av tilhøyrslse og identitet. For at begge språka skal fungere tilfredsstillande på alle desse tre måtane, må språkbrukaren ha tilstrekkeleg kompetanse i språket.

Ein slik funksjonell tospråklegheit er eit sentralt mål for opplæringa i sørsamisk (*Arbeidsgruppen for sør-samisk utdanning* 1996:43). Eg går ut ifrå at det er noko i retning av innhaldet i dette omgrepet informantane meiner når dei til dømes nemner at dei ønskjer at ungane deira skal bli tospråklege.

## 3.5 KORLEIS ER STODA FOR SØRSAMISK I DAG?

For å kunne seie noko om den språklege revitaliseringss prosessen som går føre seg, er det nyttig å seie noko om stoda for sør-samisk språk i dag. Her har eg ikkje sjølv gjort undersøkingar, men eg viser til ulike utsegner om emnet, både frå folk med språkfagleg bakgrunn og andre fagfolk.

### 3.5.1 Korleis språk døyr

Studiet av språkdaude eller språkskifte har på eitt vis eksistert før sjølve sosiolingvistikken, og nokre av forløparane til det sosiolingvistiske fagfeltet har vore nettopp innanfor studiet av språkskifte og språkbevaring. Ein av klassikarane er *Norwegian Language in America. A Study in Bilingual behavior* skrive av norsk-amerikanaren Einar Haugen i 1953. Her skildrar han utviklinga av språket til dei norske nybyggjarane i USA, og trass i at det i utgangspunktet er ein studie i tospråklegheit, er det òg ein studie av eit språkskifte. Haugen laga ein modell som ofte er bruka til å framstille korleis eit språk diakront kan gå ut av bruk. Symbolet "A" står for det opprinnelige morsmålet til immigrantgruppa, i dette tilfellet norsk, og "B" for språket dei må til-eigne seg på den nye staden, her engelsk. Stor bokstav står for morsmålk kompetanse, og liten bokstav for ein meir avgrensa språkkompetanse.

- A: innfødde einspråklege<sup>4</sup>
- Ab: tospråklege som vaksne
- AB: tospråklege som ungar (lærte A først)
- aB: tospråklege som ungar (men som mista språkdugleiken i "A" grunna mangel på språkleg praksis)
- BA: tospråklege som ungar (lærte B først; heller sjeldne tilfelle)
- Ba: tospråklege som vaksne (lærte A som andrespråk)
- B: einspråklege i det nye språket

I utgangspunktet er ikkje modellen til Haugen (1953:37of) meint å skulle skildre språket diakront, men synkront. Før han presenterer modellen, skriv han dette: "We will

<sup>4</sup> Mi omsetjing gjennom heile modellen

*then be able to distinguish the following kinds of speakers in a typical immigrant community:*"

Meininga hans var altså i utgangspunktet å gje eit bilet av dei ulike typane språkbrukarar som finst samstundes i eit typisk immigrantsamfunn, og han viser at det kan finnast alt frå einspråkelege i minoritetsspråket, via tospråklege i ulik grad, til einspråklege i majoritetsspråket – innanfor den same språkgruppa til same tid. Trass i at Haugen sjølv brukte modellen synkront, har modellen like fullt vorte brukta til å skildre diakrone utviklingstendensar. Uansett om ein brukar modellen synkront eller diakront, vil den andre dimensjonen alltid ligge implisitt: Om ein brukar han diakront, seier det seg sjølv at ikkje alle brukarane av eit språk er på det same stadiet til ei kvar tid, men at dei er spreidde langs eit kontinuum, t.d. etter alder. Og motsett: Brukar ein modellen synkront, vil ein òg kunne lesa eit visst utviklingsstrekkt ut av han ved å sjå på spreiinga i alder på dei ulike stadia. Her er det òg på sin plass å poengtere at det ikkje nødvendigvis ligg nokon deterministisk utviklingsmekanisme bak modellen: Om eit språksamfunn er i ferd med å bli tospråkleg, tyder ikkje dette at det til slutt må bli einspråkleg i det "nye" språket. Som Svønni (1998:21) skriv: "In a situation where speakers of two different languages come in contact, theoretically, there are at least two outcomes: 1) the speakers continue to speak their respective languages, or 2) one group gives up its language". Det finst mange døme på samfunn der så å seie alle språkbrukarane er både to- og fleirspråklege, utan at det er nokon som tyder på at nokon av språka er i ferd med å forsvinne.

I tillegg illustrerer denne modellen eit anna poeng: Samstundes som det nett er ein tospråkleg situasjon som opnar for ein språkdaudeprosess i det heile, er òg tospråklegheit ei mogleg "redning" for det opprinnelege morsmålet, om den aktuelle etniske gruppa skal halde fram med å ha kontakt med majoritetssamfunnet. Men det må altså vera ein situasjon med ein meir varig tospråklegheit, *additiv tospråklegheit*, enn den mellombelse eller *subtraktive* som etter kvart går over i einspråklegheit på kostnad av minoritetsspråket. Denne haldninga skal vi seinare sjå er strategien til dei sør-samiske revitaliserarane: Dei prøver både å bli tospråklege sjølve, og å lære ungane sine nok til at dei veks opp som tospråklege.

Mæhlum (2006:8f, kapittel 7) appliserer denne språkskiftmodellen på det sør-samiske språksamfunnet i Noreg i dag. Ho byrjar med at det i dag ikkje finst nokon att som representerer første fase: innfødde einspråklege. Truleg er det fleire generasjoner sidan det fanst personar som gjennom heile livet *berre* beherska sør-samisk. Det er òg lite truleg at det finst personar i dag som representerer fase to: personar som har lært seg norsk først i voksen alder. Derimot er det mange eldre i dag som lærte sør-samisk først, men som vart tospråklege i løpet av barndomen i og med at dei lærte norsk på

skulen, og som dermed representerer den tredje fasen i modellen: AB. Mæhlum konkluderer med at det som pregar språksituasjonen i dag, er varierande kombinasjonar av dei tre nedste fasane i modellen: BA, Ba og B. Dermed er altså ikkje det sørsamiske språket daudt, men det er definitivt truga. For å illustrere situasjonen blir tilstanden til sørsamisk språk skildra ved hjelp av ein metafor (ibid.):

[D]en sørsamiske språksituasjonen kan sammenliknes med en *vev*, der selve vevnaden fortsatt er i produksjonsfasen. Renninga, det vil si den bærende strukturen i stoffet, er fremdeles intakt, men på flere plasser mangler innslaget, noe som gjør at det er oppstått mange tomme felter i det store tøystykket. Men vevnaden henger altså fortsatt sammen.

### 3.5.2 Måling av kor truga språk er

For å kunne seie noko om kor truga eit språk er, må ein ha eit sett med kriterium å gå etter. Det er laga mange ulike typologiar som prøver å seie noko om i kor stor grad eit språk er truga og treng støtte. Desse er utforma ulikt etter kva målet med dei er: Nokre er laga for å kunne få oversyn over stoda til eit stort tal språk, og då er det berre teke med eit lite tal kriterium. Andre er laga med omsyn på å få fram fleire nyansar ved nokre få språk, og dermed er det teke omsyn til fleire kriterium. Likevel er det vanskeleg å skulle samanlikne stoda for språk i slike typologiar. Tilhøva for språka i verda er så ulik at ein alltid vil miste viktige nyansar ved å plassere dei på nivå i ein modell som måler graden av kor truga dei er.

David Crystal (2002:19ff) presenterer i boka *Language Death* ulike modellar som alle meir eller mindre baserer seg på talet på språkbrukarar og på overflatiske analysar av språkdomena. Ein av desse modellane er etablert av Stephen Wurm (1998:192, her etter op.cit.:21) og fokuserer berre på truga språk. Modellen har fem nivå: *potentially endangered*, *endangered*, *seriously endangered*, *moribund* og *extinct* (potensielt truga, truga, alvorleg truga, døyande og utdøydd). Wurm legg vekt på alderen på talarane, og dermed på talet av ungar som lærer språket som førstespråk. Kriteriet for å vera potensielt truga er at språket er sosialt og økonomisk svakarestilt; at det er under sterkt press frå eit større språk og at ungar normalt byrjar å snakke dette andre språket. Dermed dekkjer denne modellen berre språk som alt blir sette på som truga. Wurm fokuserer ikkje på talet på språkbrukarar i seg sjølv, og nemner ikkje tal i det heile på dei tre første stadia.

For å vera døyande, er kriteriet at språket berre har ei handfull av "gode" talarar att, og at desse for det meste er eldre. Kva som er "gode" talarar av eit språk, er sjølvsagt eit vanskeleg kriterium som vi ikkje skal drøfte nærmare her. For sørsamisk sin del, er situasjonen betre enn at han kan karakteriserast som døyande og sørsamisk hamnar

truleg ein stad mellom truga og alvorleg truga, eller *endangered* og *seriously endangered*. Alvorleg truga språk er i denne modellen språk der dei yngste "gode" talarane er 50 år eller eldre. Truga språk har få eller ingen ungar som lærer språket, og dei yngste "gode" talarane er unge vaksne. Det er ungar som lærer sørsamisk som morsmål, men talet er truleg svært lågt. Det finst også unge vaksne som snakkar språket flytande og som har lært det fra barndommen, men her er også talet truleg lågt. Eg kjem tilbake til drøftingar av tal i delkapittel 4.3.1.

UNESCO har laga såkalla raudelister der verdas språk blir kategoriserte etter kor trygge eller truga dei er. Salminen har utarbeidd den europeiske delen<sup>5</sup>. Kategoriane strekkjer seg over heile skalaen: frå alt utdøydde språk til "sikre" språk som ikkje er truga i det heile. Ut frå dette deler han 94 europeiske språk inn i 6 kategoriar. Det er med andre ord ei ganske grov inndeling. Det som er nøkkelkriteriet for kategoriseringa, er overleveringa av språket til neste generasjon. Den primære dimensjonen er talet på ungar som lærer språket, og sekundært er det det totale talet på morsmålstalarar. Tertiært er det teke omsyn til kva offisiell status språka har. For å ha eit så stort oversyn som mogleg, er altså faktorane reduserte til eit minimum. Dermed seier det seg sjølv at denne kategoriseringa ikkje eignar seg til å gå i djupna ved kvart einskild språk, men at ho gjev eit godt oversyn over språksituasjonen i Europa. Dei seks kategoriane er:

- (i) extinct languages (other than ancient ones)
- (ii) nearly extinct languages (with maximally tens of speakers, all elderly)
- (iii) seriously endangered languages (with a more substantial number of speakers but practically without children among them)
- (iv) endangered languages (with some children speakers at least in part of their range but decreasingly so)
- (v) potentially endangered languages (with a large number of children speakers but without an official or prestigious status)
- (vi) not endangered languages (with safe transmission of language to new generations)

Salminen har plassert heile 11 samiske språk<sup>6</sup> på denne skalaen. Kemisamisk er den einaste samiske dialekten som heilt sikkert er utdøydd. Den døydde ut alt på 1800-talet, og vart tala i Finland. På det neste steget, *nesten utdøydde språk*, er det heile fire samiske dialektar: umesamisk, pitesamisk, akkalasamisk og tersamisk. Desse har maksimum

5 Lista ligg tilgjengeleg på internett: [http://www.helsinki.fi/~tasalmin/europe\\_index.html](http://www.helsinki.fi/~tasalmin/europe_index.html)

6 Oversynskart over desse kjem i kapittel 4.

ti talarar att. På steg tre, *alvorleg truga språk*, er sørsamisk plassert. Samanlikna med det førre steget har språka på dette steget betydeleg fleire talarar, men det er i praksis ikkje ungar mellom desse talarane. I og med at vi veit at det finst ungar som lærer sørsamisk som morsmål i dag, er denne klassifiseringa kanskje noko "streng". Saman med sørsamisk på dette steget finn vi fire andre samiske dialektar òg: lulesamisk, enaresamisk, skoltesamisk og kildinsamisk. Nordsamisk er plassert på steget for truga språk, og er den samiske dialekten som blir antatt å stå sterkest.

I 2003 supplerte UNESCO raudelistene sine med ei liste over faktorar der dei samstundes opererer med ein poengskala frå 0 til 5 for kvar av faktorane. 5 er best, 0 er dårligast. Todal (2005:71f) har bruka denne lista til å vurdere den sørsamiske stoda.

FAKTOR	TILSTAND	POENG
Talargruppe	Sørsamisk er mest brukt av besteforeldregen erasjonen og opp.	2
Del av folkegruppa	Ein minoritet av sørSAMANE snakkar sørSAMISK	2
Domene og funksjonar	SørSAMISK er brukt på svært få og avgrensa domene og funksjonar.	1
Nye domene og media	Språket er brukt på nokre nye domene.	2
Tilgjenge til skriftleg materiale	Det finst skriftleg materiale som born kan bruke og lære seg å lesa og skrive språket.	4
Offentleg haldning	Den offisielle norske holdninga er at dei samiske språka skal utviklast.	5
Haldning i folkegruppa	SørSAMANE sjølve er svært positive til å fremja språket.	5
Dokumentasjon	Det finst grammatikk og ordbok og tekstar, men ikkje daglege media.	3

Av lista ser vi at sørSAMISK får dårlig utteljing på det viktigaste punktet, som handlar om bruken mellom unge språkbrukarar. Det er altså ei svært haltande uformell overføring av språket mellom generasjonane i familiane. Faktoren "offentleg haldning" får fem poeng på grunn av den uttala norske politikken, og ikkje på grunn av faktisk iverksette tiltak. Som vi ser, gjev ikkje Todal sørSAMISK null poeng på nokon av faktorane. Dermed finst det eit bra grunnlag for å arbeide for revitalisering av sørSAMISK. Denne revitaliseringa må derimot skje i nære samarbeid mellom barnehage, skule og heim fordi det i dag er for få heimar som kan ta i bruk sørSAMISK på alle område utan

støtte utanfrå. Det er nettopp eit slik samarbeid som er sett i gang i eit revitaliseringprosjekt i Elgå<sup>7</sup>. Dersom mange gjer slik dei har gjort i Elgå, skriv Todal (*ibid.*), har sørsamisk gode sjansar til å vera eit levande språk også for neste generasjon. Eg kjem grundigare inn på desse faktorane, i tillegg til andre, i makronanalysen i kapittel 4, og kommenterer dei ikkje ytterlegare her.

Fishman (1997:87ff) har òg laga ein typologi der ein kan plassere språk på ein skala etter kor truga dei er, men her har arbeidet starta i den andre enden: Målet med denne skalaen er ikkje å kategorisere eit stort tal språk for å få oversyn. Skalaen er snarare ein sosiolingvistisk ekvivalent til Richter-skalaen, og Fishman omtalar han som GIDS, *Graded Intergenerational Disruption Scale*, altså ein gradert skala for avbrote språkleg tradering mellom generasjonar. Skalaen har åtte trinn, der høge tal står for høgare grad av avbryting i språktraderinga; altså motsett talverdi av UNESCO-skalaen. Gjennom heile modellen (og resten av boka) brukar Fishman Xish som eit konstruert minoritetsspråk, altså X-isk. Y-isk er majoritetsspråket. Eg presenterer her kvart steg i skalaen med overskriftene frå Fishman 1997. For ei meir detaljrik skildring av kvart steg, sjå Fishman 1997:88ff.

Stage 8 on the GIDS [...]: most vestigial users of Xish are socially isolated old folks and Xish needs to be re-assembled from their mouths and memories and taught to demographically unconcentrated adults.

Stage 7 on the GIDS: most users of Xish are a socially integrated and ethnolinguistically active population but they are beyond child-bearing age.

Stage 6 on the GIDS: the attainment of intergenerational informal oralcy and its demographic concentration and institutional reinforcement.

Stage 5 on the GIDS: Xish literacy in home, school and community, but without taking on extra-communal reinforcement of such literacy.

Stage 4 on the GIDS: Xish in lower education [...] that meets the requirements of compulsory education laws.

Stage 3 on the GIDS: use of Xish in the lower work sphere (outside of the Xish neighbourhood/community) involving interaction between Xmen and Ymen.

Stage 2 on the GIDS: Xish in lower governmental services and mass media but not in the higher spheres of either.

Stage 1 on the GIDS: some use of Xish in higher level education, occupational, governmental and media efforts (but without the additional safety provided by political independence).

<sup>7</sup> Dette prosjektet er nærmere presentert under delkapittel 4.4.2.

Den overordna synsvinkelen i denne typologien er ikkje kor därleg det står til med eit språk, men kva som kan gjerast for språket. Ein må altså sjå på skalaen med revitaliseringsbriller på. Todal (1999:133f) brukar denne skalaen til å plassere dei vitale samiske språka i Noreg i dag: sørsamisk, lulesamisk og nordsamisk:

<i>Stage</i>	<i>8</i>	<i>7</i>	<i>6</i>	<i>5</i>	<i>4</i>	<i>3</i>	<i>2</i>	<i>1</i>
Southern Sámi	+	+	(+)	o	+	o	(+)	o
Lule Sámi	+	+	+	+	+	o	(+)	o
Northern Sámi	+	+	+	+	+	+	+	+

Plussteiknet tyder at steget anten er oppnådd eller at det ikkje er av noko interesse fordi språksituasjonen er betre enn det som skildrast. Null står for at språksituasjonen på dette feltet er mangelfull. På det øvste nivået, altså nivå 1, er det berre nordsamisk som får utteljing. Det er fordi nordsamisk er i bruk i høgare utdanning, det finst jobbar med nordsamisk som arbeidsspråk og språket er i bruk i statlege tenester og i media. På nivå 2 handlar det om meir lokale massemedia og statlege tenester. Her er plussteiknet i parentes både for sørsamisk og lulesamisk, og dette er fordi det er radiosendingar på begge språka: 30 minutt i veka. Det er ikkje mykje, men det er litt. I tillegg har samisk barne-TV sendingar på både lule- og sørsamisk, men det er ikkje mange minutter i året. For å få utteljing på det tredje nivået må språket vera i bruk i lågare arbeidssfære utanfor minoritetsnabolaga. Dette er det berre nordsamisk som er. Det er utdanning i alle samiske språka på lågare utdanning, og alle får difor utteljing på nivå 4. På nivå 5 er det berre sørsamisk som ikkje får utteljing. Dette er på grunn av at det har vore opplæring i sørsamisk så kort tid at dei generasjonane som beherskar sørsamisk best munnleg ikkje beherskar det skriftleg. På nivå 6 er plussteiknet til sørsamisk i parentes fordi det er så få foreldre som no kan nok sørsamisk til å lære ungane sine det. Dette er det viktigaste nivået, og det handlar altså om traderinga av språket internt i familien. Her ligg sørsamisk därlegare an enn lule- og nordsamisk.

Det er altså sørsamisk som er det samiske språket som står svakast i Noreg i dag. Det har mange felles trekk med lulesamisk, men fordi det er registrert ei merkbar auke i talet på unge familiar som har lulesamisk som heimespråk dei siste åra, ser utsiktene her ut til å vera noko lysare enn for sørsamisk. Noko kan ha skjedd på denne fronten i det sørsamiske området etter at Todal laga dette oversynet i 1999, men det er i så fall enno udokumentert. Han skriv at det som skjer på dette området i nær framtid, vil vera det mest avgjerande for framtida til sørsamisk som levande språk.

Dei språklege vala til den generasjonen som dei unge revitalisrarane eg har intervjuat, tilhøyrer, kan med andre ord vise seg å bli dei viktigaste språkvala i dette språksam-

funnet på lenge. Todal (op.cit.:135) konkluderer med at hovudutfordringa for dei som vil revitalisere sørsamisk, er å finne naturlege forum og uformelle situasjonar der ungar kan bruke språket. Ein sørsamisk barnehage kan vera ein slik arena, av di denne delvis kan kompensere for mangelen på bruk av sørsamisk heime. Ein slik barnehage vart starta i 2002, og ein av dei unge revitaliserarane som eg har intervjuat, har ungar her. Denne kjem eg tilbake til både i makro- og mikroanalysen.

Todal (1998) har undersøkt bruken av sørsamisk i heimen til dei som hadde opplæring i sørsamisk som andrespråk i 4.-9. klasse skuleåret 1996/97. Det var 50 elevar til saman i denne gruppa, og 12 prosent av desse kom frå ein heim der dei snakka sørsamisk regelmessig. Det vil altså seie 6 eller 7 elevar av ein populasjon på 50. Resten snakka sørsamisk med foreldra sine somme gonger eller aldri. Av spørjeskjemaet som foreldra til ungane kryssa av på, kjem det fram at meir enn 50 prosent av foreldra kan snakke sørsamisk "svært godt" eller "ganske godt". Likevel brukar altså berre 12 prosent sørsamisk når dei snakkar med ungane. Både i spørjeskjemaet og i dei individuelle intervjuata Todal gjennomførte i denne studien, kjem det fram at sørsamisk blir heller lite brukta i heimane, sjølv om språket blir sett på som viktig å føre vidare, og sjølv om det også blir rapportert om gode språkkunnskapar hos foreldra. Dette kan kanskje tyde på at det er eit "ubrukt potensiale" i det sørsamiske samfunnet, som bør kunne utnyttast og hentast fram i ein revitaliseringssprosess.

### 3.5.3 Generelle vurderingar

Plassering av språk i modellar kan altså seie noko om *hovudtendensane* i eit språksamfunn, men i tillegg til desse kan det vera nyttig å sjå også på andre generelle vurderingar.

*Arbeidsgruppen for sørsamisk utdanning* (1996:17) skreiv dette om stoda for sørsamisk språk for ti år sidan:

Selv om sørsamisk blir brukt både som kommunikasjonsmiddel og kulturell identitetsfaktor, har den spredte bosettingen med små språkmiljøer medført vansker med å opprettholde språket som et levende og aktivt kommunikasjonsmiddel i alle livets sammenhenger. Tendensen har vært at bruken av sørsamisk mer og mer blir begrenset til spesielle aktiviteter.

Sørsamane har alltid hatt ein spreidd busetnad, og dette temaet vender tilbake under delkapittel 4.3.2. Elles skriv dei at det ser ut til å vera slik at den eldre generasjonen beherskar munnleg sørsamisk betre enn dei yngre, medan det, som alt nemnt, er motsett når det gjeld skrive- og lesedugleik. Dei skriv òg at det truleg blir færre og færre som beherskar sørsamisk munnleg. Det at dei yngre har betre skrive- og lesedugleik enn dei eldre, tyder på at skulen i stor grad har teke over for heimane som formidlar

av sørsamisk språk, og ein kan berre spekulere i korleis stoda hadde vore *utan* opplæring i samisk i skulen dei siste tiåra.

Jernsletten (2000:55) skildrar i *Dovletje jirreden. kontekstuell verdiformidling i et sørsamisk miljø* slekts- eller *laahkoe*-terminologien, som er ein av dei "spesielle aktivitetene" som sørsamisk altså ser ut til å bli meir og meir avgrensa til. Sørsamane snakkar det sørsamiske språket i situasjonar der det kjennest "naturleg". Desse situasjonane er ofte i samband med reindrifta, der språket enno er brukta som daglegtale, eller i visse slektssamanhangar. Reindrift som tradisjonell primærnæring har hatt ei viktig rolle for bevaringa av eit særegne språkleg og kulturelt fellesskap (Jernsletten 1993, her etter Jernsletten 2000:55). Den tradisjonelle reindrifta har gjeve ungane eit oppvekstmiljø der dei har vorte integrerte i språket og kulturen gjennom å delta i aktivitetane, og dermed har sambandet mellom arbeidsspråket og heimespråket vorte halde i hevd. Rolla reindrifta har hatt som språk- og kulturkonserverator kjem eg tilbake til i delkapittel 4.2.1.

Det ser altså ut til at dei som forsøker å seie noko om stoda for sørsamisk er ganske samstemte, sjølv om dei brukar ulike reiskap for å seie noko om det. Denne usystematiske gjennomgangen viser at sørsamisk er eit truga eller alvorleg truga språk som i grove trekk blir brukta i få og spesielle situasjonar, gjerne knytte til heimen eller til reindrifta. Det er ikkje gjort omfattande målingar av språkdugleiken på ulike alderstrinn, men det som er gjort viser at dei yngre i all hovudsak beherskar språket i mindre grad enn eldre. Talet på vaksne i dag som har vakse opp som tospråklege er truleg svært lågt, og spørsmålet blir kor stort neste kull av tospråklege blir, og om dei som fungerer som revitaliseraar i det sørsamiske samfunnet maktar å få med seg mange nok på å snu den negative trenden.



## 4 MAKROANALYSE

Hovudfokuset i denne avhandlinga er på revitaliseringsprosessen på mikronivå, men dette nivået let seg best forstå ved først å få eit overblikk over heile det sørsamiske språksamfunnet – altså på makronivå. Vi har alt i førre kapittel vore inne på stoda for sørsamisk, og slått fast at det er eit svært truga språk, i tillegg til at vi har sett litt på i kva situasjonar språket blir brukta. Det er derimot ikkje nok berre å slå fast i kor stor grad eit språk er truga. Det er òg viktig å finne ut noko om på kva *måtar* språket er truga; kva i språksamfunnet fungerer som hinder for revitaliseringa, og kva fungerer positivt på ein revitaliseringsprosess?


Dette kapittelet har altså to funksjonar. For det første gjev det eit meir heilskapleg perspektiv på det sørsamiske samfunnet som det er nyttig å ha som bakteppe for mikroanalysen i neste kapittel. Det gjev på denne måten ein klangbotn til fleire av utsegnene til informantane, og skaper ei forståing av det språksamfunnet dei refererer til. For det andre gjev det eit innblikk i kva som kjenneteiknar revitaliseringsprosessen på makronivå, og i samfunnstilhøve som verkar for og imot auka bruk av sørsamisk.

Det finst fleire modellar å velje mellom når ein skal få eit oversyn over faktorar i eit språksamfunn som påverkar språkbruken. Hyltenstam & Stroud (1991) har utarbeidd ein omfattande taksonomi av faktorar på tre nivå: samfunnsnivå, gruppenivå og individnivå, som dei har brukta til å vurdere stillinga til samisk språk i Sverige. Ein annan modell er *den etnolinguistiske vitalitetsmodellen* etablert av Giles, Bourhis & Taylor (1977). Denne modellen strukturerer faktorane etter heilt andre prinsipp enn Hyltenstam & Stroud, og deler faktorane inn i tre grupper etter kva type faktorar det er, og ikkje etter kva nivå dei er verksame på. I denne avhandlinga er det ikkje viktig kva nivå dei ulike faktorane er på, men korleis dei verkar. Det er den individuelle språkbrukaren som til sjuande og sist tek språkvalet i dei ulike språksituasjonane, og eg har i dette arbeidet ei vektlegging av det individuelle nivået. I lys av dette er det den etnolinguistiske vitalitetsmodellen som passar best inn, og det er den eg har valt å bruke i det følgjande.

Hadde eg skulle bruka eigen empiri til å drøfte alle faktorane i denne modellen,

ville dét vore ei eiga masteravhandling i seg sjølv. Derfor støttar eg meg her til andre kjelder om det sørsamiske samfunnet, samstundes som eg til ein viss grad tek i bruk eigen empiri. Trass i at informantane mine ikkje er plukka ut for å vera direkte representative for unge sørssamar som populasjon, kan utsegnene deira vera interessante å drøfte opp mot fleire av faktorane i modellen. Eg kjem ikkje like mykje inn på alle faktorane. Modellen er laga for minoritetsspråk generelt, og alle faktorane spelar ikkje like store roller i alle minoritetssamfunn. Det er dessutan berre dei færraste faktorane det finst oppdaterte undersøkingar om når det gjeld sørssamisk, og dette set av og til avgrensingar for drøftinga av visse punkt i modellen.

#### 4.1 ETNOLINGVISTISK VITALITETS MODELL



Modell 4.1: Etnolinguistisk vitalitetsmodell (Giles, Bourhis & Taylor 1977:309)

Relasjonar mellom etnolinguistiske grupper oppstår ikkje i eit vakuum, og dei er influerte av ulike situasjonsavhengige og strukturelle variablar som ofte dikterer det sosiopsykologiske klimaet for slike relasjonar (Giles, Bourhis & Taylor 1977:308). Denne modellen er med andre ord ein freistnad på å systematisere dei viktigaste strukturelle faktorane som legg grunnlaget for relasjonen mellom ein minoritet og ein majoritet. Desse strukturelle faktorane er visse politiske, historiske, økonomiske og språklege realitetar.

*Etnolingvistisk vitalitet* er eit omgrep som er bruka for å seie noko om drivkrafta i eit minoritetsfolk til å halde på språket sitt og kulturen sin. "The vitality of an ethnolinguistic group is that which makes a group likely to behave as a distinctive and active collective entity in intergroup situations" (ibid.). Mæhlum (1994:174) seier det slik:

Denne vitaliteten er en psykologisk dimensjon som aktualiserer seg på den måten at den skaper konformitet innad i den aktuelle språklige grupperingen. Tilhørigheten i det sosiale fellesskapet fører med andre ord til en form for kollektiv atferd. [...] [E]n høy grad av etnolingvistisk vitalitet blir betraktet som en sentral drivkraft i en lingvistisk grupperings overlevelsesevne.

Med andre ord seier den etnolingvistiske vitaliteten noko om tendensen i eit folk til framleis å sjå på seg sjølve som eit eige folk med ein eigen kultur og eit eige språk: Dess meir vitalitet ei etnolingvistisk gruppe har, dess meir sannsynleg er det at gruppa overlever og utviklar seg som ei kollektiv eining. Modellen er delt inn i tre hovudkategoriar som dei ulike faktorane er klassifiserte under: *status*, *demografi* og *institusjonell støtte*. Det er desse hovudfaktorane forfattarane av modellen meiner er dei mest sannsynlege til å verke inn på vitaliteten til ulike etnolingvistiske grupper.

## 4.2 STATUS

Variablane under statuskategorien er dei som har med prestisje å gjera. Har ei etnisk gruppe høg prestisje, er det sannsynleg at den etnolingvistiske vitaliteten i gruppa er høg. Her er faktorane økonomisk status, sosial status, sosiohistorisk status og språkleg status teke med. Fram til då fornorskingspolitikken vart avskaffa, var dei fleste statustilhøva for sørsamisk svært därlege. Dei siste tiåra har det derimot skjedd mykje på dette området, og dette var tema i fleire av intervjua i det innsamla materialet. Ein av dei eldre bakgrunnsinformantane meinte det var stor skilnad mellom no og berre for ti år sida.

### Kva meiner du er grunnen til at det har snudd litt i det siste?

Tja, det er vel kanskje det at samane har fått status, og blir behandla på like fot med nordmenn.

### Og det blir dei?

Ja, det trur eg vi kan seie, ja. Vi har jo fått Sameloven og språkloven [...] og desse står ganske sterkt. [...] Så dette er ein av grunnane til at vi vil at språket skal revitaliserast.

Denne informanten set altså det at samane har fått høgare status i samanheng med den nye positive trenden med språkleg revitalisering, og dette viser kor viktig dette med status er for minoritetar.

#### **4.2.1 Økonomisk status**

Denne faktoren refererer til i kor stor grad minoritetsgruppa har kontroll over si eiga økonomiske framtid. I Noreg har reindrifta ei historie som ei eksklusiv samisk næring. Innanfor dei områda som er regulerte som samiske reindriftsområde, er det berre samar som har lov til å drive med reindrift. Andre kan drive reindrift i andre, ikkje-samiske område, men innanfor visse område er altså reindrifta ekslusivt samisk. Reindriftsnæringa har vore svært viktig for det samiske samfunnet i alle samiske område, men sør-samisk område skil seg ut på grunn av graden av tilhørsle til denne næringa. Som vi såg i delkapittel 3.3.3, var fram til 1960-talet så å seie alle sør-samar på eitt eller anna vis knytte til reindrifta. I dei andre samiske samfunna har det i større grad vore innslag av alternative næringar som fiske og jordbruk. Todal (1999:130) kommenterer også dette, og seier at sør-samane er mykje meir knytte til reindrift enn t.d. lulesamane: "While the Lule Sámi have long supported themselves through agriculture and fishing, the Southern Sámi identity is tied to reindeer herding." Jernsletten (1993:115) skriv at reindrift ikkje berre er ein jobb, men at det er eit sentralt aspekt ved samisk samfunn og kultur, og at det er mellom reindriftssamane det sør-samiske språket står sterkest. Slik sett representerer reindrifta ein separat kultur og ein eigen livsstil. Men sjølv om reindrifta er beskytta, er ho òg regulert, og ho eksisterer i eit samspel med majoritetssamfunnet rundt, noko som potensielt kan føre med seg hindringar i form av til dømes marknadstilgang og avgrensing av beiteområde. Likevel er det faktum at dette er ei eksklusiv næring, og det at så store delar av det sør-samiske samfunnet er knytt til nettopp denne næringa, noko som gjer at sør-samane i stor grad må kunne seiast å ha innflyting og kontroll over den økonomiske situasjonen sin. Dette har truleg hatt svært stor verdi det hundreåret fornorskinga stod på som verst, og kan kanskje tenkjast å ha vore skilnaden mellom "liv og daude", om ikkje for sør-samane som etnisk gruppe, så for sør-samisk språk.

Reindrifta er ei svært tradisjonell næring, og når det gjeld reindrifta i møte med eit "moderne" norsk samfunn, kan ho ikkje seiast å vera knytt til særleg høg status. Dette leier oss over på neste faktor, som er sosial status.

#### **4.2.2 Sosial status**

Den sosiale statusen heng nære saman med den økonomiske statusen, men det er her fokus på det biletet minoritetsgruppa har av seg sjølve. Ofte er sjølvbiletet ei spegling av det biletet majoriteten har av den aktuelle minoriteten. Som vi i neste kapittel skal sjå opptil fleire døme på, er det få ting som tyder på at revitaliserarane har noko negativt bilet av seg sjølve som samar. Desse individua er derimot ikkje representative for heile den sør-samiske folkesetnaden, og det er vanskeleg å skulle seie

noko om det generelle sjølvbiletet mellom samane. Likevel er det mykje som tyder på at det på dette punktet er store skilje mellom dei generasjonane som har opplevd fornorskingspolitikken, og dei som ikkje har det. Fleire av informantane kommenterer dette, og ein av bakgrunnsinformantane refererer til at det i dag har vorte "populært" å vera same. Dette tyder på at den sosiale statusen til samane er ein annan i dag enn for nokre tiår tilbake:

Men no har det jo vorte meir populært å vera i ei minoritetsgruppe. For det merkar eg jo [...]: Om dei som skjemte oss ut då, prøver på det i dag, skjemmer dei jo berre ut seg sjølv. [...] Så det har vorte litt fancy det, å seie at dei hører til urbefolkinga.

Slik sett lever svært ulike sjølvbilete i den samiske folkesetnaden side om side, men tendensen er at det positive sjølvbiletet er i ferd med å ta over for det negative.

#### 4.2.3 Sosiohistorisk status

Det er ingen tvil om at generasjonsskilnaden når det gjeld sjølvbilete heng saman med skiftet i det som har vore *majoritet* sitt syn på samane. I dag er rommet for diskriminering av samar innskrenka til det minimale, medan det tidlegare var offentleg politikk. Denne variabelen er veldig viktig, og for sørsamane har den sosiale statusen historisk vore svært negativ for den etnolingvistiske vitaliteten. Eg skal ikkje her ha nokon grundig historisk gjennomgang, men nøye meg med å trekke opp hovudlinene i det som har ført til at sørsamisk språk i dag står så svakt som det gjer<sup>1</sup>.

Norsk assimileringspolitikk andsynes samane kan seiast å ha hatt to hovudperiodar: misjonsperioden og fornorskingsperioden. I misjonsperioden, frå tidleg 1700-tal til sein 1700-tal, gjennomførte Misjonskollegiet misjon mellom samane, og omvende dei til kristendommen. Misjonssenteret var i Trondheim, og kjeldene viser at det var stor aktivitet i dei sørsamiske områda, trass i at hovuddelen av aktiviteten føregjekk i dei nordsamiske områda. I byrjinga av perioden lærte misjonærane samisk før dei vart sende ut i felten, men etter at Thomas von Westen (1682–1727) døydde, vart det slutt på det, og alle misjonærane brukte norsk språk i misjonsgjerninga. Slik vart misjonærane ikkje berre spreiarar av kristendomen, men òg av norsk språk i dei samiske områda.

Fornorskingsperioden er vanlegvis forstått som perioden mellom opprettinga av *Finnfondet* i 1851 og *Alta-saka* i 1979–81. Finnfondet var ein budsjettpost på statsbudsjettet

<sup>1</sup> For grundigare gjennomgang av den same faktoren, sjå Mæhlum 2006, og vidare om (sør)samisk historie generelt, mellom andre Bull m.fl. 2005, Devik 1980, Eriksen & Niemi 1981, Hansen & Olsen 2004, Hætta 2002, Løøv 1989, Minde 2002, Niemi 1997, Salvesen 2003 og Solbakk 2004.

som Stortinget oppretta for å setje i verk eit språk- og kulturskifte mellom samane. Denne fornorskingspolitikken hadde gjennom heile perioden ei forankring i kultursektoren, "med skolen som den viktigste slagmark og med lærerne som de fremste frontsoldater" (Niemi 1997:268). Sosialdarwinismen og rasetenkinga var samtidige ideologiar som legitimerte fornorskingspolitikken, og samane vart plasserte nedst på ulike kultur- og utviklingshierarki. Eit godt døme på dette er artikkelen om samar i *Aschehougs konversationsleksikon* frå 1921 (her etter Hætta 2002:128):

Finner (samer) hører til de mindste menneskeracer, middelhøyden er kun 1,6 m, de er avgjort kortskaller, dvs. skallens bredde er stor i forhold til længden; ansigtet er bredt med utstående kindben, tænderne i regel gode, næsen flat, paa en bred basis, munnen er meget stor, øinene har de blonde racers farve, blaa og graa, hudfarven lysebrun og betegnes ofte som brunere end den i virkeligheden er, maaske paa grund av den sparsomme brug av vand som finnerne gjør. De er i regelen surøide, og øinene ligger dypt som i en grube; de har sparsomt med skjeg, langt hår, som sjeldan eller aldri er krøllet; de hører til den mongolske race.

Dei vart altså sett på som eit folk på eit lågt utviklingsstadium, og nokre gonger samanlikna med ungar:

Lappefolket er et barnefolk i mer end en henseende. De står som folk på barnets umiddelbare, naive, uudviklede standpunkt, og det er fornorskningens formål som folk at bringe dem fram til mands modenhet – om dette da er muligt. Dette er et stort og varigt mål å arbeide for (Eriksen & Niemi 1981:57).

Samane kunne altså reddast frå lagnaden sin ved å assimilerast inn i det norske – om dette i det heile var mogleg. Den statlege innsatsen for å få samane til å bytte språk, kultur og nasjonal identitet har vore omfangsrik, langvarig og målbevisst, og har hatt store negative konsekvensar for det samiske folket, både språkleg og kulturelt. Foreldre har medvite ikkje lært ungane sine det samiske språket, slik at dei skulle sleppe å oppleve den same stigmatiseringa dei sjølve hadde opplevd. Dei sosiohistoriske tilhøva for sørsamane har altså vore svært negative, og den historiske perioden der fornorskingspolitikken er lagt om til ein aktiv samevennleg politikk, er enno kort: knappe 25 år.

#### 4.2.4 Språkleg status

Denne faktoren handlar både om språkleg status innetter i inngruppa, og utetter i utgruppa. I dag er det ingen tvil om at den språklege statusen til sørsamisk er høgare enn på lenge. Medan det tidlegare var tabu å bruke språket dersom etniske nordmenn var til stades, ser det no ut til at dette tabuet står for fall (jamfør delkapittel 5.4). Det å kunne språket er innetter sterkt knytt til det å vera ein "fullverdig" same, og, som vi kjem tilbake til i mikroanalysen, kan det kjennest problematisk ikkje å beherske språket fullt ut. Det har dei siste åra vore utstrekkt kursverksemrd for vaksne som vil

lære språket betre, og det ser ut til å vera stor interesse for dette. Men om dette fører til at fleire faktisk tek det i bruk som heimespråk, er uvisst.

Når det gjeld standardisering, har sør-samisk ei svært kort historie som skriftspråk. Det finst sør-samiske skriftlege kjelder frå 1600- og 1700-talet, men desse var stort sett omsetjingar av bibelske tekstar, ofte til ei blanding av fleire samiske dialektar. Seinare har det eksistert sør-samiske skriftnormalar laga av språkforskarar, men skriftspråket fekk den forma det har i dag, først på 1960-talet, utarbeidd av Knut Bergsland og Ella Holm Bull. Denne normalen vart offentleg godkjent for bruk i skulen i 1978, og bygjer ikkje på skriftteikna i nordsamisk, men på det norske og svenske alfabetet. Trass i at det er vanlegast å kalle dei samiske språkvarietetane *dialektar* eller *hovuddialektar*, har dei vorte handsama som ulike *språk* i rettskrivingssamanheng. Det er særleg to årsaker til dette: Den eine er at det samiske området har vore delt inn under ulike utdanningsadministrasjonar som ikkje har samordna arbeidet med dette. Den andre årsaka er reint språkleg; den lingvistiske avstanden mellom sør- og nordsamisk er så stor at dei ikkje er rekna som gjensidig forståelege. Sør-samisk har dermed altså ei kort historie som skriftspråk, og dette har skapt problem på fleire måtar: Sør-samar over 40 år har ikkje fått opplæring i samisk i grunnskulen, og få av desse beherskar samisk skriftlig. Dette har òg gjort at det er eit avgrensa tilbod av litteratur på sør-samisk. Ein del barnelitteratur finst, men lite anna<sup>2</sup>. Det finst ei sør-samisk–norsk ordbok (Bergsland & Magga 1993), men det finst enno ikkje ei norsk–sør-samisk ordbok. Dette var fleire av informantane opptekne av:

Ja, og vi er i 2004<sup>3</sup>, og vi har enno ikkje ei norsk–sør-samisk ordbok. Så for at eg skal kunne snakke samisk med (namn på ungen), så må eg ... Altså eg slår opp i ordbok kvar dag. Eg har ei dotter på to år, og for å følgje opp hennes... og alt vi skal prate om, ... Eg har jo lært samisk i utgangspunktet på skule og eg har litt heimant ifrå, men det munnlege språket har eg tileigna meg som voksen. Eg kjem opp i fullt av tema som eg ikkje har vore borti på skulen eller som eg ikkje har lese meg til. Så når du står oppi pannekakerøra, så må du ha visse ord. Og eg slår opp og slår opp og slår opp, men vi har ikkje ei norsk–sør-samisk ordbok! Hallo! Vi er i 2004, og det har vi altså ikkje.

Her kjem det tydeleg fram kor viktig ei slik ordbok er for dei som skal drive revitaliseringa av språket. Skal ungar lære meir samisk enn foreldra sjølv har gjort i barndommen, må foreldra lære samstundes med ungane. Utan eigna ordbøker seier det seg sjølv at jobben blir mykje vanskelegare enn nødvendig:

<sup>2</sup> For grundigare lesing om det sør-samiske (skrift)språket, sjå t.d. *Arbeidsgruppen for sør-samisk utdanning* 1996, Bergsland 1998, Magga 1997 og 2000, Sammallahти 1998 og Svonnei 1998.

<sup>3</sup> Dette intervjuet vart gjort i 2004, men enno i mai 2006 har ikkje ordboka kome.

Ja, den skulle eg gjerne hatt mange gonger. Så det blir så eg av og til set meg ned og pløyar gjennom den andre ordboka, den frå sør-samisk til norsk, og les på kvar bidige bokstav og prøver å finne litt daglegdagse uttrykk, spesielt til bruk til ungane og slikt, og da har eg laga meg ei eiga lita bok frå norsk til samisk, som eg kan slå opp i. Så behovet for ei ordbok er der, altså. For ein ting er jo grammatikken, for den føler eg at er jo der, men ordforrådet ... Det må bli laga nye ord for å få eit komplett språk.

Sjølv om sør-samisk altså ser ut til å ha høg status i dag, er det så kort tid sidan det ikkje hadde det, at notida er prega av nokre uheldige etterslep. Opplæring i skriftleg sør-samisk manglar altså i fleire generasjonar, og noko så elementært som ei norsk–sør-samisk ordbok er enno ikkje tilgjengeleg. Ei slik ordbok er ikkje berre svært nødvendig for revitaliseringa i dei ulike heimane, men òg for opplæringa i skuleverket. Denne ordboka har vore under produksjon i over ti år, men har enno ikkje kome ut. At ein slik viktig reiskap ikkje finst, må kunne seiast å vera til direkte hinder i revitalisingsprosessen.

## 4.3 DEMOGRAFI

Den neste hovudgruppa av faktorar er knytt til tal på gruppemedlemer og distribusjonen deira innanfor territoriet.

### 4.3.1 Tal

Under denne kategorien er faktorar som *absolutte tal, fødselsrate, blanda ekteskap, innmigrasjon* og *emmigrasjon*. Det er ikkje alle desse faktorane som er like relevante å kommentere for sør-samane sin del, og det er heller ikkje tilgjengeleg sikre tal. I Noreg finst det lite statistikk med etnisk tilhørsle som variabel, og dermed er det ikkje mogleg å seie noko sikkert om talet på blanda ekteskap og fødselsrate, til dømes. Det det derimot er skrive mykje om, og spekulert mykje i, er kor stor den samiske folkesetnaden er. Bjørklund (1994) påpeiker at det ikkje berre er fødsels- og dødsrate og emigrasjon og innmigrasjon som har påverknad på utviklinga av folketalet i ei etnisk gruppe; assimilasjon er òg ein viktig faktor. Bjørklund har skrive mykje om folketeljingane som har vore av samar, og om utviklinga av tala. Han forklarer mellom anna den store nedgangen i den samiske folkesetnaden mellom 1891 og 1970 med at eit stort tal samar har vorte assimilert inn i den norske kulturen, og altså ikkje ser på seg sjølve som samar lenger. Utviklinga av til dømes registreringa i Samemannntalet viser at det dei seinare åra er ein motsett trend på veg: Det politiske og kulturelle klimaet i dag gjer det lettare for mange som tidlegare har fornekta det samiske, å leve ut den samiske identiteten sin. Det totale talet på registreringar har auka frå 5505 i 1989 til

12 538 i 2005. I Sørsameområdet er det nær ei dobling i det same tidsrommet: frå 397 til 721<sup>4</sup>.

Aubert 1978 (her etter Jünge 1996:35) har sagt at "Hvor mange samer det bor i Norge, er et spørsmål som ingen folketelling kan avgjøre". Trass i dette er det vanleg å gå ut ifrå at det er minst 50 000 samar i alt, og at 30–40 000 av desse bur i Noreg. Når det gjeld talet på sørssamar, florerer det mange tal, men Samerettsutvalet gjorde eit overslag i 1984 (NOU 1984:18, s. 86; her etter Jünge 1996:55) og konkluderte slik: "Antakelig vil et overslag på rundt 2 000 sørssamer i Norge og Sverige under ett være innenfor rammen som kan tolereres når man bygger på så vidt usikre premisser. I Norge finner man kanskje bortimot halvparten av disse". *Arbeidsgruppen for sørssamisk utdanning* (1996:16) gjorde i 1996 ei uoffisiell utrekning, og kom fram til at det er minst 1000 sørssamar i Noreg. Dei refererer til reindriftsmanntalet frå 1993, der det var registrert 424 personar tilknytte reindrift i dei sørssamiske reindriftsdistrikta. Dei går ut ifrå at noko under halvparten av den sørssamiske folkesetnaden er tilknytte reindriftsnæringa, og dermed at det samla talet i Noreg peikar mot litt i overkant av 1 000.

Det seier seg sjølv at det er svært vanskeleg å skulle seie noko om kor mange av desse som er samisktalande. Kva kriterium skulle ein leggje til grunn for kvalitet og kvantitet på språkbruken? Dåverande Samisk Språkråd finansierte i 2000 ei gallupundersøking utført av Samisk nærings- og utredningssenter i samarbeid med det norske gallupinstituttet Opinion. Målet med undersøkinga var å skulle seie noko om bruken av samisk språk, og eit representativt utval personar busette i distrikt der samisk tradisjonelt har vore brukta, vart intervjuet om språkkunnskapane sine. Denne undersøkinga seier altså ikkje noko om kor mange samar det er, men berre om kor mange som beherskar samisk. Deltakarane i undersøkinga skulle karakterisere dugleiken sin i å lesa, skrive, forstå og snakke samisk på ein skala frå "ingen ting" til "svært godt". 17 prosent av dei spurde i undersøkinga oppgav at dei kunne forstå ein "vanleg" samtale på samisk, noko som vil seie om lag 25 000 menneske i Noreg. Av desse seier 6 prosent at dei kan forstå ein samtale på sørssamisk, noko som vil seie om lag tusen personar (Ravna 2000: 15ff). Av desse att var det 28 prosent som oppgav samiskkunna si til å vera "god" eller "svært god", noko som altså skulle seie at ca. 280 personar i Noreg snakkar sørssamisk godt eller svært godt. Begge desse tala er høge samanlikna med tal som vanlegvis er brukta, og det blir i rapporten påpeikt at feilmarginen for sørssamisk er stor på grunn av dei låge tala. Dersom desse tala skulle stemme, ser det altså ut til at bortimot alle sørssamane kan forstå ein "vanleg" samtale på sørssamisk. Dette verkar i første omgang

<sup>4</sup> For meir statistikk om registreringar i Samemanntalet, sjå <http://www.samediggi.no/Artikel.asp?AId=236&back=1&Mid1=16&Mid2=199#>

noko høgt. Talet på dei som beherskar sørsamisk godt eller svært godt, avvik ikkje i like stor grad frå tal det er vanleg å operere med. Sammallahti (1998:3) anslår at det er mellom 300 og 500 talarar av sørsamisk (til saman i Noreg og Sverige), utan at han presiserer kva kriterium han brukar for å koma fram til talet.

Når det gjeld tal på emigrasjon, immigrasjon og fødselsrate, finst det ikkje statistikk på det, og eg har heller ikkje gjort freistnader på å undersøke desse variablane systematisk sjølv. Når det gjeld blanda ekteskap, finst det heller ikkje statistikk, men her har eg fått eit inntrykk av tendensar i utviklinga blant anna gjennom at dette har dukka opp som tema under fleire intervju. Følgjande sitat er klypt frå samtalene i dét den eine informantane fortel om korleis mora hennar, som er norsk, vart motteken av det samiske samfunnet då ho gifta seg med ein same:

**Det var kanskje ikkje så vanleg med ekteskap mellom samar og nordmenn i den generasjonen?**

Nei, det var i den generasjonen det byrja, eigentleg.

Fram til 1950-åra var ekteskap mellom sørssamar og nordmenn svært sjeldan, og dei samane som gifta seg med nordmenn, vart normalt assimilerte inn i eit norsk miljø (Jernsletten 1993:120). At blanda ekteskap hadde vore noko uvanleg tidlegare, og at det kanskje spesielt utover 70-talet vart vanlegare og vanlegare, får ein òg inntrykk av om ein les *Rapport fra sørsamisk kvinneseminar* (1982). Seminaret vart altså halde i 1982, og der vart dette med samar som gifta seg med nordmenn teke opp til diskusjon, og problemstillingar i diskusjonen var mellom anna kva problem ein "inngift sørssame" møter og "hur skall man stödja barnen i ett blandäktenskap, som vill vara samer, och ge dem en samisk identitet?" I det som er nedskrive av diskusjonen, kjem det fram at det blir sett på som problematisk at det i familiær med blanda ekteskap heller blir snakka norsk, høvesvis svensk, enn sørssamisk. Då eg spurde om dette i intervjuet, kom det fram at det kan vera ganske store skilnader mellom blanda ekteskap: Bruken av sørssamisk med ungane er mykje meir utbreidd når det er kvinna som er same, enn når det er mannen som er det. Dette ser ut til å inngå i eit mønster som er ganske gjennomgripande: Forvaltninga av sørssamiske tradisjonar ser i stor grad ut til å vera eit domene der kvinnene har hovudansvaret.

Det er truleg ulike forventningar til dei unge om val av samisk partnar eller ikkje i dei ulike familiene. Om familien driv med rein, og om det finst andre blanda ekteskap i familien er truleg to viktige faktorar. Fleire av informantane hadde og hadde hatt kjærastar som ikkje var samar, og ingen hadde opplevd dette som noko problem. Likevel: Det neste sitatet er frå ein informant som skal ta over reindrifta etter far sin:

Viss eg skulle treffe på nokon, så er det jo dei heime som får høyre det sist, og så heile tida må eg tenke at ... Det blir nesten feil og veldig sånn gammaldags, men eg tenker heile tida at "Tør eg å ha med den personen heim? Tør eg å ha med den personen på slakt? Til fjells? Kan han gjera nytte for seg?" Eg blir veldig kresen, altså. Eg føler at eg kan ikkje ha med kven som helst, på ein måte.

**Ja, er dette i forhold til dei krava du sjølv sett, eller til dei du føler familien sett?**

Begge delane, eigentleg. Eg var saman med ein same ein gong, da. Og da var jo alle i hundre. "Kor er han? Han må koma hit!", og han fekk nesten panikk og turde nesten ikkje koma. Men dei bryr seg eigentleg ikkje om det er norsk eller same, eigentleg ikkje, altså.

I dette sitatet kjem det fram at ho kjenner eit press av noko slag. Ho ser på det som sitt eige val, men denne avsluttinga tyder likevel på at ho har inntrykk av at slekta ville sett veldig stor pris på om valet hadde falle på ein same til slutt.

#### 4.3.2 Distribusjon

##### Nasjonalt territorium

Under denne kategorien hører faktorar som nasjonalt territorium, konsentrasjon og proporsjon. Det samiske busetjingsområdet, Sápmi på nordsamisk, strekkjer seg frå sør for Femunden i Noreg og frå Idre i Dalarna i Sverige og heilt ut til og med Kolahalvøya i Russland. Det kryssar landegrensene til Noreg, Sverige, Finland og Russland.

- 1 Sørsamisk
- 2 Umesamisk
- 3 Pitesamisk
- 4 Lulesamisk
- 5 Nordsamisk
- 6 Enaresamisk
- 7 Skoltesamisk
- 8 Kildinsamisk
- 9 Tersamisk



Bilete 4.1: Kart over Sápmi (trykt i Aarseth & Bjørklund (1987): The Sámi People (Lapps), Tromsø Museum )

Det sørsamiske området er som vi ser det sørlegaste, og det strekkjer seg frå sør for Femunden på norsk side og frå Idre i Dalarna på svensk side, via Trollheimen og nordover til sør for Saltfjellet i Noreg og til Ume elv i Sverige. I Noreg finst det altså sørssamar i Hedmark, Sør- og Nord-Trøndelag og i Nordland. Kjerneområda på norsk side er Røros, Snåsa og Hattfjelldal.

Faktoren nasjonalt territorium handlar om i kor stor grad den etniske gruppa sjølv har kontroll over området. Gjennom historia har det vore nokre områdekonfliktar knytte til grensedraginga mellom Noreg, Sverige, Finland og Russland som til dels har hatt store konsekvensar for samane, spesielt reindriftssamane. For sørssamane sin del var det rundt unionsoppløysinga med Sverige ei stund ulovleg å krysse grensene, og ingen fekk bruke beiteområda nærest grensa. I seinare tid har dei territoriale tilhøva vore rolegare, og ordninga med inndeling i reinbeitedistrikt inneber eit sett med reglar som både vernar reindriftssamane (jamfør punkt 4.2.1) og set grenser for reindrifta. I visse delar sør i området har det vore urolegare enn andre stader, og det har vore ei rad rettssaker mellom reindriftssamar og bønder om retten til beiteland. Historikarane stridest om den samiske folkesetnaden i desse områda bør ha urfolksstatus eller ikkje. Ein gamal teori går ut på at samane flytta inn i desse områda først på 1600-talet, medan arkeologar meiner det finst belegg for å tolke graver frå før 1000-talet som samiske<sup>5</sup>.

## Konsentrasjon

Dersom vi tek utgangspunkt i at det er om lag to tusen sørssamar til saman på norsk og svensk side, og vi samstundes ser at det sørsamiske området er nesten like stort som det nordsamiske, skjønar vi at konsentrasjonen av sørssamane er liten. Dei einaste områda i Noreg samane er i fleirtal, er i Finnmark<sup>6</sup>, og sørssamane er dei samane som er minst konsentrerte av alle. Sjølv om sørssamisk blir brukta både som kommunikasjonsmiddel og kulturell identitetsfaktor, har den spreidde busetnaden med små språkmiljø i seg sjølv representert ein faktor som har gjort det vanskeleg å oppretthalde språket som eit levande og aktivt kommunikasjonsmiddel i alle samanhengar (*Arbeidsgruppen for sørsamisk utdanning* 1996:16). Den spreidde busetnaden gjer at det for kvart einskild individ blir færre språksituasjonar der det er naturleg å bruke sørssamisk, for det finst ikkje noko felles språksamfunn. Dette gjer det til ei utfordring å skape sørsamiske

5 For meir lesnad om denne striden, sjå til dømes Bergsland 1999, Bull m.fl. 2005, Elgvin 1993, Fjellheim 1995 og 1999, Hansen & Olsen 2004, Haarstad 1981 og 1992, Jünge 1996, Nielsen 1891, Rogstad 1980, Severinsen 1979 og Zachrisson 1996 og 1997.

6 Desse er kommunane Kautokeino (Guovdageaidnu), Karasjok (Kárásjohka), Tana (Deatnu) og Nesseby (Unjárga) (Sammallahti 1998:2).

møtestader der språket kan brukast. Av slike møtestader blir det i det innsamla materialet nemnt kyrkjehelg og sommartreff i Ankarede. Dette er éin gong i året, og då møtest sørssamar i alle aldrar til ulike aktivitetar. I tillegg er det nokre mindre samlingar på ulike plassar, mellom anna ein årleg vinterfestival på Grong. Denne er starta av ungdomsorganisasjonen som fleire av informantane er medlemer av. Av møtestader for *alle* samar blir det nemnt fleire, mellom anna SM, Samisk Mesterskap, og ulike fotballcupar, festar og vintermarknad i mellom anna Gällivare, Jokkmokk og Kautokeino. Sjølv om det sørssamiske språket ikkje blir bruka i særleg stor grad på dei samlingane der det er andre enn sørssamar, er desse samlingane viktige for oppretthalding av den samiske identiteten.

Fleire av informantane dreg fram det å ha gått på Sameskulen på Snåsa som positivt for bandknytinga med andre sørssamar:

#### **Ein kjenner vel folk frå overalt etter å ha gått der?**

Ja, eg kjenner jo folk frå heile det sørssamiske området fordi eg har gått der. Og DET er viktig når vi bur så spreidd. [...] Og når ein da snakkar om språk og slikt. Kor er motivasjonen til å lære eit språk ein ikkje kan snakke med nokon? Det å samle miljøet, det er viktig altså.

Dette med å samle miljøet og skape situasjonar for bruk av sørssamisk språk er truleg ein av dei viktigaste utfordringane for det sørssamiske samfunnet framover.

### **Propsorsjon**

Propsorsjon handlar om storleiken på den aktuelle minoritetsgruppa samanlikna med storleiken på majoritetsgruppa. Dersom dei to gruppene er om lag like store, vil det ha mykje å seie for den inter-etniske relasjonen i høve til om det til dømes er eit 1–10-tilhøve. For sørssamane sin del er det ikkje ein gong snakk om eit 1–10-tilhøve: I bygder med sørssamisk busetnad bur det frå 1–2 familiar og opp til 10–12 familiar (*Arbeidsgruppen for sørssamisk utdanning* 1996:15). Dette er nok òg ein viktig faktor i dei skeive styrketilhøva som tidlegare har vore mellom etniske nordmenn og sørssamar.

## **4.4 INSTITUSJONELL STØTTE**

Institusjonell støtte refererer til i kva grad ei etnisk gruppe er formelt og uformelt representert i ulike nasjonale, regionale og lokale institusjonar. Uformell støtte handlar om pressgrupper minoriteten har organisert seg i for å oppnå rettar. Formell representasjon er deltaking i avgjerdstakande nivå i det offentlege, i næringslivet og i kulturelle organisasjonar. Arena for slik representasjon er alt frå massemedia, parla-

ment og regjering, forsvaret, kunst og kultur, utdanningssystemet og religion. Når det gjeld organisering, er samane godt organiserte med både interesseorganisasjonar for reindrifta og for samesaker generelt. Det finst ingen eigne sør-samiske organisasjonar, men eigne sør-samiske lokallag under dei allment samiske.

#### 4.4.1 Massemedia

Eg har ikkje gjort freistnader på systematisk kartlegging av bruk av sør-samisk i massemedia, men det er likevel lett å konstatere at sør-samisk nesten ikkje er bruka i det heile. Det samiske nyhendemagasinet *Oddasat* på NRK TV er i all hovudsak på nordsamisk, men det hender ein gong imellom at det er innslag med sør-samisk språk. Det same gjeld *Sámi Radio* og *Mánáid-TV*, samisk barne-TV. Det finst ingen avisar eller faste tidsskrift som blir utgjeve på sør-samisk, men *Daerpies dierie* (*Sør-samisk kirkeblad*) er ei avis for, om og av sør-samar. Der hender det det er ein artikkel på sør-samisk, men det aller meste er anten på norsk eller svensk. Av andre trykte media blir det til kvar jul omsett nokre teikneseriehefte til alle dei samiske hovuddialektane, derimellom sør-samisk. Dette har ein viktig symbolverdi, men for eventuelle tospråklege ungar vil det ikkje fungere tilstrekkeleg som språkleg støtte. Når det gjeld internett, er det like lite, men som eit lyspunkt finst nettsida *Infonuorra Sápmi* (infonuorra.no), som er ei samisk ungdomsside som finst både med norsk, nordsamisk, lulesamisk og sør-samisk tekst. Alt i alt er den sør-samiske representasjonen i massemedia svært därleg, og det er store forbettingspotensiale på alle punkt.

#### 4.4.2 Utdanning

Mellan sør-samar sjølve står utdanning i sør-samisk som eit sentralt punkt i arbeidet for å hindre språkdaude.

Det redegjøres for språksituasjonen og konkluderes med at sør-samisk som språk av flere grunner er truet. Tiltak på utdanningsområdet vil stå sentralt i arbeidet med å forhindre språkdød. [...] Hovedmålet med sør-samisk utdanning er, ifølge arbeidsgruppen: å forsterke og videreutvikle den sør-samiske kulturelle og språklige identiteten, å bidra til funksjonell tospråkligheit (*Arbeidsgruppen for sør-samisk utdanning* 1996:10).

Her ser vi at målet med den sør-samiske utdanninga er funksjonell tospråklegheit, og dette skal bidra til at språket overlever. I dag har sør-samar rett på sør-samisk utdanning på alle nivå, både på barneskule, ungdomsskule og vidaregåande skule. Det er eigne sør-samiske barneskular med internat i Snåsa og Hattfjelldal. Alle sør-samiske elevar kan velje mellom tre ulike løp eller fagplanar: sør-samisk anten som førstespråk eller som andrespråk, eller ei innføring i sør-samisk språk og kultur. Dei to første har begge funksjonell tospråklegheit som mål, men sør-samisk som førstespråk er heilt

klart best eigna til det. I tillegg er det studium i sørsamisk på høgare nivå. Høgskulen i Nord-Trøndelag har nasjonalt ansvar for høgare utdanning i sørsamisk, og på Universitetet i Tromsø er det spreidde studietilbod i sørsamisk. Trass i at dei formelle rettane til sørsamisk utdanning stort sett er til stades, er det mykje som ikkje fungerer optimalt. Det var i 1996 berre om lag halvparten av dei sørsamiske ungane som fekk undervisning i sørsamisk, og det er mangel både på lærermiddel og på lærarar som er sørsamiskkunnige (*ibid.*). I tillegg har studentane ved studietilbodet "SørSAMISK 2" ved Høgskulen i Nord-Trøndelag måtta betale ti tusen kroner kvar i studiepengar for i det heile å få undervisning i faget. Dette vart det nyleg slutt på<sup>7</sup>. Likevel viser tala over elevar med sørsamisk opplæring i grunnskulen ei auke dei siste åra: Frå skuleåret 1993/1994 til 2004/2005 auka talet frå 53 til 121. Dette er dei tre fagplanane til saman. I 2001/2002 var det éin elev med sørsamisk som førstespråk, og i 2004/2005 var det ti. I tilsvarende periode for sørsamisk som andrespråk er det ein liten nedgang frå 74 til 69. På fagplanen med innføring i sørsamisk språk og kultur er det i same perioden nær ei dobling: frå 23 til 42<sup>8</sup>. Ut av desse tala kan ein lesa ei stor auke i interessa for opplæring i sørsamisk, og dermed òg for revitalisering av språket.

Eit viktig revitaliseringstiltak som det enno ikkje er skrive mykje om, er det så vidt tidlegare nemnde Elgå-prosjektet (sjå delkapittel 3.4.2). Det er eit prosjekt med undervisning i samisk som førstespråk ved Elgå oppvekstsenter i Engerdal kommune i Hedmark. Dette er første gongen samiske elevar har hatt opplæring i sørsamisk som førstespråk på ein skule der det òg går norske elevar. Dette starta opp i 2001, og Sametinget løyvde pengar til drift av prosjektet i fem år. Prosjektet er i sluttfasen våren 2006, og det skal bli offentleggjort ein evalueringsrapport når det er ferdig. Ifølgje Todal (2005:71) ser det ut til at resultata så langt er svært positive.

Eit anna viktig revitaliseringstiltak er den sørsamiske barnehagen i Snåsa. Den vart, som nemnt under delkapittel 3.4.2, opna i 2002, og i 2004/2005 var det rett under ti ungar som gjekk i barnehagen. Alle ungane hadde sørsamisk som heimespråk i større eller mindre grad, i tillegg til å snakke det i barnehagen. Ein av informantane bak empirien har altså ein unge her, og det kjem tydeleg fram gjennom forteljinga hennar kor viktig denne barnehagen er for sørSAMISKinnlæringa til ungen, og dermed for revitaliseringsprosessen:

Det er så fantastisk med denne barnehagen. Tenk deg det, eg kan gå inn og kun snakke samisk og gå ut igjen. Utan å seie eitt norsk ord! Det er helt fantastisk!

<sup>7</sup> <http://www.hint.no/nyheter/nyhet.php?ID=1509>

<sup>8</sup> Tala er henta frå Todal 2005:63f som har henta dei frå Todal 2002 og Grunnskolens info-system: <http://www.wis.no/gsi>

Utruleg. Det finst ikkje andre plassar der det går an!

**Så utruleg bra at den plassen er i barnehagen, og ikkje på aldersheimen, da!**

Ja, det er kjempe ... For meg som mor, så er det heilt fantastisk! Det er ...

Det er i dei første barneåra grunnlaget for eventuell tospråklegheit blir lagt, og dermed er barnehagen eit svært viktig ledd i den sør-samiske utdanninga med tanke på målet om funksjonell tospråklegheit.

Det er altså fleire positive initiativ som har vorte iverksett på utdanningsfronten i det sør-samiske området dei siste åra, og desse initiativa har store potensiale for å styrke stillinga til det sør-samiske språket.

#### **4.4.3 Statlege tenester**

Forvaltningsområdet for samisk språk har fram til 1. januar 2006 berre omfatta kommunar i det nordsamiske området. Desse er: Kautokeino/Guovdageaidnu, Karasjok/Kárásjohka, Tana/Deatnu, Porsanger/Porsáŋgu og Nesseby/Unjárga i Finnmark, og Kåfjord/Gáivuotna i Troms. 1. januar 2006 vart Tysfjord, som første kommune utanfor nordsamisk område, innlemma som forvaltningsområde for lulesamisk språk. Snåsa kommune sende i 2004 ein søknad om å bli innlemma med ansvar for sør-samisk språk, men denne søknaden er ikkje handsama i Stortinget enno. Dersom Snåsa blir innlemma, vil det medføre eit stort løft for sør-samisk språk på mange måtar. Sjølv om samisk språk offisielt er likestilt med norsk, gjeld dette i praksis berre for nordsamisk – og no nyleg lulesamisk – i og med at ingen sør-samiske kommunar er innlemma i forvaltningsområdet. Ettersom saka ikkje er ferdig handsama, ligg det ikkje føre detaljerte planar for kva ei slik innlemming vil medføre av samisk aktivitet, men det vil til dømes kunne bli oppretta eit ressurssenter for både sør-samisk språk, kultur og næring. Dette vil føre med seg opprettning av sør-samiske arbeidsplassar, og symbolleffekten av ei slik satsing vil truleg ha store positive ringverknader langt inn i både samiske og norske miljø i området.<sup>9</sup> Av andre positive tiltak er *Samisk språk- og kompetansesenter* på Røros. Dette opna hausten 2005, og driv mellom anna eit program som heiter *Rørossamisk opplæringsprogram*. I tillegg til å vera ein ressurs for opplæringa i skulen, driv dei kurs for vaksne og held samlingar for bruk av sør-samisk språk.

I alle intervjua i den innsamla empirien kom vi inn på dette emnet, og alle nemnde Snåsa kommune som tospråkleg som noko svært positivt, og som noko som vil gje

<sup>9</sup> Sjå Snåsa kommune (2004) for nærmare drøftingar av dette.

alle "eit spark bak" til å bruke språket meir. Det vart òg påpeikt at dette handlar om mykje meir enn å skulle omsetje kommunale dokument til sørsamisk:

Men så er det berre det med informasjon. Kommunen har informasjon i Snåsningen (lokalavisa i Snåsa) ein gong i månaden, trur eg det er, og da må jo den koma på samisk, da. Det vil i såfall bli ei hundre prosent forbetring i forhold til i dag. Og det blir jo ei viktig synleggjering. Men det er ikkje noko poeng i å drive og omsette ting som folk flest ikkje les. Det er mykje viktigare både for ungar, ungdomar og vaksne å bruke pengane på å omsette for eksempel Donald i staden.

[...]

Og, altså eg forventar ikkje at kvar og ein i kommunen og tannlegen og sånt skal kunna samisk, men dei skal kunna noko *om* det. Dei må ha respekt for det eg gjer, og kunna noko om det og, om dei no lærer seg å seie god dag og sånn, det er berre ein hyllest til meg, men det er basiskunnskapen, og den kulturelle kunnskapen. Det er like mykje dét. [...] Eg føler det i alle fall som ein kjempesiger dersom Snåsa blir tospråkleg.

Dette viser at det er viktig ikkje å undervurdere kor viktig ei slik institusjonell støtte vil vera både for dei som driv sjølve revitaliseringsprosessen og truleg òg for resten av det sørsamiske samfunnet. Sjølv om heimane representerer dei viktigaste språkarenaene for utvikling av tospråklegheit, så kan ikkje ein slik språkbruk oppstå i eit vakuum. Skal ungar vekse opp som tospråklege, er det svært viktig at dei får sjå sitt eige språk og møter det på fleire stader enn i heimen, og her kan den institusjonelle støtta gjera mykje til eller frå. Dersom det offentlege tek ansvar for å synleggjera og bruke det sørsamiske språket i det offentlege rommet, vil dette nærmast representera ein ny dimensjon ved det sørsamiske språket. Med ei historie som eit "usynleg" heimespråk er det heller ikkje så mykje som skal til for å få ei "hundre prosent betring".

#### 4.4.4 Næringsliv, religion og kultur

Ei eventuell innlemming av Snåsa i forvaltningsområdet for samisk språk vil òg kunne fungere som indirekte og direkte stønad til sørsamisk næringsliv, religion og kultur i tillegg. Sjølv om den tida då alle sørsamane dreiv med rein, er over, er framleis store delar av den sørsamiske folkesetnaden tett knytte til reindrifta. Denne næringa står framleis for mange av dei sørsamiske tradisjonane, og den er eit viktig domene for bruken av språket (sjå delkapittel 4.2.1). No som stadig fleire sørSAMAR ikkje driv med reindrift, er det ei utfordring å laga arbeidsplassar med bruk av samisk – i tillegg til dei som alt finst innanfor utdanningssystemet, og å fylle dei med sørSAMISKUNNIGE. I dag er det få arbeidsplassar med naturleg bruk av sørSAMISK utanfor reindrifta og skulen. *Saemien Sijte*, sørSAMISK museum og kultursenter, er eitt av dei få i dag, og dette vil kunne få ei forsterking dersom Snåsa blir tospråkleg kommune.

Religionen er i dag eit av områda der sørsamisk er ganske mykje i bruk. Det finst ein sørsamisk prest med ansvar for heile det sørsamiske området. Dermed er det tilbod om sørsamisk konfirmasjon for alle konfirmantane i området, og sørsamisk er mykje i bruk i gudsteneste mellom anna fordi delar av Bibelen er omsett til sørsamisk. Det finst ei tilsvarende ordning med eigen sørsamisk prest på svensk side, og desse to er ansvarlege for utgjevinga av det tidlegare nemnde sørsamiske kyrkjebladet *Daerpies Dierie*.

Kor viktig den institusjonelle støtta er for ein etnisk minoritet, heng truleg saman med kor integrert den aktuelle minoriteten er i majoritetssamfunnet: Jo meir integrerte dei er, jo viktigare er det å sjå sitt eige språk og sine eigne representantar på domene der majoriteten tradisjonelt har hatt hegemoni. Dei små og spreidde grupperingane av sørsamar er omgjevne av det norske majoritetssamfunnet på alle kantar, og er i dag svært godt integrerte og altså delvis assimilerte. I ein slik situasjon er institusjonell støtte av ulike typar av *uvurderleg* verdi i ein prosess der minoriteten sjølv jobbar for styrking av språket.

#### 4.5 MINORITET I MINORITETEN

Det er eitt aspekt ved situasjonen for sørsamane som ikkje har kome til syne gjennom denne gjennomgangen av faktorar, og det er at dei er ein *minoritet i minoriteten*. Sørsamane har to ulike "majoritetssamfunn" å forhalde seg til: både det norske og det (nord)samiske. I den grad ein kan kalle det (nord)samiske samfunnet eit majoritets-samfunn i høve til det sørsamiske, så må det i så fall påpeikast at dette både historisk sett har fungert og også i dag fungerer som majoritetssamfunn på andre måtar enn det norske majoritetssamfunnet. Stikkordet når det gjeld situasjonen for sørsamane som ein minoritet i minoriteten, er ei ekstra ramme med usynleggjering. I nær sagt alle samanhengar ein hører om samisk, er det snakk om nordsamisk når ikkje anna er presisert. Og at det finst samar i Sør-Noreg, er ikkje ukjent berre for mange etniske nordmenn, men i det innsamla materialet kom det fram at fleire av informantane har opplevd stor mangel på kunnskap om sørSAMAR mellom til dømes nordsamar òg. Den historiske grunnen til dette finn vi nok først og fremst i fornorskingspolitikken, der det var ein medviten strategi å sorgje for at samane ikkje fekk informasjon om samiske samfunn andre stader i landet. Dette gjorde altså at samane lenge mangla kunnskap om si eiga historie og sitt eige samfunn. Ifølgje Jernsletten (1993:130) var dette ein effektiv metode for å øydeleggje sjølvrespekten mellom samar. Thomassen (2005:414) som sjølv er sørsame, fortel i *Samisk skulehistorie* noko som fungerer som ein illustrasjon på nettopp ein slik mangel på kunnskap om andre samar. I åra 1965–67

gjekk han på den samiske folkehøgskolen i Karasjok:

Folk flest i Karasjok visste den gang ikkje at det fanst noe slikt som sørssamar. Dei ville knapt tru at det budde samar så langt sør. Nokre trudde vi var russarar.

I dag er nok kunnskapsnivået om andre samar mykje høgare enn på 60-talet, men dette minoritet i minoriteten-aspektet gjer likevel store utslag for sørssamane også i dag. Spesielt gjer dette seg gjeldande for faktorar som har med institusjonell støtte å gjera. Innan massemedia til dømes er stoda mykje betre for nordsamisk enn for sørssamisk: Nordsamisk er i bruk både på TV og radio kvar dag, og det finst mange tidsskrift som blir utgjeve på nordsamisk. Det finst ein eigen høgskule som nyttar nordsamisk som arbeidsspråk, og vidaregåande skular der ein kan få undervisning i samisk som førstespråk. På internett er alle dei viktige samiske sidene på nordsamisk, medan dei færraste er på sørssamisk. Hadde det ikkje vore for den lingvistiske avstanden mellom sørssamisk og nordsamisk, kunne denne representasjonen av nordsamisk fungert som direkte støtte til brukarar av det sørssamiske språket òg, men det gjer den altså ikkje. I staden må sørssamane nøye seg med ein endå meir marginal representasjon på nasjonalt nivå.

## 4.6 OPPSUMMERING

Ein kan godt hevde at det er eit under at sørssamisk språk har overlevd. At ein så liten minoritet i det heile har klart å hindre språket frå å døy ut med så mange faktorar som inntil nyleg har arbeidd imot det, ser, ifølgje både Bergsland (1998:45) og Jernsletten (1993:119) ut til å vera eit mirakel. Medan samar i kyststrok i nord kunne bli fornorska i løpet av eit par generasjonar, har sørssamane klart å halde oppe språket sitt i fleire hundreår, og dét utan å ha levd i eit konsentrert samfunn der sørssamisk har vore det naturlege språket. Grunnen til dette, hevdar Jernsletten (*ibid.*), er at språket har vore i bruk i eit tradisjonelt samfunn med ei tradisjonell næring. Konfliktane mellom norske bønder og samiske reineigarar har gjort sitt til at det har vore tilstrekkeleg med isolasjon mellom dei to gruppene, slik at sørssamane har halde i hevd språket sitt og levemåten sin.

Statustilhøva under eitt ber preg av den historiske faktoren. Denne har gjort at statustilhøva inntil nyleg har vore bortimot *maksimalt* uheldige for den etnolingvistiske vitaliteten til sørssamane. Likevel har den etniske revitaliseringa mellom sørssamane dei siste tiåra ført til at statustilhøva i dag kan seiast å vera ganske gode. Det er knytt høg prestisje til det å beherske sørssamisk, og det er ei positiv utvikling i kor mange som får sørssamisk opplæring.

Under dei demografiske faktorane er det mange negative faktorar som er vanskelegare å snu til noko positivt enn under dei andre hovudfaktorane. Sørsamane er svært få, og dei er svært spreidde. Dette gjer at utfordringa med å skape naturlege situasjonar for bruk av sør-samisk blir ekstra vanskeleg. Det er få tiltak anna enn å *skape* samlings-plassar som svar på denne utfordringa, og desse samlingsplassane kan berre til ein viss grad støtte opp under det å bruke sør-samisk som daglegspråk. Dei vanskelege demografiske tilhøva har bidrige til at sør-samisk i stor grad har vore eit heimespråk, og det er spesielt på grunn av dette at den neste hovudfaktoren, institusjonell støtte, blir ekstra viktig.

Det er mellom faktorane som har med institusjonell støtte å gjera, fleire og tydelege teikn til revitalisering. Særleg gjeld dette innafor sør-samisk opplæring og utdanning. Det er altså auka interesse for opplæring i språket, og det har vore ei utbygging av opplæringsinstitusjonar berre dei siste åra. *Arbeidsgruppen for sør-samisk utdanning* (1996:16f) oppsummerer veksten i den institusjonelle støtta slik:

Etableringen av nye samiske institusjonar og offentlige organer de siste årene har likeledes både bidratt til å styrke identiteten og åpnet for nye arbeidsplasser for samer. Det tenkes her særlig på: Sameskolen i Hattfjelldal, Sameskolen på Snåsa, kultursentrene Sijti Jarnge [Hattfjelldal] og Saemien Sijte [Snåsa]. Ved at Reindriftsforvaltningen i Nord-Trøndelag, Samisk Kulturminneråd avd. Snåsa, Duodjeinstituhtta og Nord-Trøndelag reinsamelag er lokalisert til Saemien Sijte, utgjør disse institusjonene sammen med Sameskolen på Snåsa et unikt kompetansemiljø. I tillegg har også Sámi Radio–sør-samiske sendinger og Sør-samisk kirkjeneste tilholdssted på Snåsa.

Også en rekke andre institusjonar og tiltak vitner om at sør-samisk kultur manifesteres utenom heimen og skolen. Det tenkes her bl a på: Kulturelle samlingssteder, som f eks festivaler, Norske Reindriftsamers Landsforbunds og Norske Samers Riksforbunds landsmøter når de arrangeres i sør-samiske områder, sør-samisk teater som representerer en kulturell nyskaping og kirkelige handlingar, f eks i forbindelse med samlinger.

På makronivå ser vi altså klare trekk av ei sør-samisk revitalisering. Spørsmål knytte til om desse tendensane er sterke nok, og om utviklinga av dei går fort nok til å bøte på dei skadane det sør-samiske språket allereie er påført, skal det ikkje spekulerast i her. Derimot skal eg i neste kapittel gjera ein freistnad på å skildre revitaliseringa av sør-samisk på mikronivå. Den etnolingvistiske vitalitetsmodellen er eigna til å få eit breitt overblikk over vitaliteten i ei etnisk *gruppe*, men ikkje til å skildre kva ei revitalisering inneber på individnivå.

## 5 MIKROANALYSE

I dette kapittelet analyserer eg revitaliseringa av sørsamisk språk på eit mikronivå. "Vegen blir til medan ein går" er i høgste grad eit uttrykk som er dekkjande på utviklinga av analysekategoriane i analysen. Som nemnt i metodekapittelet, har altså hovudtema og problemstilling for denne avhandlinga endra seg samstundes med innsamling og handsaming av empirien. Slik vekselverknad er vanleg og til dels nødvendig i kvalitativ analyse, og spesielt når det gjeld *kategoriseringa* av empirien er dette, som vi såg i metodekapittelet, eit kjennemerke ved kvalitativ forsking.

Kategoriseringa av denne empirien byrja med utgangspunkt i kva ei revitalisering er. Som vi såg i 3.2, er språkleg revitalisering det same som å gje eit språk nytt liv, og det er skildra som eit *positivt språkskifte*; altså eit språkskifte frå majoritetsspråket til det truga minoritetsspråket. I sørsamisk samanheng det ikkje heilt dekkjande å snakke om eit språkskifte, på grunn av dei demografiske og historiske faktorane vi såg i førre kapittel. Alle sørSAMANE er – rett nok i ulik grad – integrerte i det norske samfunnet, og både på grunn av at det ikkje finst stader der sørSAMANE er i majoritet, og at språkdugleiken er svært sprikande i folkesetnaden, er eit *språkskifte* i tydinga *skifte av hovudspråk* umogleg for dei fleste. Derfor er *funksjonell tospråklegheit* (jamfør delkapittel 3.4) eit meir dekkjande omgrep her. Felles for informantane er, som vi skal sjå, at sørSAMISKUNNSKAPEN deira i stor grad er/har vore passiv, og at aktiv bruk av sørSAMISK er/var innskrenka til svært få språksituasjonar. Alle skildrar eit sterkt ønske om å bruke språket meir og i fleire situasjonar. Med bakgrunn i definisjonen i 3.5 har eg valt å tolke desse som ein vilje til å bli funksjonelt tospråklege. Det viser seg imidlertid i alle intervjua at det er knytt store sperrer, eller barrierar, til det å skulle gjennomføre det som må til for å oppnå dette. Og det var her kategoriseringa byrja: Eg ville finne ut kva denne barrieren består av for desse revitaliserarane, og dette sette meg på sporet av kategoriane for denne analysen:

*Den språklege praksisen* og dugleiken deira i sørSAMISK er ein sjølvsagt kategori. Her får vi eit innblikk i korleis det sørSAMISKE SPRÅKSAMFUNNET fungerer, og vi får eit bilet av dei ulike utgangspunkta revitaliserarane har for å gjennomføre revitaliseringssplanane sine.

Identitet er ein sentral faktor når det gjeld tilhøve til språk og språkbruk, og i kategorien *sjølvidentifisering* ser eg på kva tilhøve revitaliserarane har til sameomgrepet og det å vera same.

Eit viktig aspekt ved sjølvidentifisering, eller sjølvforståing og sjølvhevding, er i kva grad ein er vorte utsett for stigma. *Stigmatisering* er dermed med som ein kategori, og på grunn av historiene som kom fram under innsamlinga, er denne delt inn i underkategoriane *intra-etnisk* og *inter-etnisk stigmatisering*.

*Språkleg purisme* er ein faktor som ofte spelar ei tvitydig rolle minoritetsspråk. Under intervjuet vart det heva over ein kvar tvil at det sørsamiske språksamfunnet ikkje er noko unntak i denne samanhengen.

Desse aspekta er dei eg har valt å leggje vekt på ved den barrieren som blir skildra gjennom intervjuet. Som vi skal sjå, blir det etter kvart ei utfordring å halde desse kategoriane frå kvarandre, for dei er tett vovne inn i kvarandre. Eg har derfor delt desse fire kategoriane inn i to *dimensjonar*: Ein språkleg og ein identitetsmessig dimensjon. I den språklege dimensjonen inngår kategoriane *den språklege praksisen* og *språkleg purisme*, og det dreier seg om å kjenne seg trygg på språkdugleiken sin. I identitetsdimensjonen inngår *sjølvidentifisering* og *stigmatisering*, og det handlar her om å kjenne seg trygg i den etniske identiteten sin. Når vi har fått eit bilet av kva denne barrieren består av for informantane, går resten av analysen ut på å skildre kva som skal til for faktisk å koma seg over barrieren.

På grunn av mangelen på adekvate modellar av eller teoriar om korleis revitalisering av språk føregår på mikronivå, har òg valet av teoriar i stor grad skjedd i etterkant av empiriinnsamlinga og samstundes med kategoriseringa. Som nemnt i kapittel 3, blir dei teoretiske aspekta eg har valt å trekke inn i analysen presentert samstundes som dei blir bruka.

Som innleiing til analysen av kva revitaliseringa inneber, har eg under 5.1 valt å ta med ein grundigare teoretisk analyse av revitaliserarane eg har intervjuat. På 60- og 70-talet oppstod det, som vi såg i 3.2, ein ny type etnisk aktivisme, og denne har vorte skildra mykje i antropologien.

## 5.1 REVITALISERARANE

Eg har altså kalla informantane mine *revitaliserarar*. Dette tyder korkje at slike personar

ikkje er omtala i litteraturen med andre omgrep, eller at desse omgropa ikkje passar til nett dei eg har intervjua. Tvert imot er det skrive mykje om ulike typar revitalisrarar, og mykje av det passar godt som skildringar av revitalisrarane eg har intervjua. Men denne litteraturen er nesten utelukkande skrive innanfor sosialantropologi, og skildrar ikkje nødvendigvis *språklege* revitalisrarar, noko som avspeglar seg i sjølve omgropa. Trass i at språkleg og kulturell revitalisering delvis er to sider av same sak, og delvis er gjensidig avhengige av kvarandre, er det likevel ein fokusskilnad, og mellom anna for å markere denne har eg, som skrive i kapittel 3, valt å kalle opp informantane mine etter den prosessen dei driv framover, nemleg revitaliseringa, som altså er den termen eg brukar om alle forsøk på å styrke det sørsamiske språket.

Sosialantropologen Fredrik Barth har vore ein av dei fremste på analysar av den sosiale organiseringa av kulturelle og etniske skilje, og det er han som står bak omgrepet *etniske entreprenørar*, eller *etnoentreprenørar*, som både han og andre brukar om ein annan (sjå t.d. Hovland 1996). Barth (1994:79) forklarer sjølv kvifor han i det heile vende merksemda si mot studiet av entreprenørar:

Valget falt på entreprenører fordi de åpenbart er agenter for endring. De gjør innovasjoner som påvirker samfunnet de handler i. Entreprenører er også langt vanligere og mer virksomme i noen samfunn enn i andre, og den dynamiske karakteren som særpregar enkelte samfunn, er av og til blitt forklart gjennom forekomsten av entreprenører.

I første omgang vil truleg assosiasjonane gå i retning av ny forretningsverksemd når ein høyrer om ”entreprenørskap”: Entreprenørar i forretningsverda er ute etter å finne uutnytta nisjer i marknaden, for så å maksimere verdiar, eller å tene pengar (Fossum 1999:17ff). Dette kan òg vera eit viktig aspekt ved verksemda til mange etniske entreprenørar, men er ikkje i fokus når det gjeld dei sørsamiske revitalisrarane. Det er ingen føresetnad at dei verdiane entreprenørane ønskjer å maksimere, er økonomiske eller materielle, og omgrepet går på denne måten ut over rein forretningsverksemd.

Det karakteristiske for entreprenørskap er verdikonvertering og å byggje bruer mellom tidlegare åtskilde sfærar. Barth legg vekt på individuelle strategiske handlingsaspekt ved entreprenørane, og på korleis dei konverterer dei materielle og menneskelege ressursane dei har til rådvelde. Kvart eit lite val entreprenøren gjer, er teke på grunnlag av vurderingar av vinning og tap, og ein vil ofte sjå at oppretthaldning av sosial status eller funksjon kan koma i konflikt med nødvendige tiltak for å auke dei verdiane ein prøver å maksimere, uavhengig av om dei er materielle eller ikkje. Og nettopp av denne grunnen inkluderer Barth dei sosiale og moralske avgrensingane som kan bli lagt på åferda til entreprenørar i analysane sine. På grunn av interessekonflikten som kan oppstå, er det nødvendig med ei kartlegging av dei sosiale kostnadene knytte til

dei ulike handlingsmønstra innanfor samfunnsramma til entreprenøren (ibid.).

Hylland Eriksen (1991:19f) peiker òg på at den "profitten" eller gevinsten som dei etniske entreprenørane ønskjer å oppnå, ikkje treng å innebere økonomiske eller politiske fordelar. For mange kan revitaliseringarsrørsler vera høgst nødvendige på eit anna plan: nemleg for å gjera slutt på ei lang historie med diskriminering og stigmatisering og avløyse dette med ein positiv minoritetsidentitet.

For å revitalisere eit språk, eller å snu eit pågåande språkskifte, er det naudsynt med føregangsmenn og -kvinner som kan utfordre dei arenaene språket blir brukta på og utvide desse. Ein må med andre ord bryte med eller endre normene for språkbruk i ei rad situasjoner og språkdomene, og på denne måten byggje bruver mellom tidlegare åtskilde sfærar. Hovland (1999b:205) brukar entreprenørterminen slik:

Entreprenøren forstås vanligvis som en slags oppfinnsom mellommann som vet å tjene penger på å gjøre ting på måter som folk ikke før har tenkt på. I entreprisen bryter han med regler. Disse kan være skrevne eller de kan være uskrevne, og da har det gjerne med moral å gjøre. Her konsentrerer jeg meg om det vi kan kalle kulturelle og sosiale entreprenører, eller altså etnoentreprenører. Etnoentreprenører er de som ser en nisje mellom meningsfelt, og dermed et utgangspunkt for mulig endring. De vil markere forskjellen mellom disse meningsfeltene og søke oppslutning om det de har valgt seg ut som det som er verdifullt og rett. Etnoentreprenørene begynner i det små, men ved hjelp av en lang rekke innovasjoner, ved å tenke nyt, ved å ta sjanser og utnytte det mulighetsrommet de befinner seg i, gjør de noe med det lokale samfunnet. De forandrer det. Om de er vellykkede, gjør de noe med historiens løp.

Slike etnoentreprenørar har truleg eksistert i ulik grad til alle tider i det samiske samfunnet heilt sidan fornorskinga tok til, men det er berre sidan 60-/70-talet dei har vorte studerte av samtidige forskrarar. Hovland (1996:47) er mellom dei som har studert etnoentreprenørar i det samiske samfunnet, og skriv at desse har fått mange kallenamn, gjerne av yngre og apolitiske samar: "super-samar", "same-same-samar", "CSV-arar" eller "yrkessamar" er termar som framståande samepolitikarar, eller etnoentreprenørar, har vorte kalla. Slike representantar for samane har:

lært å argumentere i motpartens eget språk, de har lært å bruke til det ytterste de lover og konvensjoner den norske stat har forpliktet seg på. De har dessuten lært å forstå seg selv og sitt "folk" med de samme begrepene forskere, sosialantropologer, språk- og litteraturforskere og historikere, har tatt i bruk for å forstå dem (ibid.).

Revitaliserarane eg har intervjuat, passar i store trekk inn i desse skildringane. Likevel er det mykje som tyder på at tilhøva er litt meir "dempa" i det sør-samiske samfunnet enn i det nordsamiske. Trass i at sør-samane var mellom dei første til å ta initiativ til samisk organisering tidleg på 1900-talet, finst det i dag få eller ingen organisasjonar for *berre* sør-samar. På denne måten avspeglar organisasjonsdanninga at samane først og fremst ser på seg sjølve som eitt folk. Dette har nok i tillegg medført at leiinga i

organisasjonane stort sett har hatt tilhald i nord og at etnoentreprenørane, eller aktivistane, dermed har vore meir synlege der. Ein av informantane mine kunne fortelje at ho av og til kanskje har følt seg litt sett i bås som "same med høgare utdanning", men ho hadde aldri vorte kalla "supersame" eller liknande, og meinte dette ikkje var vanleg. Heller ingen av dei andre informantane gjev uttrykk for å ha vorte kalla slike ting. Det ser altså ut til at motsetnadene eller skilje mellom dei etniske entreprenørane og dei "vanlege" samane har vore og er mindre mellom sørsamane samanlikna med nordsamane.

Likevel har informantane mine mange fellestrek med etnoentrepreneurar generelt. Dei gjev til dømes inntrykk av å meistre det norske lovspråket og regelverket, og nokre av dei har i tillegg studert mellom anna etnisitet og identitet på universitetsnivå, noko som gjer at dei har eit fagleg fundert metaperspektiv på sin eigen situasjon og praksis. Fleire av dei kan fortelje at dei under vidaregåande opplæring måtte instruere skulen i at dei hadde rett på undervisning i samisk:

Og på vidaregåande på (namnet på staden) måtte eg krevje og fortelje dei alt om både kva rettar eg hadde og kvar dei skulle søkje pengar hen, og ordna lærar, og korleis læraren min skulle få dekt køyringa.

Ein annan informant var på intervjudispunktet tilknytt eit nytt informasjonsprosjekt sett i gang av Kommunal- og regionaldepartementet, der jobben gjekk ut på å reise rundt på skular i Noreg og halde föredrag om samisk kultur. Ein av informantane som sjølv har ungar, har studert språktilleigning på universitetsnivå, og då vi diskuterte språkutviklinga til ungen, gjorde ho seg desse refleksjonane:

Og eg ser jo at ho som i teorien skulle ha hengt litt etter, ho gjer ikkje det. Norsken hennes har vore lenge før dei andre. Så eg har funne ut at det er nok veldig mykje individuelt der, altså. For eg har jo òg lese mykje teori, da. I (namnet på staden) tok eg noko som heiter språktilleigning, og det er jo kjempeartig, det tok eg medan magen vaks, lærte om at toneleie, det lærer dei alt medan dei ligg inne i magen, og alt sånn ...

Den same informanten uttala i byrjinga av intervjuet at det å få ungane sine tospråklege var livsprosjektet hennar, og vi ser her korleis ho har teke høgare utdanning for å gjennomføre nettopp dette, noko som må seiast å vera entreprenørskap i høgste potens.

Etnoentrepreneurar har også vorte kalla *aktivistar*, eller *etniske aktivistar*. Lowly et al. (1985) har undersøkt franske, spanske og jødiske aktivistar i USA, og kallar dei aktivistar trass i at det var merkbare skilje mellom syn, åtferd og faktisk deltaking i den etnolingvistiske bevaringa. Dermed er definisjonen deira av etniske aktivistar ganske

vid: "[...] organizationally or otherwise communally active respondents" (op.cit.:283), altså personar som er aktive i organisasjonar eller på annan måte i samfunnet. Sjølv blant revitaliserarane eg har intervjuia, er det stor variasjon i korleis dei ulike deltek i språkbevaringa, eller rettare sagt bidrar til revitaliseringa av sør-samisk. Opptil fleire av dei er altså medlemer i ein sør-samisk ungdomsorganisasjon. Andre tek del med sin eigen språkpraksis, eller med å lære ungane sine meir samisk enn det dei sjølve lærte i oppveksten.

Eriksen (1991:19) påpeiker eit paradoks med revitaliserarar som har tileigna seg mykje av majoritetskulturen. Han kallar revitaliserarane *cultural brokers*; omsett til *kulturelle formidlarar* av Huss (1997:187). Han definerer dei som individ som beherskar kodane til både minoriteten og majoriteten. For at minoriteten skal kunne gje seg nytte av potensialet som ligg i demokratiet til majoriteten og ha tilgang til heile infrastrukturen i majoritetssamfunnet, må ein del av minoriteten vera langt på veg assimilert. På den andre sida må delar av minoriteten ha så mykje av språket og kulturen sin att, at dei skal ha noko å kjempe for og slik vera kulturelle formidlarar imellom minoriteten og majoriteten. Paradokset, meiner Eriksen (*ibid.*), går på at det er dei minoritets-medlemmene som er lengst borte frå den tradisjonelle kulturen, som har dei beste høva til å kjempe for minoriteten.

Når det gjeld situasjonen for sør-samane, har dei vore i så nær kontakt med det norske samfunnet i fleire generasjonar, og assimileringa har kome så langt, at dette paradokset må seiast å vera minimalt. Det sterkeste domenet for sør-samisk, både språkleg og kulturelt, er reindrifta. Dei av informantane som hadde tilknyting til reindrift, var utan tvil integrerte både i det samiske samfunnet kring reindrifta og i det "norske" samfunnet i form av at dei tok høgare utdanning (innan andre fag enn reindrift) og på alle måtar har tilgang til og meistrar det norske samfunnet òg. I eitt av tilfella var ei framtidig overtaking av reindrifta alt avtala:

Men planane mine er jo lagt, for eg skal ta over etter faren min.

### **Altså reindrifta?**

Ja. Far min vil jo helst at eg skal ta over med ein gong, men så må eg jo ha utdanning, så eg veit ikkje heilt kva eg skal gjera.

### **Jøss, du har rett og slett bestemt deg for å ta over reindrifta? Var det vanskeleg?**

Ja, det var eigentleg litt turbulente forhold. Faren min var lei. Drittelei. Eg trur det gjekk på psyken laus, for det er ikkje nokon bra periode no.

### **Ja, er det hjå dykk det er og har vore så mange rettsaker?**

Ja. Så han vil eigentleg ikkje at vi skal ta over, heller, og han ville slutte med ein gong. Men eg har fått krangla meg til at han skal vente til eg i alle fall har fått meg utdanning. Men det viste seg jo at det var fleire som ville ta over. Det er slektingar av meg som er eldre enn meg, og som ikkje har hatt mulegheit til å ta over noko, og som har hatt lyst til å drive med rein. Og dei var veldig gira på å ta over. Men da merka eg kor ... Plutseleg såg eg ikkje for meg livet mitt utan reindrift. Det er det åndelege liksom, og det er det ... Eg er oppvakse i det, og ja, eg kunne ikkje sjå for meg eit liv utan.

Dette er eit døme på at det i mange tilfelle ikkje treng å vera slik at dei som er nærmast det norske samfunnet, samstundes er fjernast frå det samiske. Det er sjølvsagt ikkje mogleg å vera student i byen og reindriftssame på snaufjellet *samstundes*, men denne revitaliseringa viser at det ikkje er noko problem å vera det eine før ein blir det andre. Slik går det altså an å kjenne til og mestre livet i éin ende av ein skala utan å miste banda til den andre. Men det å slik skulle kombinere to kulturelle identitetar er ikkje alltid uproblematisk:

**Men føler du at du har ein ståstad i to ulike kulturar og at det gjev ein rikdom i seg sjølv?**

Ja, absolutt. Men det er såpass ... Det er nokre ting som sårar meg ... Eg er veldig sårbar på nokre område, eg merkar det. Eg snakka med tanta mi ein dag, og ho har vore i reindriftsfamilie no i 15–20 år, ho er gift med onkelen min og er ikkje same. Og ho sa at det er enkelte ting ho enno ikkje har forstått; ho klarer ikkje å forstå enkelte tenkemåtar! Og ho sa at ho berre måtte innfinne seg med det at det er enkelte ting ho berre ikkje skjønner. Og det er så store ulikheiter mellom tenkemåtane, at av og til så blir det sånn at det seier krasj for meg, altså. For når eg er i byen, så er det heilt annleis enn når eg dreg oppover med dei folka og ... Da blir det noko anna att. For her er eg jo så avhengig av mobilen min, for eksempel. Eg går jo med mobilen min *heile* tida. Og når eg er oppi der: Eg treng ikkje å ha han med ein gong! Det er så snedig. Og ikkje er det noko stress, og ...

**Ja, eg har hørt at samane har eit veldig avslappa forhold til tid. Er dette berre ei myte, eller?**

Nei, det er ikkje det. Det er noko vi kallar "den samiske halvtimen". Men denne halvtimen kan vare opp til fleire dagar.

I intervjuet kom vi ikkje nærmare inn på kva det er som gjer henne sårbar som tokulturell, eller på kva ho meiner ligg i desse ulike tenkjemåtane. Likevel viser dette utdraget at dette er skilnader det er vanskeleg å setje ord på. Bruk av mobiltelefonen er den første konkretiseringa som kjem fram når ho prøver å forklare dette, og tilhøvet til tid det neste, og desse hører jo i stor grad saman. Desse døma forklarer rettnok ikkje kva ho meinte med at ho var veldig sårbar på einskilde område, men er truleg lettare å ta tak i og forklare enn meir diffuse "tenkjemåtar". I eit anna intervju kom vi òg inn på kva det er som er ulikt i det samiske og det norske samfunnet. Her er det fokus på det sosiale rundt festar:

## **Den samiske fellesskapen som du er ein del av: Står den på nokon måte i motsetting til det norske? Var det kanskje det den gjorde under "ungdomsopprøret" ditt?**

Ja, kanskje ... Det er to heilt forskjellige verder. Da eg budde i (stadnamn i annan landsdel) var eg heilt åleine, og eg fekk ein sterk lengsel. Eg ville *heim*, og eg var lei av å forklare alt heile tida. For eg føler jo til ein viss grad enno at eg går her som eit vandrande leksikon!<sup>1</sup> For det å sitje og snakke om samiske ting, som er ein del av den samiske kvardagen heime, det blir krasj i eit ikkje-samisk miljø. For da må eg heile tida forklare. For dei i (stadnamnet att) forstod ikkje bæra av at eg kunne dra til Jokkmokk og Gällivare ei helg på fest, liksom. Det er to hundre mil. Og eg berre: "Jo, men sånn er det!" Og dei: "Nei, men det kan da ikkje berre vera sånn! Det er ikkje normalt". "Jo! Det er normalt!" Og da eg snakka med dei samiske vennane mine, så var det: "Skal du til Jokkmokk eller skal du dit, for det er samefest der." Og om det er hundre mil til ein plass, så fer vi dit når det skjer noko. For vi bur så spreitt, at når det først skjer noko, så gir du litt ekstra for å dra dit for å ta del i den samiske verda. Og ein norsk fest og ein samisk fest er to ulike verder.

### **Kva skjer på ein samisk fest, da?**

Nei, eg veit ikkje ... Det er alltid veldig høg stemning, liksom, og alle er veldig glad heile tida. Men det er fordi vi møtast så sjeldan, og da har vi så mykje å prate om. Vi kjenner veldig veldig mange rundt omkring, men vi treng ikkje ha den daglege kontakten. Det kan godt gå eit år mellom vi snakkast, men når vi møtast, så er praten der med ein gong! Vi er veldig knytte til kvarandre, og dessutan er mange i slekt! For eksempel søskenbarna mine som bur i (stadnamn). Så det er ein veldig sterk fellesskap.

Heller ikkje her er det så lett å få tak i kva som skil det samiske frå det norske, men den sterke sosiale fellesskapen og tilhøvet til avstandar blir altså trekt særskilt fram, som noko som skil seg frå det norske samfunnet: Etniske nordmenn flest har truleg eit noko anna tilhøve både til slekt og til avstandar enn dette.

Revitalisrarane eg har intervjuat, har altså mange kjenneteikn på å vera etnoentrepreneurar, aktivistar og kulturelle formidlarar, alt etter kva ein vel å kalle dei. Gjennom det sist nemne sitatet får vi i tillegg eit godt døme på svært aktiv kulturformidling og brubygging mellom tidlegare åtskilde sfærar: Denne revitaliseraren ser på seg sjølv som eit vandrande leksikon fordi ho så ofte møter mangel på kunnskap om sørssamar. Det generelle kunnskapsnivået om sørssamane er i det norske samfunnet svært lågt, og dette er det fleire av revitalisrarane som dreg fram i intervjuat (sjå kapittel 5.3.1). Som gruppe kjenner desse revitalisrarane fullt ut kodane i både det samiske og det norske samfunnet; dei er høgt utdanna (eller dei er under utdanning); og dei ønskjer å endre noko, altså språktilhøva i det samfunnet dei lever i.

<sup>1</sup> Informanten har tidlegare i intervjuet fortalt at ho tidvis har følt seg som eit vandrande leksikon fordi folk ho møter veit så lite om samar generelt og sørssamar spesielt.

I tillegg til å vise at det ikke treng vera nokon motsetnad mellom på den eine sida å vera nordmann med høgare utdanning og på den andre sida å vera reindriftssame, viser desse intervjuutdraga at det er tydeleg at det å ha kulturell kompetanse i to samfunn, eller to kulturar, er noko revitaliserarane set stor pris på trass mindre omstilingsproblem. Denne tokulturaliteten framstår likevel i stor grad som uproblematisk samanlikna med dei uskrivne og til tider, for utanforståande, kompliserte reglane som gjeld for samisk identifisering. Men før vi går over til dette med samisk sjølvidentifisering, vil eg gå inn på den språklege praksisen til desse revitaliserarane.

## 5.2 DEN SPRÅKLEGE PRAKSISEN

Eg har i samband med denne avhandlinga altså ikkje gjort noko omfattande undersøking av i kva grad sørsamisk språk er i bruk mellom ungdom generelt. Eg har heller ikkje gjort systematiske freistnader på å finne ut i kva grad revitaliserarane eg har intervjua beherskar sørsamisk. Likevel kan det som gjennom intervjuha kome fram om den språklege praksisen til desse informantane, seie noko om generelle tendensar i bruken av sørsamisk.

Alle eg har intervjuha, er morsmålstalarar av norsk og snakkar norsk totalt utan samisk substrat. Når det gjeld kompetansen deira i samisk, har alle hatt minst 11 års opplæring i det, men bruken og kompetansen deira spriker frå at nokre informantar ser seg sjølve som tospråklege og brukar språket dagleg, til at nokre nesten utelukkande har bruka det i skulesamanheng og dermed har store problem med å ha ein lenger samtale på sørsamisk.

I tillegg til å snakke norsk, og altså i varierande grad sørsamisk, har alle ein tredje språkvarietet som dei beherskar fullt ut: Det er å snakke norsk med innskotne sørsamiske ord. Kva ein kan kalle denne varieteten, kjem eg tilbake til i 5.2.2. I intervjuha gjorde eg forsøk på å få ei forståing for når informantane valde den eine eller andre varieteten, og det var tydeleg at dei som ikkje har ungar, ganske konsekvent vel ”norsk med sørsamiske ord” når dei snakkar med andre sørsmalar, og at det er svært sjeldan dei snakkar sørsamisk.

### 5.2.1 Bruk av sørsamisk

Det som *Arbeidsgruppen for sørsamisk utdanning* (1996) konkluderte med i rapporten sin (jamfør med delkapittel 3.5.3), at sørsamisk ser ut til å bli bruka i få og spesielle situasjonar, stemmer godt med det biletet eg får gjennom intervjuha med dei unge revitaliserarane. Situasjonar der desse informantane brukar sørsamisk er når ein snak-

kar med (fortrinnsvise) eldre) slektingar eller kjende som "nektar" å snakke norsk, når ein snakkar med ungar, når ein er full eller når ein skal seie noko hemmeleg som dei rundt ikkje skal forstå. Dei som kjem frå reindriftsfamiliar, nemner reindrifta i tillegg. Det neste sitatet stadfestar at slekt og reindrift er to viktige domene for bruk av samisk:

**Kor godt meiner du sjølv at du kan språket? For du har jo snakka språket sidan du var lita. Er du tospråkleg?**

Mm, eg ser på meg sjølv som tospråkleg, ja, sjølv om norsk er førstespråket mitt og det er det eg bruker mest.

**Snakkar du sør-samisk like godt som du snakkar norsk?**

Nei. Det gjer eg ikkje. Men eg føler jo at ... Eg har jo hatt ein periode ... Eg merka det spesielt da eg gjekk på vidaregåande og da eg budde i (stadnamn), da brukte eg jo det så å seie aldri, og det er jo ... Det å få... At det blir ein naturleg ting å gjera, det følte eg på ein måte at eg mista da. Så, for no er eg automatisk, liksom, sjølv om eg veit at den personen eg snakkar med forstår og snakkar samisk, så snakkar eg norsk til han. Men sånn trur eg det er litt over alt, bortsett frå i Kautokeino. [...] Og det er jo sånn heime, òg. I reindrifta, der bruker vi mykje samisk. Det er på ein måte så innarbeidd, at det ...

**Det finst kanskje ikkje norske uttrykk for mange ting ...?**

Nei, det er mykje sånn i det daglege ... Det er mange ord som eg får problem med når eg snakkar med ikkje-samar, på ein måte, eller som ikkje kan språket. At eg må leite etter det norske ordet! Det er for eksempel ord som ikkje er naturleg for meg å seie på norsk, sånn som *tjidtjie* (mor) og *aehtjie* (far), det er det som er naturleg for meg å seie om mamma og pappa. No har eg lært meg til det, men i byrjinga så hadde eg skikkeleg problem med dette når eg skulle omtale foreldra mine på norsk. Da vart det sånn, ja.... ehhe... *mora* mi: Dette her er feil [latter].

**Ja, for slektskapsord står veldig sterkt i samisk?**

Ja, for tante og onkel har vi for eksempel mange fleire ord. [...] Eg har ei følelse av at vi er veldig knytte til slektingar.

**Du skjønner alt når du høyrer sør-samisk?**

Ja, eller det *kan* jo vera eitt og anna ordet som eg ikkje kjenner, men til dagleg bruk så skjønner eg alt. Kanskje eg ikkje skjønner det like godt om det er sånn akademisk eller på fagleg høgt nivå, men ...

**Når bruker du sjølv språket?**

Eg snakkar ofte samisk med ungar og med eldre folk. Eg snakkar sjeldan samisk med min eigen generasjon og foreldregenerasjonen min. Men det var ein periode der nesten ingen av dei samiske vennane mine snakka samisk. Mens no i dag så er ... Eg

veit ikkje ... Vi berre fann ut at: "Herregud! Om ikkje *vi* gjer noko med dette her, så kjem språket vårt til å forsvinne". Så no i dag er det veldig sånn at vi har vorte meir bevisst på det at vi må bruke språket.

**Finst det situasjonar der du snakkar berre sørsamisk, der du kan ha ein heil samtal på berre sørsamisk?**

Ja, det kan eg ha... Men det må vera naturleg. Ein naturleg situasjon.

**Kva er det som definerer det, da?**

... [nøling]

**Kven snakkar du det med?**

Små ungar 2–10 år, pluss enkelte andre personar. Mora til nokon eg vaks opp med. Ho tykkjer dette er kjempeviktig, og ho veit kva eg står for. Ho har kjent meg heile tida, og ho syntest at det var synd at eg ikkje fekk samisk som førstespråk då eg byrja på skulen. Og ho er veldig bevisst på at eg skal snakke samisk til henne. Om eg stiller eit spørsmål til henne på norsk, så kan ho bevisst ikkje svare. Og da berre: "OK, skjønner!" [latter] Og med henne er det så greitt, for ho seier aldri: "Nei, no sei du feil!" Ho gjentar det eg seier så eg høyrer at det er feil, eller at eg har brukt eit feil ord eller noko, da. Og da får du ikkje den derre: "Å, nei, dette var flaut". Og ho er ein sånn person som eg veit at forventar det. Ho veit at eg kan!

Dette er altså ein veldig sterk språkbrukar, men ho seier at ho på eit tidspunkt mista dei "naturlege" situasjonane for å snakke samisk sjølv til dei ho veit kan samisk, så bruken hennar av samisk avgrensar seg til å snakke med ungar og spesielle vaksenpersonar. Dermed blir språket overlate til dei meir spesielle situasjonane, for det er berre svært avgrensa situasjonar der det er "naturleg" å bruke det, trass i at ho heilt klart har kompetanse til å bruke det i fleire situasjonar. Likevel snakkar ho tydelegvis meir samisk med venene sine no enn før. Men kva dette inneber, kom vi ikkje meir inn på. Ein annan informant seier dette om når samisk er i bruk:

**Har du noko inntrykk av når det er folk snakkar samisk? Er det når det er noko hemmeleg?**

Nei, ja, det er no som regel viss det er noko skitprat, da [latter]. Eller om ein er litt bedugget, da blir det lett til at ein snakkar samisk.

**Å ja, når ein mistar hemningane?**

Jaja. Så det er liksom det det står på, det å tørre. Så har ein fått litt innabords, da er det ikkje noko problem å snakke samisk.

Dei to situasjonane som denne informanten peiker på, er altså når ein har mista hemningane ved hjelp av alkohol, eller ein skal seie noko som andre ikkje skal høyre. Nett dette siste er det fleire som nemner:

Men sånn som meg og venninnene mine ... Om det er noko spesielt som ingen skal høre, eller, da bruker vi jo sørsamisk ubevisst igjen. Når ho ringer meg og snakkar samisk, så skjønner eg at no er det nokon i bakgrunnen som ikkje skal høre. [...] Og vi snakkar ofte samisk om vi sit på kafé og slikt. Men det har jo mest med at ... Kjem det inn ein kjekk fyr så ...

Ein av dei få situasjonane der det er "naturleg" å bruke sørsamisk, er altså for fleire av informantane når dei skal seie noko som andre ikkje skal høre. Det at det er lettare å snakke med ungar, dukkar òg opp fleire stader i intervjuaterialet. Denne informanten har til dømes slektingar som ho sit barnevakt for:

Men folk har vorte flinkare, og meir bevisst med sine ungar no, synest eg. Eg har jo søskenbarn og tanta og onkelen min, dei snakkar nesten berre samisk i familien. Ho minsta er vel 3–4 år, og ... Dei har fire ungar, sjø. Så når eg møter henne, og har vore barnevakt og slikt, så bruker vi samisk, liksom. Det er mykje enklare å prate med ungar.

Dei av informantane som skil seg ut med den språklege praksisen sin, er dei to som har fått ungar. Dei brukar språket til kvardags, noko som gjer òg at dei truleg beherskar det betre enn dei andre informantane. Dette tyder derimot ikkje at dei *alltid* har beherska språket godt. Som vi skal sjå seinare, har desse to hatt det nokolunde same språklege utgangspunktet som dei andre informantane, så det at dei brukar det til dagleg tyder at dei har aktivt har teke tak i sin eigen språklege praksis og endra han.

Alle informantane har det til felles at dei er *semitalarar* i ein eller annan grad. Omgrepet stammar frå Nancy Dorian, og skildringane hennar av språkskifteprosessen frå gælisk til engelsk i East Sutherland i Skottland. Dorian (1997:23) skriv at ho oppdaga omfattande skilnader mellom dei eldre talarane som snakka språket flytande og dei yngste talarane av gælisk. Gælisken til dei yngste viste tydelege avvik på einskilde område samanlikna med språkkunna til dei eldre. Ho fann eit kontinuum av språkdugleik frå fullt flytande bruk til å ha berre dei mest basale kunnskapar for å gjera seg forstått på språket. I den neste enden av skalaen fann ho "some who could make themselves understood in imperfect Gaelic but were very much more at home in English. These last I have called "semi-speakers""". Semitalarar er altså brukarar av språket som kan gjera seg forstått, men som kjenner seg mykje meir heime i majoritetsspråket. Desse semitalarane i seg sjølve utgjer eit kontinuum Dorian (1982:26): I den nedre enden av skalaen skil språkbrukarane seg frå nesten-passive tospråklege ved at dei klarer å lage setningar av ord, og at dei kan ta i bruk ord dei ikkje kjenner frå før og lage forståelege setningar av dei. I den øvre delen av skalaen skil semitalarane seg frå flytande talarar ved at dei har språklege avvik som blir oppfatta som "feil" av flytande talarar, og også gjennom frekvensen av slike avvik. Dette kontinuumet som termen *semitalarar* representerer, er med andre ord veldig vidt. Språkdugleiken til informantane mine

representerer på same måten eit vidt kontinuum frå nesten berre å ha brukta språket i skulesamanheng, til å bruke det som kvardagsspråk. Det alle har til felles, er at dei veit at dei ikkje beherskar språket fullgodt, og at dei snakkar "feil" innimellan. Med fare for å bruke termen *semitalar* som ein vidare term enn opphavskvinna Dorian gjer, vel eg å kalle alle informantane mine for nettopp dét. Eg har ikkje hatt høve til å undersøke den faktiske språkkunna til informantane i denne undersøkinga, og kan ikkje leggje språklege kriterium til grunn, slik Dorian har gjort i det gæliske språksamfunnet ho har studert. Dorian seier imidlertid at språkbrukarar i den øvre delen av semitalar-skalaen skil seg ut som semitalarar ved språklege "feil", og det er nettopp dette eg legg til grunn for denne kategoriseringa: Informantane mine blir, som vi skal sjå seinare, *oppfatta* som semitalarar i det sør-samiske språksamfunnet.

Det er altså stor variasjon i språkkunna til informantane, men fleire av dei verkar å vera sterke språkbrukarar, noko som gjer at dei hamnar ganske høgt på dette semitalar-kontinuumet. Trass i at dei er semitalarar og ikkje snakkar språket feilfritt, viser den innsamla empirien at det er berre éin av dei som utnyttar den språkdugleiken dei faktisk har i sør-samisk fullt ut. Dei resterande informantane sit altså på store uutnytta språklege ressursar.

### 5.2.2 "Å bruke enkeltord"

Alle informantane brukar altså i samtale med andre sør-samar norsk med sør-samiske enkeltord. Dette er noko alle beherskar. Sjølv i sør-samiske familiar der det nesten utelukkande blir snakka norsk, er det vanleg å bruke samiske ord og uttrykk meir eller mindre konsekvent om visse ting. Dette ser ut til å vera ein vanleg praksis i det sør-samiske området, og det gjeld særleg ord som er verdiladde, som slektskapsord, helsingar og ord og uttrykk frå tradisjonell samisk kultur. Det er ein tendens til at fenomenet førekjem mest ved substantiv, men verb og lenger uttrykk kan også førekoma. Todal (2002:117f) skriv at han har observert tendensar til det same fenomenet i andre samiske område ved at ungar brukar samiske namn på til dømes besteforeldre i eit elles norsk språk, men det kan sjå ut til at det er i det sør-samiske området det er mest utbreidd. I det neste sitatet får vi eit godt bilet av kva det dreier seg om:

#### Men lærte du samisk frå du var unge?

Nei, den samisken eg har lært ... Du kan seie det slik at eg har antakeleg hatt ein veldig typisk sør-samisk oppvekst, sånn språkleg. I forhold til at slektskap er jo viktig hos oss. Og alle slektskapsnemningar brukast ofte. Sånn som eg har vel sagt både *tjidtjie* og *mamma* for mora mi, men elles for onklar og tantar så har vi brukt *jyøne* (yngre bror av mor), *seasa* (søster til far), og alle dei nemningane som fortel kven dei er i forhold til meg. I eit norsk språk. [...] "Kor e *nejpien* min?" Altså kor er kniven

min? "I går så hadd æ en stor *voesse* (sekk) med sånn og sånn på samisk." Altså det er ei utrøleg blanding med samisk. [...] Ein bruker dei samiske orda ein kan, stort sett med norske endingar på. Altså "nejpien min". [...] Eg har òg snakka sånn, og eg veit det var viktig for meg som synleggjering, både innad i det samiske og utad mot det norske, for det viser veldig sånn ... at du *kan* noko ... For det er nesten som eit eige språk. Og det finn du hos veldig mange ungar. [...] Men det hender at desse norske endingane blir med inn i samisken, da. Dei seier *tjahken*, i staden for *tjakaste*, (i fjellet). Så nokon er veldig sånn fy fy ikkje bland, og ...

### **Men når ungane snakkar slik, meiner dei da at dei snakkar norsk eller samisk?**

Dei meiner nok at dei snakkar norsk, ja, men det er nok ein slags: "Ja, *det kan eg*", og det gir eit samhald i forhold til dei som ... Det er inkluderande i forhold til dei andre som skjønner det, men samtidig ekskluderande i forhold til dei som ikkje skjønner noko, da.

Denne måten å snakke på er altså viktig som identitets- og etnisitetsmarkør. Ein markerer avstand til etnisk norske, og ein markerer samhørsle med andre samar. Dette "språket" blir kalla "norsk med samiske ord" eller "å bruke enkeltord", slik vi ser i dette sitatet:

### **Kor ofte brukar du sorsamisk? I kva situasjonar brukar du det?**

No når eg bur i (stadnamn), så blir det lite brukt. Men når (namn på ein annan same) har budd hjå meg no, så har det vorte meir.

### **Åja, snakkar de sorsamisk saman?**

Nei, det verste er jo at vi gjer ikkje det. Det blir berre enkeltord. Og det er veldig synd.

[...]

### **Har denne bestemora snakka samisk med dykk da de var små, eller?**

Neisj ... Men det er klart, alle bruker enkeltord. Men det er einast det. Og ein merkar at i samband med kjøtt og sløyd, så er det enkelte ting dei (besteforeldre) ikkje *kan* på norsk. Og eg òg: For eksempel lærte eg først ved konfirmasjonsalderen at barmkledet på kofta heiter "barmkledet" på norsk, liksom!

Det er altså ikkje lett å vite kva ein skal *kalle* denne språkvarieteteten. Så lenge han berre blir bruka av ei etnisk gruppe, kan ein kalle sjølve språkstrukturen for ein etnolekt, og det gjer eg i resten av denne avhandlinga<sup>2</sup>. Sjølve *fenomenet* liknar på *leksikalske lån*. *Lån* kan ein kalle det når trekk frå eitt språk eller éin varietet blir innlemma i eit anna. Dette kan skje på ulike lingvistiske nivå, både morfologisk, syntaktisk og fono-

<sup>2</sup> For nærmere drøftingar av omgrepene etnolekt, sjå til dømes Mæhlum et al. 2003 og Mæhlum 2006.

logisk, men her er det i så fall snakk om leksikalske lån. Mæhlum (2006:12 kapittel 7) drøftar dette, og kjem fram til at denne etnolekten kanskje kan omtalast som ein form for *metaforisk kodeveksling*. Dette er ein form for veksling som opptrer ved endring av emne eller rollerelasjon ved samtalens, og fangar opp funksjonen denne etnolekten har betre enn *lån* (Røyneland 2003:45). Mæhlum (*ibid.*) meiner det essensielle ved denne integreringa av sør-samiske leksem i ein elles norsk språkstruktur er

[...] hvordan disse komponentene fra minoritetsspråket er indeksert med en mening som gir klare konnotasjoner til den særskilte sosiokulturelle konteksten som minoriteten representerer. De sør-samiske elementene framstår slik som et symbol på, eller et signal om, språkbrukerens tilknytning til et spesifikt etnisk fellesskap. Denne *indeksikaliteten* er en generell egenskap ved bruken av alle språk og dialekter, men framstår nok likevel som mer synlig og vital i slike tilfeller som vi her omhandler, der minoritetsspråket og minoritetskulturen representerer noe såvidt unikt innenfor rammene av det norske storsamfunnet.

Oppsummeringsvis kan ein seie at denne etnolekten på sett og vis ser ut til å erstatte dei sosiale funksjonane som det sør-samiske språket ville ha hatt dersom dette var meir i bruk. Språket er ofte den viktigaste kroppsleggjeringa av og det fremste kjenneteiknet på etnisitet (sjå t.d. Giles 1977). Etnolekten "norsk med sør-samiske ord" fungerer som eit "substituttspråk" som kompenserer for den manglende etniske symbolikken talarane opplever ved å snakke norsk. Når dei altså snakkar norsk utan samisk substrat, og ikkje beherskar samisk tilstrekkeleg til å bruke det som daglegspråk, er det plausibelt å tru at det i denne situasjonen er desse tidvis sterkt symbolladde sør-samiske innslaga i norsk som dekkjer behova for språkleg etnisk symbolikk som markerer den etniske identiteten og den indre solidariteten.

Skildringa av den språklege praksisen til informantane får her ligge som eit forståingsgrunnlag medan eg kjem nærmare inn på kva det er som utgjer barrieren det er å endre nettopp denne praksisen.

### 5.3 STIGMATISERING

Omgrepet *stigma* er opprinnelig gresk, og det var eit merke som vart brent eller skore inn i kroppen for å vise at vedkommande var slave, kriminell eller forrædar. Ein slik person var besmitta, og ein skulle unngå slike, spesielt på offentlege stader. I dag står omgrepet for sjølve vanæra heller enn dei kroppslege kjenneteikna (Goffman 1963<sup>3</sup>, her etter Hove 2001:8). Omgrepet har ei vid tyding, og er brukta på mange ulike måtar. Goffman, som var den som introduserte omgrepet, skildrar *stigma* som ein eigenskap ved ein person som er sterkt vanærande (Goffman 1963:12, her etter Hove 2001:11).

<sup>3</sup> Goffman, E. (1963): *Stigma. Notes on the Management of Spoiled Identity*. New Jersey

*Stigmatisering* oppstår dermed når ein person med eit stigma blir kategorisert som annleis – på ein negativ måte – av andre:

[...] a person who is stigmatized is a person whose social identity, or membership in some social category, calls into question his or hers full humanity – the person is devalued, spoiled, or flawed in the eyes of others (Crocker, Major & Steele (1998)<sup>4</sup>, her etter Dovidio et al. (2000:1).

Korvidt ein person er menneskeleg, kan altså trekkjast i tvil av andre på grunn av eit stigma. Det er ingen tvil om at vi historisk har å gjera med stigmatisering av samane som folkegruppe: Samane vart sett på som mindreverdige menneske, og det å vera same var eit stigma i seg sjølv som innebar ei rekke negative eigenskapar (jamfør kapittel 4.2.3). I dette kapittelet legg eg eit litt mindre sterkt innhald i omgrepene stigmatisering: Eg brukar det vidt, og femmar om *ulike typar negativ forskjellsbehandling som desse informantane har vorte utsette for på grunn av den etniske tilhøyrsla si.*

Dersom ein ser identitet som resultatet av eitt sjølvprodusert bilet av seg sjølv, og eitt bilet produsert av andre, er det opplagt at opplevelingar av stigmatisering vil påverke korleis ein identifiserer seg sjølv. Heile livet går vi gjennom ein kontinuerleg sosialisering der vi får stadfestingar og avkreftingar frå andre på måten vi handterer identiteten vår (Thuen 1993:20). Dersom ein person stadig opplever å bli stigmatisert, kan dette få permanente verknader for sjølvoppfattinga:

[...] the experience of being stigmatized, or being the target of stereotypes and prejudice, resulted in distortions of the personality of the stigmatized person – most often in low self-esteem (Dovidio et al. 2000:1f)

Det vanlegaste er altså at ein stigmatisert person får låg sjølvtilleit som resultat av stigmatiseringa. I desse tilfella er det to etniske dimensjonar med i biletet – samisk og norsk – og eg vel å skilje mellom *inter-etnisk* og *intra-etnisk stigmatisering*. Inter-etnisk stigmatisering er stigmatisering utført av etniske nordmenn mot samar. Intra-etnisk stigmatisering er stigmatisering ein kan finne innetter i det samiske samfunnet, altså både utført av og retta mot samar.

### 5.3.1 Intra-etnisk stigmatisering

Ein ting er dei konfliktane som har vore mellom det norske og det samiske, men det har òg vore veldig mange konfliktar innad i det samiske, blant anna med dette: Når er du ein "fullverdig" same? Det er eit uttrykk eg ikkje liker så veldig godt, for folk er forskjellige, og folk er kanskje ikkje like frampå. Eg trur alle har ein eller annan konflikt med sin identitet, men nokon har veldig behov for å vise alle at dei

<sup>4</sup> Crocker, J; Major, B; & Steele, C. (1998): "Social stigma". I Gilbert, D.T; Fiske, S.T & Lindzey, G. (red.): *Handbook of social psychology* (4.utg. band 2). Boston: McGraw-Hill, s. 504–553

er samar, medan du òg har dei som er veldig tilbaketrekt, og er tilfreds med den situasjonen dei er i.

Dette med ”konfliktane innad i det samiske” var noko eg på førehand kjende lite til, og dei fleste av spørsmåla mine under intervjuet gjekk på opplevingar av inter-etnisk stigmatisering. Det viste seg imidlertid at nokre av informantane, i tillegg til å ha erfaringar med inter-etnisk stigmatisering, også hadde opplevingar med intra-etnisk stigmatisering. Dette er, som informanten i sitatet over påpeiker, ofte knytt til det å vera ”heil” eller ”halv” same, som her:

Og da eg kom på skulen, så vart det brukt ein del frå samisk hald, av samiske elevar. ”Ja, du er därlegare, for du er berre halv”. Men da var motsvaret mitt at eg kunne blodprosentane til alle i hop, eg. Eg visste at mora til ho som hadde sagt det til meg, ho var like mykje same som meg, så det kunne eg køyre tilbake med, da. Så eg forbind det kun med negative ting, og det å dra ned.

Denne informanten har ein norsk forelder, og har altså opplevd å bli kalla ”halv” same i negativ forstand. Det at ho som ung skulejente kunne ”blodprosentane” til alle dei andre, viser i seg sjølv kor viktig dette var, og kor stort fokus det må ha vore på det. I det neste sitatet er det ikkje blodprosentar og kva ein *er* det går ut på, men kva ein *gjer*, eller korleis ein lever:

**Har du nokon gong opplevd nokre problematiske ting i forhold til det å vera same, har du vorte mobba eller ...?**

Eigentleg så ... Det er jo slikt ein eigentleg ikkje pratar om, da, men det ein merkar mest, er eigentleg mobbinga innad i det samiske samfunnet. Dette med at viss du ikkje har rein, veit du. Da er du ikkje ein ordentleg same, eller da er du mindre verd. Det er litt sånn. Eg veit ikkje kva det kjem av, dette. Dei er vel sikkert usikre sjølv, da ...

Her er det tydeleg at han sjølv meiner han bryt eit tabu ved å snakke om det han kallar mobbinga innanfor det samiske samfunnet. Sjølv om han òg har ein norsk forelder, så nemner han ikkje stigmatisering på grunn av dette. Derimot seier han at ein blir sett på som ”mindre” same dersom ein ikkje har rein. I det neste sitatet blir desse to dimensjonane kombinert, men likevel på ein måte som viser at i alle fall denne informanten har opplevd den eine dimensjonen som viktigare enn den andre:

Men i det samiske samfunnet nokre gonger da, så er eg ikkje same *nok*. Fordi mora mi er norsk. Så på internatet så var det litt diskriminering oss samane imellom, da.

**Å, seier du det? Av ungane, eller av dei vaksne?**

Ja, ungane og av foreldra til ungane. Vi var ikkje like bra som deira eigne ungar, for dei hadde foreldre som begge var samar.

**Det hjelpte ikkje at du var frå reindriftsfamilie, da?**

Det var no eit plusspoeng, da, og det hadde jo vore hakket verre viss eg ikkje hadde vore det, da. Det var så mykje latterleg der, altså.

I intervjuet kom vi ikkje inn på kva informantane trudde var grunnane til ei slik intra-ethnisk stigmatisering, men i eit sitat over ser vi at informanten nemner på slutten at "dei er vel sikkert usikre sjølv, da". Eg skal ikkje her gå grundig inn i moglege grunnar til kvifor slik stigmatisering finst, berre vise at denne informanten truleg har heilt rett i uteagna si:

For instance, people may stigmatize others partially to reduce the complexities of understanding them as multifaceted individuals [...], to feel better about themselves [...], to feel better about their groups [...], to justify their preferential status in society [...], or to validate an important world view.

Neuberg, S.L.; Smith, D.M & Asher, T. (2000:32f) ramsar her opp mange grunnar til at folk stigmatiserer andre, og det å stigmatisere for sjølv å kunne føle seg betre, er nemnt. Truleg er både den intra-ethniske og den inter-ethniske stigmatiseringa skulda ei kompleks blanding av mange ulike grunnar. Eg skal ikkje gå nærmare inn på desse her.

### 5.3.2 Inter-ethnisk stigmatisering

I tal er forteljingane om inter-ethnisk stigmatisering i materialet mitt *fleire* enn dei intra-ethniske, men, som det etter kvart vil koma fram, har revitaliseringane ulike meisningsstrategiar andsynes dei to ulike typane. Forteljingane om stigmatisering utført av etniske nordmenn, eller "ikkje-samar", som dei ofte blir kalla i intervjuet, er i store trekk ganske like, men nokre informantar hadde mange episodar å fortelje og andre ingen. Litt av forklaringa på det kan vera at eg i ulik grad følgde opp med spørsmål om dette temaet under intervjuet, ei anna kan vera fokuset informantane sjølv har på temaet. Dei som er opptekne av det, er gjerne meir vare for slike situasjonar og legg betre merke til det enn dei som ikkje er det. Mest av alt trur eg likevel at det speglar mangfaldet som finst mellom samane når det gjeld i kor stor grad dei har opplevd stigmatisering.

#### Har du vorte mobba for å vera same nokon gong?

Nei, det har eg ikkje. Eg har møtt stor forståing for det samiske, og da eg gjekk på ungdomsskulen, så hadde eg ikkje inntrykk av at ... Det var ikkje mykje kjemping for å få samiskundervisning. Det var ingen motstand mot det på skulen. Og likeins på (namn på ein annan skule). Eg følte aldri det var noko negativt med det. Heller ikkje på (namn på vidaregåande skule) var det noko problem.

Denne informanten meiner altså at ho ikkje har vorte utsett for mobbing eller møtt

motstand på grunn av at ho er same – korkje frå privatpersonar eller frå skuleverket. Det er likevel fleire som svara nei på spørsmålet, men som samstundes fortel om episodar:

### **Har du opplevd mobbing?**

Nei. Da vi gjekk på barneskolen, da, så fekk vi slengt "samejævla" og alt det der, og akkurat der og da var det kanskje ikkje så artig. Men vi var så mange at vi orka ikkje å bry oss om det, for desse bygdeungane kunne berre halde seg heime. Men etterkvart vart vi jo kjent med dei; da vi kom på ungdomsskulen kom vi jo i klasse med dei, og da viste det seg at det hadde jo berre vore denne framandfrykta. Det var eit internat nedpå der, og der visste dei at det budde ein haug med sameunger, men meir visste dei ikkje. Og dei sa jo det, det var berre det dei visste, og dei skjønte jo ikkje kva vi eigentleg gjorde der. Så det som vart slengt etter oss, var jo på grunn av uvitenheit og ...

Her svarar informanten altså kjapt "nei" på spørsmålet om ho har opplevd mobbing. Likevel fortel ho umiddelbart etterpå om mobbeepisodar frå barndomen. Dette tyder på at ho trass i at det ikkje "var så artig" då, ikkje ser på dette som så alvorleg no, og ho orsakar mobbarane: Dei var berre ungar som ikkje visste betre. Det er fleire som har denne haldninga til mobbing frå andre ungar:

Men eg trur ikkje dei sjølve forstod kva dei eigentleg gjorde.

Den eine informanten fortel ei lang historie om noko ein kanskje kan kalle indirekte mobbing. Ho var i tenåra og fekk vite at ein jamaldrande gut, ein ikkje-same frå ei anna bygd, var forelska i henne. Då dette vart kjent, vart denne guten utsett for mobbing:

Så det var liksom ikkje lov det da, på ein måte, å bli forelska i meg. [...] Eg følte det var diskriminerande mot meg, for eg var ikkje ein av dei på ein måte. Eg hugsar eg tenkte: Eg er jo på ein måte annleis, men er eg SÅ annleis, da?

Ein av informantane har tydelegvis opplevd mykje merksemd rundt det å vera same, og seier han tykkjer "same" er eit negativt ladd ord:

Eg liker eigentleg ikkje å høyre det. Det er alltid noko negativt med det, for det er ofte i negative samanhengar ein får høyre det. Så eg liker eigentleg ikkje når folk spør meg om eg er same og slikt ...

**Ja, er det fordi du føler at du blir sett i bås, da eller, at dei tenkjer: Jasså ja, er du same ... Og så tenkjer dei mange rare tankar om kva det betyr, eller?**

Ja, det blir litt slik, ja, på ein måte.

Det er fleire som har opplevd motstand når dei har bede om opplæring i samisk ved ulike skular. Den eine informanten kan fortelje at ho aldri har fått teke eksamen i

samisk som andrespråk, fordi ho aldri fekk den undervisninga ho hadde krav på då ho skifta vidaregåande skule etter eitt år:

Eg for imellom og prata med veldig mange folk. Eigentleg trur eg eg kunne ha fått det om eg hadde prøvd litt meir. Gått høgare opp og kjempa meir. Men når du får nei, nei, nei overalt og folk berre: "Nei, det er ikkje aktuelt", så når du er veldig ung, så blir du veldig sånn, nei ... Eg var 16 år og prata med øverste hald overalt, og eg var til rådgjevarar og eg var hit og dit. Men nei, dei såg så mørkt på det, men kunne kanskje ordne det til neste år, og mykje sånt. Så eg har ikkje eksamen i samisk som andrespråk, og det skulle eg gjerne ha hatt. Og det er litt tungt og skal byrje å ta det att no, da. Eg har tenkt litt på det, å ta det opp att, men om eg først skal ta det, så må eg satse litt på det. Eg er ikkje nøgd med ein därleg karakter i samisk, akkurat. Eg kan jo ikkje utdanne meg vidare innan samisk utan å ha teke det først.

Den vidaregåande skulen får därleg skussmål frå fleire:

Slik er det på vidaregåande òg. Ikkje sant, når ein får søknadspapira, så er det ruter ein kan krysse av for sørsamisk første- eller andrespråk. Men når ein kjem på skulen da, så er ingenting fiksa. Ingenting. Og da står du der, da og må fikse alt sjølv.

### Og det har du gjort?

Ja, eg var jo nøydd til å gjera det sjølv, da. Det er jo eigentleg ein hån, dette. Og dette er jo noko vi skal arbeide med i organisasjonen vår. (kommunenamn) kommune skal jo liksom støtte sør-samiske språkprosjekt, men når det kjem til stykket, så gjer dei ikkje ein skit. Så eg måtte jo vente til etter jul før eg fekk undervisning da eg byrja på skulen. Så det tok kjempelang tid, og det kunne ha vore ordna på to veker, men det var så mykje fram og tilbake på skulen. Og ein føler jo et ein blir litt motarbeidd, da. Også fekk eg høyre heile tida at det var dyrt og kosta pengar og alt muleg. Ein blir jo ein byrde, da. [...] Det er ingen openlys rasisme, eigentleg, men ein føler jo at ein blir motarbeidd. Og det er frykteleg irriterande.

### Men du må jo vera ganske tøff, da, for å fortsette og ikkje berre gje deg.

Men det er jo fordi eg hadde eit kurs på ... eller det var ei prosjektveke på barneskulen, og der fekk eg høyre at eg skulle berre stå på og krevje, for eg har krav på det. Og eg er veldig glad eg var på det, for elles hadde eg jo gitt opp for lenge sidan.

Her ser vi gode døme på at sjølv om dei formelle rettane til opplæring i samisk er til stades, så er det slett inga sjølvfølgje å faktisk få det. Men som vi ser, inntek denne siste informanten ei offensiv haldning til dette problemet, og seier dei skal ta tak i det i organisasjonen. Det neste dømet viser ei oppleving av stigmatisering frå andre myndigheter enn i skuleverket:

Eg fekk no ein bot her om dagen, eg, for eg drog ... Vi har ein sommarstad oppi (stadnamn). Eg køyrde no inn der som vanleg eg, og for tilbake og, ja, det var på slakt. Da eg kom tilbake, stod dei (politiet) der da og venta på meg og gav meg bot (for ulovleg køyring med snøscooter). "Men eg bur jo her, sa eg". Ja, nei, det var *faren min* som hadde rett til å køyre her, og ikkje eg. Så eg fekk bot på 350 kroner.

### **Nei, er det mogleg?!**

Så sa eg, "Ja men, kva eg skal gjera, da, når eg skal heim?" "Nei, du får no sitje på med far din, da", sa dei. Så eg fekk no bota. Kva eg skulle gjera, da? Eg stod der på ein øyde veg og ...

Den neste historia er, i likskap med denne om bøtlegginga, ikkje fortalt som svar på spørsmål om opplevingar av stigmatisering, men kom fram på anna tidspunkt i intervjuet. Eg vel likevel å ta dei med her for å vise fram situasjonar eg meiner er døme på inter-etnisk stigmatisering, trass i at hovudpersonane sjølve ikkje eksplisitt kategoriserte det som mobbing eller stigmatisering. Her snakkar den eine av informantane som har ungar om at ho meiner det er viktig at helsepersonell kan noko om tospråkleg tileigning, slik at dei kan rettleie foreldre som vil gje ungen sin eit anna språk i tillegg til norsk:

Det er klart at helsepersonell bør kunne rettleie meg i tospråkleg tileigning. Og ikkje gjer sånn som det vart sagt til meg at "du må jo passe på så ungen får eit språk å tenkje på". Tenk deg å seie det! Hæ?

### **Nei! Har nokon sagt det?!**

Ja, men altså det var ... Det er ikkje sikkert ho har tenkt på kva ho sa ...

### **Huff, nei, det er jo sikkert ei ukjent problemstilling for henne ...**

Men eg vart jo litt sånn "Hallo?!" Men eg veit så mykje, for eg har lese. Men viss ho hadde sagt det til ei mor som hadde tatt den beslutninga at ok, eg skal snakke samisk med ungane mine, men eg er litt usikker. Ho hadde ikkje turt å fortsette, altså. Du vil jo gje ungen din eit språk å tenkje på! Å, det er så gammaldags og ...

Når eg reagerer med vantru på denne kommentaren om at samisk ikkje er eit språk for tanken, er informanten kjapp til å byrje å orsake den som har sagt det. Det er tydeleg at ho meiner denne utsegna er eit resultat av manglande kunnskapar og ikkje av personleg vondskap. Den aktuelle helse-arbeidaren visste ikkje betre, og då er det ikkje hennar feil. Dette ser ut til å vera grunnhaldninga. Informanten legg vekt på at det for hennar del ikkje er noko problem å heve seg over slikt, for ho er utdanna og veit betre enn dette. Derimot kan det bli eit problem dersom meir usikre mødrar blir møtt med dette synet på tospråklegheit i samisk og norsk.

Som døme på inter-etnisk stigmatisering ser vi altså eit spekter frå einskildepisodar med mobbing av jamgamle ungar via støytande utsegner frå helsearbeidarar og rigid maktbruk av politiet til meir systematisk usynleggjering i utdanningsvesenet. Rundt desse forteljingane i intervjuet utkrystalliserer det seg ulike strategiar for å takle ulik type stigmatisering. Alle som nemner episodar, både frå barndom, ungdom eller

vaksenlivet der det er einskildpersonar som står bak, har ei overberande haldning til den som står bak stigmatiseringa. Dei hevar seg over heile situasjonen og orsakar personane bak stigmatiseringa ved å vise til manglande kunnskapar. I mange tilfelle peiker dei oppover og identifiserer rota til problemet på eit høgare nivå enn det individuelle. Det er systemet det er noko feil med, og det vil dei på ulike vis gå inn for å endre. Nokre viser til den sør-samiske ungdomsorganisasjonen og seier dei vil arbeide med saka. Fleire nemner det at Snåsa kanskje skal bli tospråkleg kommune som ei god byrjing på å få gjennomført nødvendige tiltak, både for kompetanseheving og for generell synleggjering og spreying av kunnskap om det sør-samiske (språk-)samfunnet.

Trass i at den offentlege fornorskingspolitikken var avskaffa før desse informantane var fødde, tyder altså ikkje det at all stigmatisering av samar i det norske samfunnet er avskaffa. Under fornorskingspolitikken var altså *det å vera same* eit stigma i seg sjølv. Det er ingenting som tyder på at innhaldet i den inter-etniske stigmatiseringa desse informantane har opplevd, har endra seg, anna enn i grad.

I intervjuet er det, som vi har sett, fleire som svarar "nei" på spørsmål om dei har opplevd stigmatisering, for så nettopp å fortelje om slike episodar. Andre fortel ope om fleire episodar dei har opplevd som krenkjande. Som *gruppe* er det altså ingen tvil om at dei har eit noko ambivalent tilhøve til den inter-etniske stigmatiseringa. Det er grunn til å tru at ein slik ambivalens òg til ein viss grad finst på individnivå. Det ser ut til å vera ei slags sanning eller eit dogme for fleire av informantane at det ikkje førekjem inter-etnisk stigmatisering, eller at om det skulle gjera det, så er ikkje det noko dei tek innover seg som krenkjande. Dei har mykje kunnskap om fornorskingshistoria, og kanskje er denne haldninga eit uttrykk for eit ønske om at denne stigmatiseringa frå det norske samfunnet skal vera over? Eller kanskje kunnskapen om korleis det var ein gong gjer at dei tenkjer at dei ikkje kan klaga i dag, når tilhøva trass alt er mykje betre? Den overberande haldninga som fleire inntek til inter-etnisk stigmatisering, er til ein viss grad tufta på kunnskap informantane har tileigna seg gjennom utdanning, og dette gjer det truleg lettare å innta ei slik kognitiv, eller fornuftsbasert, haldning<sup>5</sup> til problemet. Ei fornuftsbasert haldning kan potensielt dekkje over kjensler til det same fenomenet, og eg ser grunn til å gå ut ifrå at dette kan vera tilfellet her: Sjølv om informantane orsakar enkeltpersonane som står bak desse epi-

<sup>5</sup> Innanfor forsking på *haldningar* som sosialpsykologisk omgrep er det vanleg å dele ei haldning inn i tre komponentar: den kognitive, eller fornufts-/kunnskapskomponenten; den affektive, eller kjenslekomponenten; og til slutt den konative komponenten som innehold handlings- eller reaksjonsaspektet. Sjå til dømes Baker 1992:12f

sodane, treng ikkje dette å hindre dei i faktisk å bli såra av både av sjølve opptrinnet, og av at slike episodar i det heile oppstår.

Når det gjeld den intra-etniske stigmatiseringa, har denne eit heilt anna innhald enn den inter-etniske: Medan det i der altså kan vera eit stigma å vera same, er det motsett i den intra-etniske stigmatiseringa: Her er det eit stigma *ikkje å vera nok same*. Til saman utgjer desse to typane stigmatisering eit krysspress der du i verste fall ikkje er god nok same kva du gjer. Det ulike innhaldet i desse to typane gjer at meistringsstrategiane informantane har, er annleis andsynes intra-etnisk stigmatisering enn den inter-etniske stigmatiseringa. Det er for det første tydeleg at dette er vanskelegare å takle enn den inter-etniske stigmatiseringa. Det er ikkje like lett å heve seg over det og skulde på mangel på kunnskap her. Strategiane deira for dette er i tillegg vanskelegare å få tak i i intervjuet, for dei blir ikkje alltid kommenterte samstundes som opplevingane av stigmatisering blir fortalte. Derimot kjem dei delvis til overflata når eg seinare i intervjuet set fokuset på sjølvidentifisering og på språkbruken deira, noko eg kjem tilbake til i delkapittel 5.4 og 5.5.

Fornorskingspolitikken har utan tvil starta sjølvdestruktive prosessar i det samiske samfunnet. Fordi generasjonen som informantane mine representerer, sjølv ikkje har opplevd denne stigmatiseringa på kroppen i same grad som forfedrane sine, viser dei ei sterk vilje til å heve seg over denne prosessen ved å sjå han i eit metaperspektiv og ikkje godta utslaga av denne prosessen og heller bidra til å endre dei.

I eit par av intervjuet kom vi inn på om informantane hadde nokre inntrykk av kva type stigmatisering foreldra eller besteforeldra deira var møtt med. I begge tilfella er det tydeleg at dei ser på denne stigmatiseringa som noko heilt anna enn det dei sjølve har opplevd. Det første dømet er henta frå ein stad i intervjuet der vi snakka om kva det kjem av at samane ikkje godtek at ikkje-samar har kofte, trass i at dei både kan vera gifta inn i ein samisk familie og at dei faktisk har samisk slekt.

Seinare så trur eg at det har med diskriminering og sånne ting å gjera. Det ligg så mykje sårbarheit bak det, så mange følelsar. Det er så mykje sårbarheit at det er heilt *vondt* å høyre på nokre generasjonar bak meg. Dei er så svake på desse måtene fordi dei har vorte så underkua.

Det er altså veldig tydeleg at denne informanten opplever at generasjonane "bak henne" har eit mykje vanskelegare tilhøve til stigmatisering enn det ho sjølv har. I det neste sitatet er det snakk om faren til ein informant:

**Kva med faren din? Veit du om han har opplevd noko slikt?**

Ja. *Han* har det, ja. Han har nok følt det tett inn på kroppen. Han hadde jo samisk som morsmål, men da han byrja på skulen, i (namn på stad) så ... Han vaks opp med det at han ikkje fekk lov til å snakke samisk.

Ho kontrasterer dette mot slik ho sjølv i vaksen alder opplever å bli møtt av omverda:

Etter at eg har vorte eldre, så har eg aldri opplevd ... Når eg treffer nye folk, så presenterer eg meg ikkje som "(namnet), eg er same", men i ein eller annan naturleg setting så kjem det fram at eg er same, og da har eg alltid vorte møtt med: "WOW! Fortel, da!"

Omlegginga av den norske samepolitikken har gått relativt fort, og dette har gjort at foreldregenerasjonen til informantane i denne studien, som rundt rekna voks opp under dei siste krampetrekningane til den aktive fornorskingspolitikken, har heilt andre opplevingar av stigmatisering enn ungane deira, som er fødde på 70- og 80-talet. Dette inneber òg at den yngre generasjonen har heilt andre føresetnader for sjølvidentifisering og ikkje minst for utfaldinga og forvaltninga av identiteten sin enn foreldra deira har hatt.

## 5.4 SJØLVIDENTIFISERING

Opplevingar av stigmatisering kan altså føre til at ein opplever diskrepansar mellom det "tilbodet" av positive og negative stadfestingar ein mottek frå andre, og den identiteten ein ønskjer å realisere (Thuen op.cit.:21). Samisk identitet er eit tema det er skrive mykje om, og, som vi såg konturane av i intervjuositatet i metodekapittelet, er *same* ein svært kompleks identitetskategori. I dette kapittelet skal vi koma nærmare inn på kva tilhøve informantane har til denne kategorien, som av Paine (2003:291) har vorte skildra som ein "identitetsfloke":

Er spørsmål om samisk identitet er forvirrende tema? Turisten som reiser gjennom Nord-Norge har jo små problemer med å identifisere samen. Først ser man teltet (lavvoen), så de fargerike draktene og noen ganger et reinsdyr eller to. Det er ikke til å misforstå! Men disse reindriftsutøverne er bare en mindre del – om enn eksotisk – av den samiske befolkningen. Hva med de andre? Fiskere, gårdbrukere, lærere, handelsmenn, teknikere, offentlig ansatte, studenter, akademikere, med mer – kan og være samer, men vanligvis skiller de seg ikke ut fra den øvrige befolkningen. Når turisten passerer, ser han like godt disse som "norske", noe som de jo også er, ved siden av å være samer. Det er her floken begynner, også mellom samene selv.

Ordskiftet om det å vera same har vore og er framleis omfattande og delvis kjensleladd og opprivande. Det har både handla om kven som *er* samar, og *korleis* ein er same. Når det gjeld kven som kan kalle seg for same, finst det både skrivne og uskrivne reglar om det. I "Samelova"<sup>6</sup> § 2–6 er det sett opp desse kriteria til kven som er same og som dermed kan stå i samemanntalet:

Alle som avgir erklæring om at de oppfatter seg selv som same, og som enten

- a) har samisk som hjemmespråk, eller
- b) har eller har hatt forelder, besteforelder eller oldeforelder med samisk som hjemmespråk, eller
- c) er barn av person som står eller har stått i manntallet  
kan kreve seg innført i samemanntallet.

Her ser ein altså at ein overfor den norske staten og Sametinget må sjå på seg sjølv som same, og ha anten språk eller slektskap i tillegg. Ved Nordisk Samekonferanse i Tromsø i 1980 vart det vedteke eit samepolitisk program der ein òg definerte ein same.

Som same anses:

- den som har samisk som førstespråk eller den som har far, mor eller en av besteforedrene med samisk som førstespråk, eller
- den som anser seg selv som same, og som fullt ut innordner seg samenes samfunnsorden, og det representative samiske organet godkjenner vedkommende som same eller,
- den som har far eller mor som er same etter de vilkårene som er nevnt ovenfor. (Sitert etter Solbakk 2004:11)

I tillegg til det subjektive og det objektive kriteriet i den første definisjonen, er det her teke med eit "samfunnskriterium". Ein skal vera ein del av det samiske samfunnet og dermed bli godteken som same av andre samar. Denne definisjonen verkar å vera meir i tråd med dei mange sidene av identifisering som faktisk gjeld i dei samiske samfunna. Korleis ein blir "godkjent" som same av samfunnet rundt, var tema i alle intervjuer eg gjorde, og ettersom fleire av informantane hadde éin samisk og éin norsk forelder, var dette eit tema dei hadde mykje å fortelje om. Det er ikkje alltid spørsmål om ein er same eller ikkje, men heller om *kor mykje* same ein er eller får lov av andre til å vera.

**Men du vaks opp ... Er du halvt same, eller er dette noko begrep å bruke i det heile? Halv og hel og ein åttendedel og alt dette?**

Hm, det brukast jo. Og eg prøver å slutte å bruke det. Du er jo heil, men du har jo begge delane. Nokon påstår at du ikkje kan ha to identitetar eller ... du har jo éin identitet, men søstra mi sa det på ein fin måte: Ho er same med norsk far. Og da vart

6 Det fulle namnet på lova er "Lov av 12. juni 1987 nr 56 om Sametinget og andre samiske rettsforhold".

det enklare. Men eg tenker på meg sjølv som same. Eg er norsk fordi eg bur i Noreg, men ja ... Så tenkjer eg på da, dottera mi, skal ho vera kvart same, da? Samisken, skal det vera ein så liten del? Så, ja. Eg må seie at eg prøver å slutte å bruke det. [...] Så etter kvart som eg har jobba litt med etnisitet og identitet og slikt sjølv, så ... Altså: Følelsane dine har ikkje noko med prosentar å gjera!

Det er fleire som uttaler at dei ikkje liker denne typen rangering:

**Er det nokon som blir sett på som meir samisk enn andre?**

Ja, det er vel det.

**Er det knytt til familie, eller reindrift eller ...?**

Ja, både òg, for vi har jo dei som på ein måte vel å ikkje vera delaktig i det som skjer innad i det samiske miljøet. Ein veit at dei har vakse opp i ein samisk heim, både med og utan reindrift, men som ikkje orkar å bry seg med det.

**Så da blir dei sett på som mindre samar på grunn av at dei sjølve ikkje definerer seg som samar, trass i både språk, og ... Nei, dette er vanskeleg!**

Ja, det er vanskeleg, og eg liker ikkje dette "meir eller mindre same". Anten er du same, eller så er du det ikkje. Da eg vaks opp, var det mykje fokus på dette med heil og halv same, og viss mora di ikkje var same, så var du ikkje ordentleg same, og ...

Det blir altså teke avstand frå ei rangering av kor samisk ein er på grunnlag av både blodprosentar og på kva vis ein er same. I dette siste sitatet ser vi at det ein *gjer*, òg kan vera viktig for om ein blir sett på som ein "fullverdig" same eller ikkje. Det å vera aktivt med i det samiske samfunnet er tydeleg ein faktor som spelar inn.

Stordahl (1997:148) hevdar at ein må skilje mellom det *nasjonale* og det *individuelle* samiske identitetsskapingsprosjektet. For å oppnå rettar og særrettar i det norske samfunnet har det på eit nasjonalt nivå vore opportunt å framstille det samiske med enkle symbol, og som mest mogleg ulikt det norske. På det individuelle planet har denne identitetspakken vore snever, hierarkiserande og dermed til ein viss grad stigmatiserande i og med at ein har fått rangeringar internt der dei samane som har stått lengst frå det som har vorte sett på som det mest samiske, har vorte rangerte som mindreverdige samar. Likevel, etter at fornorskingspolitikken vart snudd til ein politikk som til ein viss grad vernar om og støttar opp under det samiske, må samar i langt større grad enn tidlegare skape sin eigen identitet.

Etnisk grensedraging er ein hårfin balansegang mellom det å markere eigenart og ulikskap med det norske og det å inkorporere nye måtar å forvalte den samiske identiteten på (op.cit.:149f). Informantane i dette materialet viser alle stor vilje til å

sjå på ulike måtar å forvalte det samiske på som likeverdige. Og det at alle bestemt avviser bruk av brøkar i samband med spørsmål om samisk identitet, viser nettopp at dei skaper sin eigen identitet. Strategien deira mot den delen av den intra-etniske stigmatiseringa som går ut på å bli kategoriserte som mindre samar på grunn av at ein av foreldra er norsk, er altså å ikkje godta brøkidentitetar. Ovanfor uttalar altså ein informant at kjenslene ein har, ikkje har noko med prosentar å gjera. Resten stemmer i med at "anten er du same, eller så er du det ikkje". Det at dei er veldig opne for å godta alle som likeverdige samar, *kan* ha noko å gjera med at dei ser på seg sjølv som ein minoritet i minoriteten. Nesten alle nemnde dette uttrykket av seg sjølv i intervjuet, så det er tydeleg at det er ein viktig del av sameidentiteten deira.

#### 5.4.1 Minoritet i minoriteten

Det har i mange samanhengar materialisert seg noko som kan kallast ei offisiell samiskheit, skriv Olsen (1997:231). Denne samiskheita har henta råmaterialet frå det innanfor det samiske samfunnet som har stått mest i kontrast til det norske, og der samane er og har vore i majoritet – det vil i praksis seie frå reindriftssamane i indre Finnmark. "Denne representasjonen av det samiske har vanligvis hegemoni i offentlige institusjoner, media, turisme og i en norsk offentlig bevissthet" (ibid.).

Nett dette hegemoniet som oppfattinga av at "alle" samar driv med rein og bur i Finnmark representerer, er altså noko alle informantane nemner i intervjuet. Dei er leie av at folk flest veit så lite om sørsamane, og fleire har fått høyre at: "Hæ, men du kan jo ikkje vera same, for du er jo trønder!" På spørsmålet om informantane først og fremst føler seg som same eller sørsame, hadde eg før intervjuet venta at dei skulle svare at dei saman med etniske nordmenn, er samar, men at dei saman med andre samar, er sørsamar. Grunnlaget for dette utgangspunktet hadde eg frå ei enkel samanlikning mellom den sørsamiske identiteten og min eigen norske regionale identitet: I møte med "utlendingar" er eg sjølv først og fremst norsk, medan eg i møte med andre nordmenn er trønder osv. Dette skulle likevel i hovudsak vise seg å vera annleis for sørsamane. Det første sitatet er frå den einaste som var i nærleiken av å svara det eg hadde rekna med:

##### **Reknar du deg først og fremst som same eller sørsame?**

Det har litt med samanhengen å gjera. I den store samanhengen er eg ein same. Men det er eigentleg veldig viktig å få fram at eg er sørsame, fordi det er såpass store forskellar. Språkmessig, for eksempel. Vi er ein minoritet i ei minoritetsgruppe, er vi.

Her seier ho at ho i den store samanhengen er same framfor sørsame. Men så modere-

rer ho dette med å føye til at det eigentleg er veldig viktig å få fram at ho er sørsame, for så å framheve dei store skilnadene mellom sørsamar og andre samar. Her ser ein òg at ”minoritet i minoriteten-perspektivet” er viktig. Andre svarar svært bestemt at dei er sørsamar uansett, trass i forsøka mine på å moderere:

**Reknar du deg først og fremst som same eller som sørsame? Eller kjem det an på situasjonen?**

Eg ser på meg sjølv som sørsame.

**Ok, så det er ikkje slik at du er same saman med nordmenn og sørsame saman med andre samar?**

Nei, det er eg ikkje.

**Men kjenner du at du har noko meir slektsskap til nordsamar enn til nordmenn?**

Nei.

**Hæ? Gjer du ikkje det?**

Altså ikkje til dei som type personar, skulle eg til å seie, men kulturane er jo likare. Det er vel lettare å identifisere meg med ein nordsame enn ein nordmann på mange område, men det er ikkje sånn der ... Dei er på ein måte eit eige folkeslag dei òg, skulle eg til å seie. For sjølv om kulturane er veldig like, så er dei veldig forskjellig. På veldig mange område.

Denne informanten var veldig avvisande til forsøka mine på å få fram eit nærrare slektskap samar imellom, men likevel er det mykje som tyder på at dette er eit felt mange kjenner ein ambivalens til. Eit døme på kor viktig samhaldet sør- og nordsamar imellom er for einskilde, såg vi under kapittel 5.1, der informanten seier det er normalt, og nærmast sjølvsagt, å reise 200 mil for å vera med på ein samefest. Det at dei fleste likevel er avvisande til tilnærmingane i dette spørsmålet, tyder på ein viss opposisjon mot å vera ein minoritet i minoriteten, og dermed mot det å alltid vera minst. Derfor har dei eit stort markeringsbehov i høve til det at dei er sørsamar. Det at den lingvistiske avstanden mellom nord- og sørsamisk er så stor som han er, gjer truleg sitt til å forsterke minoriteten i minoriteten-kjensla. Ein informant seier dette om språkbarriieren mellom nord- og sørsamisk:

Eg var nettopp i Kautokeino ei veke no, og da var det sånn... Dei snakkar jo konsekvent samisk. Eg skjønner på ein måte kva dei snakkar om, men eg kan ikkje delta i samtalen. Eg skjønner ikkje heile setninga, men eg skjønner kva det handlar om, kva dei snakkar om, ut ifrå dei orda som er like, og det at det dukkar opp norske lánord innimellom. Men så er det det at ein kan tru ein har skjønt noko, men så var det feil.

Ein annan informant uttaler seg òg om denne språkbarrieren, og fortel om litt språkleg rivalisering:

Og ofte så blir det slik at når vi er saman med nordsamar, så snakkar dei nordsamisk, og da blir eg litt irritert, fordi at: "Hallo, vi skjønner dykk ikkje", liksom, og det veit dei så veldig godt. Og vi har sånn at vi tar att nokre gonger vi òg, og snakkar sør-samisk, og da blir dei sånn: "Ok ... Vi skjønner ikkje dykk heller". Men samstundes så har vi ... Vi skjønner kvarandre så utruleg godt likevel, for vi har så mykje felles. Så det er litt snedig.

Her kjem ambivalansen heilt klart fram. Nordsamisk står mykje sterkare enn sør-samisk, og det er berre naturleg at sør-samane har mindreverdigheitskompleksar for nettopp det, og at det kan bli oppfatta som hovering når nordsamane snakkar nordsamisk trass i at dei veit at sør-samane som er til stades ikkje forstår. Ein annan informant fortel om korleis ho har vorte meir og meir medviten på det med å framheve det sør-samiske framfor det samiske:

Eg trur eg har vorte bevisst på å kalle meg sør-same. Det er ofte eg må forklare namnet mitt, og da viser det seg at det er nesten ingen i (stadnamn) som veit at det er samar her. Så det har gjort meg meir bevisst.

Som vi såg i kapittel 4.5., der minoritet i minoritetens-perspektivet vart analysert på makronivå, er det største problemet med dette at det fører til ei ekstra ramme med usynleggjering. Dette ser vi altså har utslag i at få i det heile *veit om* sør-samane. Det er fleire som fortel at det dei har møtt av mangel på kunnskap, har vore med og gjort dei meir bevisste på at dei er samar:

Og det var da det gjekk opp for meg, da eg flytta til (ein annan landsdel), kor viktig det var for meg. Eg var sjokkert over at det var ingen som visste noko. "Åh, er du same! Så eksotisk! Så spennande!! Da fann eg etter kvart ut at "Herregud, folk veit jo ingenting!" Og elevane og lærarane ville vita meir og spurde om eg kunne ha foredrag og sånn. Da opna alt seg, og eg vart veldig bevisst på at eg var same. Og spesielt at eg var sør-same, for ingen hadde høyrd om sør-samar. Å bli møtt med det at: "Ja, men du er jo frå Trøndelag! Du kan da ikkje vera same! Er du sånn liksom-same, du da?" Det tente meg det da, og gjorde meg veldig bevisst på at eg er sør-same. For det med at alle samane bur i Finnmark, og ... NEI! Dei gjer ikkje det! Og liksomsame, og ... nei!

Nettopp denne mangelen på kunnskap om at det i det heile eksisterer samar i Sør-Noreg, er noko mange trekkjer fram og blir engasjerte av. Dei har møtt stor kunnskapsmangel sjølv frå folk som bur på plassar som er sette på som sør-samiske kjerneområde, og dette møter dei offensivt på den måten at dei i staden for å unngå det ubehagelege, heller vel å nemne nettopp det at dei er sør-samar, slik at dei sjølve bidreg til å spreie kunnskap.

#### **5.4.2 Forvalting av den sørsamiske identiteten**

Informantane framstår samla som veldig sikre på den samiske identiteten sin i møte med både etniske nordmenn og andre samar, og som vi skal sjå i dette kapittelet ser det ut til at desse revitaliseringarane står for ei endring i grensene for forvaltninga av den sørsamiske identiteten sin i høve til både kven som er samar, og korleis ein lever ut det samiske.

Det er fleire som fortel om foreldre som gjennom heile oppveksten har vore medvitne på at dei skulle bli stolte av å vera samar:

**Har du alltid rekna seg som sørsame? Har du vokse opp og heile tida visst at du var same?**

Mm, det har eg gjort. Og så har eg vaks opp i ei slekt og ein familie som heile oppveksten har gjort oss bevisste på at vi er samar, og både besteforeldre, tantar og onklar har lært oss ting, og har vore opptekne av at vi skal vera stolte over å vera samar og at vi skal føre denne kulturen vidare. Så vi har jo fått innprenta kor viktig det er, da, noko som vi til tider har følt har vore veldig masete [latter], det var heile tida: Hugs på det, hugs på det, hugs på det ... Vi måtte gjera nokre ting som vi følte var unyttig der og da, men i dag er eg veldig glad for det, at dei var så strenge med oss, og har bevisstgjort oss på identiteten vår.

Med denne ballasten er det klart at sjølvidentifiseringa blir lettare for denne generasjonen enn den førre, og det blir dermed lettare å gjera endringar både i korleis det sørsamiske blir definert i høve til det norske, og i høve til si eiga gruppe i form av at meir variasjon i kva som kan bli godkjent som forvaltning av ein sørsamisk etnisitet. Thuen (1989:57) hevdar at dei usemjene som finst innan det samiske miljøet om korleis det samiske skal defineraast, må sjåast på som ein overgangsfase. Over tid kan ein rekne med at samar får høve til å utvikle det kulturelle mangfaldet sitt slik at breidda i det samiske kjem betre til synet utan at desse ulikskapane defineraast som "meir eller mindre samiske". Dersom eg set to utsegner frå to representantar frå kvar sin generasjon opp mot einannan, ser vi at denne overgangen truleg er i ferd med å skje. Først eit utdrag frå eit intervju med ein av bakgrunnsinformantane:

Men det er ein ting eg vil seie: Det er jo somme her som, ja, vi har snakka om det vi som er eldre, eg må no halde meg til dei som er eldre [latter]. Ja, no har det vorte sånn at det skal vera SÅ samisk, at det går over stokk og stein. Nei, det er vi ikkje noko for, nei.

**På kva måte, da?**

Ja, dei som før har fornnekta seg å vera same, no kjem dei og veit alt i hop.

[...]

### **Er det yngre eller eldre?**

Ja, begge deler ... Ja, dei yngre, dei kan ein liksom ... Dei kan eg forstå, for viss ikkje dei har fått nokon ... ja, vegvisar som har kunna fortalt dei at dei var same, så ... Det er jo ikkje berre over natta å innstille seg på at ein er same.

### **Men er det folk som før har fornekta at dei er same?**

Ja, da. Ikkje skulle dei ha samedrakt, nei, det var ikkje fint nok, og ikkje komaga eller ingenting. For det var ikkje bra nok. Og så plutseleg er dei der.

### **Dei har vore litt "feigare" dei, da på eit tidspunkt, medan de andre har stått på og kjempa?**

Ja, akkurat. No når det er populært å vera same, da kjem dei fram. Men i den tida, da vi sleit verkeleg, ja, både psykisk og fysisk ...

Når nokon har fornekta den samiske identiteten sin på grunn av fornorskingspolitikken, er det lett å forstå at dette har kjentest som eit svik av dei som har stått att og ikkje late seg knekkje. At dei som tidlegare har fornekta det samiske no opplever eit klima der det går an å leva som same att, er i stor grad takka vera dei som stod på og ikkje fornekta det samiske. Dermed er det duka for ulike syn på korleis ein skal forvalte den samiske identiteten. Dei som er sikre på den samiske identiteten sin har ikkje den same trøngen til å vise fram dei ytre samiske kjenneteikna som dei som tidlegare har fornekta sin eigen identitet har. Trass i dette kjem det fram, i det neste utdraget av den same samtalen, at desse konfliktane umogleg kan vera av same kaliber i det sør-samiske samfunnet som i det nordsamiske.

### **Er det slike de kallar nysamar?**

Ja, det må no vera det, eg veit no ikkje kva ein skal kalle dei.

### **Ja, det uttrykket er vel i bruk i nordsamisk område, er det det her òg?**

Nei, det har eg ikkje høyrt, men det passar no godt.

Denne informanten har altså ikkje høyrt uttrykket *nysame*, som er eit kjent uttrykk i nordsamisk område. Hovland (1996:221) nemner nettopp dette fenomenet, og refererer til ein informant som uttrykkjer dei same kjenslene som min informant:

Vi har gjort arbeidet mens de ville bli norske. Men nå kommer de for å høste der vi sådde! Nå lager de seg til samer!

Uansett styrken i desse motsetningane, er det mykje som tyder på at dei vil avta i framtida. Ein representant for den yngre generasjonen gjer her greie for ståstadens sin når det gjeld nettopp dette:

Eg trur det er lettare i min generasjon, som går imot den straumen med å fornekte identiteten sin. Eg trur det er vanskelegare for ungdomar som har vaks opp med foreldre som har fornekta det samiske, så finn dei ut det at jøss! Det er jo mange slike tilfelle, der foreldra heller ikkje har vore delaktige i det samiske. Men da har dei gjerne eit søskenbarn der foreldra har vore veldig frampå, eller som har stått for identiteten og kulturen sin, og som dreg dei med seg og seier at "ja, ho er same ho og, ho er søskenbarnet mitt", og sånne ting. Og da er det akseptert, på eit vis, sjølv om ho ikkje har kofte, ikkje kan språket eller har nokon av desse fysiske tinga som hører med kulturen. Den personen blir teke imot med opne armar, og vi hjelper den personen på veg, på ein måte. Og det trur eg er veldig viktig.

Denne generasjonen har ikkje opplevd noko "svik" frå samar som har fornekta det samiske medan dei sjølve har kjempa, så dei har ikkje det same tilhøvet til det. Det ho trekkjer fram i sitatet, er unge samar som har foreldre eller besteforeldre som ikkje har vore delaktige i det samiske, og ser det som viktig å hjelpe desse unge på veg inn i det samiske samfunnet. Til slutt kjem ho med det ho ser på som forklaringa på den interne rangeringa. Fornorskinga har ført til indre usikkerheit og eit anstrengt forhold til den samiske identiteten:

Da var det veldig mykje fokus på det med heil og halv same og ... Det er kanskje fordi ... Da var det kanskje meir slik at vi må vise at vi er samar, og det er kjempeviktig og slik, medan vi no har eit meir avslappa forhold til det ... For det er vorte meir akseptert. Men som eg seier: Orda heil og halv og ein fjerededel og ein åttendededel og slik, det har eg ikkje noko sansen for. Er du same, så er du same.

Her ser vi altså at dei unge revitaliseringane truleg ikkje kjem til å føre vidare dei interne problema i det samiske; i alle fall ikkje i den forma dei har hatt i generasjonane før dei. Ved at dei ikkje har opplevd den massive inter-etniske stigmatiseringa fornorskingspolitikken førte med seg, er dei generelt sikrare i sjølvidentifiseringa si som samar, og mange av dei har i tillegg akademisk utdanning innan etnisitets- og identitetsproblematikk. Med denne ballasten har dei inkje problem med å ta eigne grep om defineringa av den samiske identiteten og velje å ikkje føre vidare den interne rangeringa av brøksidentitetar. Dette tyder likevel ikkje at den rangeringa dei i oppveksten har vore utsett for, ikkje har sett spor, og det skal vise seg at det er andre sider ved den interne rangeringa eller den intra-etniske stigmatiseringa som er vanskelegare å overvinne.

## 5.5 SPRÅKLEG PURISME

Den siste kategorien som eg meiner er viktig for den omtala barrieren, er purisme. Purismen i det sør-samiske samfunnet omfatar meir enn språket, og eg vel å sjå den språklege purismen i lys av dette. I tillegg til purismen i språket, som eg kjem tilbake til, kan vi sjå puristiske haldningar til ei rekke andre delar av den sør-samiske kultu-

ren, og – som vi har sett – til sameomgrepet i seg sjølv: Ein kan altså sjå ein vidstrekta *kulturell purisme* i tillegg til den språklege. Det er mellom anna ikkje kven som helst som kan bera kofte, eller *gapt*a:

**Kva reaksjonar trur du ho hadde vorte møtt med dersom ho hadde kome med kofte, da?**

Det er kanskje det ho veit, at folk hadde kome til og snakka om det og kome til og reagert på det. Ho er jo på ein måte oppfatta som ein ikkje-same.

Dette er framhald av sitatet delkapittel 2.1, der vi ser kor kompleks den samiske identitetskategorien kan vera. Den personen det her er snakk om, er altså gift med ein same, har sjølv sør-samiske forfedre og har til og med vakse opp i eit samisk miljø og lært noko sør-samisk språk frå barndommen. Grunnen til at ho ikkje kan gå med kofte, er truleg at foreldra hennar ikkje gav henne ein samisk identitet i barndommen. Informanten som fortel denne historia, seier sjølv at det er ganske "strengt" innanfor det samiske med til dømes kven som kan gå med kofte. Denne "strengheita" ser eg på som eit uttrykk for dei generelle puristiske krava som blir sett til forvaltinga av alt det samiske.

Rekninga med "blodprosentar" eller "identitetsbrøkar", kan sjåast i den same samanhengen. Har ein ein norsk, eller ikkje-samisk, forelder, er ein ikkje "fullverdig" eller "rein" same. Truleg kan ein sjå på denne utstrekta purismen som ein forsvarsmekanisme mot fornorskingspolitikken: Den einaste måten å halde på dei kulturelle symbola sine på, har vore å halde dei unna den norske assimileringa. I ein slik samanheng blir både ein språkleg og kulturell purisme ikkje berre ein forsvarsmekanisme, men ein *overlevingsstrategi*. Men, som vi skal sjå i løpet av dette kapittelet, er denne strategien ein vanskeleg balansegang.

Det er ingen av informantane som har hatt opplæring i samisk som førstespråk, korkje på sameskulen eller seinare, og i ettertid er det fleire som trekkjer fram aspekt ved andrespråksopplæringa dei skulle ønskja hadde vore annleis. Det er i samband med dette at fokuset blir sett på den språklege purismen:

For min eigen del òg, viss eg ein gong får ungar, så vil eg at dei skal lære samisk. At dei skal bruke det. Men så veit eg òg, med meg sjølv... at det er ei eller anna sperre på ein måte, med det å *snakke* samisk. For det er sånn ... Ein person kan snakke samisk med meg, og eg skjønner kva han seier, men eg svarar han på norsk. Det trur eg kanskje har litt med ..., for det har vorte litt sånn at det ... eller korleis skal eg seie det ... Det er vorte slik fokus på at det skal vera grammatisk rett. For det var sånn, med besteforeldra mine, når eg snakka med dei, så var det sånn at om det var eit ord eg ikkje visste, så brukte eg norsk, og kombinerte språka, skulle eg til å seie. Men så var det, i alle fall da vi gjekk på ungdomsskulen og vidaregåande, så var det

nokon som var veldig sånn der: "Nei, no seier du feil. Sånn skal du ikkje seie det. Det er ikkje rett." Og det at det er mange som jobbar veldig mykje med språket, da, og sånne ting, som har funne ut at: "Nei, sånn skal det ikkje vera, det skal vera sånn, og det er det som er rett", og sånne ting. Og det trur eg har lagt ei sperre for mange med det at vi skjønner språket veldig godt, men så er vi redd for å snakke det fordi vi er redd for å snakke feil.

Purismen blir sett i samband med den omtala barrieren: Ein er redd for å snakke "feil", og dermed blir terskelen for å snakke sørsamisk i det heile, veldig høg. Dette er med andre ord eit spørsmål om språkleg purisme, og denne intervjuutsegna viser kor problematisk språkleg purisme kan vera i små språksamfunn. Brunstad (2003: 12) definerer purismeomgrepet slik:

Purisme er ein normeringsideologi der målet er å halde språket reint frå framande innslag som vert oppfatta som "ureine". Dette målet er gjerne kombinert med arbeid for å avløyse framande innslag med heimlege, eller å tilpasse dei til ei form som er heimleg. Purismen kan vera retta imot alle lingvistiske nivå, men er oftast fokusert på det leksikalske.

Ein viktig funksjon purismen såleis har, er å halde oppe grenser mellom språk og dermed òg mellom folk. På den eine sida er språket med på å markere samhald og fellesskap mellom folk, og på den andre sida er det med på å markere separasjon eller skilnad til andre folk. Purisme blir slik eit tviegga sverd det kan vera vanskeleg å halde balansen på. Trosterud (2003:214) oppsummerer fordelen og ulempa med purisme i minoritetsspråk: Eit språk med sterk påverknad frå eit anna vil stå i fare for berre å fungere for tospråklege individ på den måten at ein stor del av det opprinnelige ordforrådet kan bli bytta ut med ord frå majoritetsspråket. Dermed blir det nødvendig å forstå majoritetsspråket for å forstå minoritetsspråket og "språket blir på ein måte ete opp innanfrå". Purisme vil kunne fungere som eit forsvar mot dette. Men på den andre sida er det stor fare for at ein overgang til eit moderne samfunnssystem utan omfattande lån frå majoritetsspråket set større krav til ressursar og språkplanlegging enn slike små språksamfunn har.

I denne samanhengen skal eg ikkje ta opp spørsmålet om purisme i høve til nylaging eller lån av ord frå norsk i det sørsamiske språket, men berre sjå på kva utslag purismen får på den munnlege bruken av språket. Her er det ikkje lån av norske ord eller ikkje som er hovudtemaet, men det å bruke språket feilfritt på alle språklege nivå. Informantane fortel altså om opplevingar av at andre språkbrukarar påpeiker "feil" om dei snakkar sørsamisk. Denne informanten påpeiker heilt direkte kva denne eksplisitte påpeikinga av "feil" har ført til for valet hennar av språk:

For det var ein periode dei var veldig nøyne på grammatikken på skulen. Så viss vi sa noko feil, så var det sånn: "Der sa du noko feil." Og så klart, da prata vi norsk i staden. Det var ein heilt feil måte, vil eg seie, å gjera det på. For å samanlikne med dei som kjem hit til Noreg: Dei snakkar jo feil, men du skjønner jo!

Huss (2000:2) skildrar nettopp dette problemet:

[The young people] may acquire a bilingual competence but if they feel, as is often the case, that their knowledge of the minority language is inadequate, they may avoid using it. This is highly probable if the child is scolded or ridiculed for having used deviating language.

Her seier Huss at yngre språkbrukarar som er ubalansert tospråklege kan unngå å bruke det dei kan, om dei føler at språkkunna deira ikkje er tilstrekkeleg. Dette er spesielt gjeldande dersom dei har opplevd at dei blir gjort til skamme for den avvikande språkbruken sin. Dette ser ut til å vera problemet til informanten: Det å bli retta på for å ha snakka eit avvikande språk oppfattast som "skjenn" eller "utdriting", og då er det lettare å snakke norsk i staden. Dorian (1994:48of) er òg kritisk til dei negative effektane som purismen kan ha:

[Puristic attitudes] are widespread enough to create problems for efforts to support minority languages with a small native-speaker base, when these come under heavy pressure from neighboring languages of wider currency with larger speaker populations. I suggest that a common challenge for language revitalization and language revival is to limit the restrictive role which puristic attitudes are likely to play in the communities in question, or to channel such attitudes into forms which are useful rather than harmful.

Puristiske og konservative haldningar til lånord og grammatiske endringar kan altså hindre revitaliseringforsøk, og det er derfor viktig at dei puristiske haldningane kanaliserast inn på noko som gagnar språket, framfor å hindre revitalisering. Dorian nemner òg nettopp dette med at puristiske haldningar kan hindre ungdom frå å lære seg språket. Dette er sitatet over eit godt døme på. Likevel er det er ein ganske stor skilnad mellom situasjonen slik han er i sør-samisk, og dei døma Dorian nemner. Ho trekkjer fram språksamfunn der yngre talarar gjerne har utvikla sin eigen varietet av språket, som skil seg frå den tradisjonelle. Dette ser ikkje ut til å vera tilfellet i sør-samisk. På kva måtar det sør-samiske språket til unge semitalarar skil seg frå sør-samisken til dei eldre flytande talarane, skal likevel ikkje denne avhandlinga seie noko om. Men det som er på det reine, er at dei unge semitalarane sjølve er samde i at dei seier noko feil, når det blir påpeikt. Dei ser ikkje ut til sjølve å meine at dei snakkar ein eigen varietet som burde likestilla med det tradisjonelle språket. Dei er fullstendig klare over at dei sjølve ikkje beherskar språket fullstendig, og dermed får purismen her eit anna utslag enn ei avvising av nyord i språket. Problemet er meir av pedagogisk art: Semitalarane av sør-samisk føler ikkje at det blir gjeve rom for dei til å lære språket gjennom prøving og feiling. Tvert imot, skal du snakke sør-samisk, skal du snakke det rett.

Problemet for semitalarane blir altså at dei i stor grad er ekskluderte frå det sør-samiske språksamfunnet. I Dorian (1982:26) sine skildringar av eit gælisk språksamfunn

i Skottland er det motsett: Dei ho kallar semitalalarar, er *inkluderte* i språksamfunnet. Trass i at dei ikkje beherskar språket fullt og heilt korkje grammatisk eller leksikalsk, kan dei delta med det dei kan, utan å bli eksplisitt retta på eller stigmatisert. Dette ser altså ikkje ut til å vera tilfellet i det sør-samiske språksamfunnet, og dette er òg eit tema Todal (2002:130ff) tek opp i doktoravhandlinga si. Han skriv at det i det samiske språksamfunnet generelt er tendensar til at semitalalarar ikkje blir inkluderte i språksamfunnet. Han siterer informantar han har intervjuat frå fleire delar av det samiske området, og tendensen er den same: "Ein må ha elefanthud når ein skal snakke samisk" (op.cit.:134). Han skriv at ingen av informantane oppfatta det å bli retta på av andre språkbrukarar som positiv hjelp, men heller som negativ kritikk. Dette kjem tydeleg fram av intervjuet mitt òg. Todal (op.cit.:130) viser til teoriar om tileigning av (andre)språk, og viser til Øzerk (1992) som legg stor vekt på det å delta i ulike sosiale situasjonar der medaktørane er meir interesserte i *kva* ein seier enn *korleis* ein seier det. Slik sett er det pedagogisk betre for semitalalarar av eit språk å bli innlemma i eit språksamfunn enn å bli ekskluderte. Todal konkluderer med at ei inkluderande haldning til dei samiske semitalalarane på grunn av dette truleg ville ha vore til hjelp for revitaliseringa av samisk, og at ei ekskluderande haldning heller er ei hindring.

Eit anna aspekt ved dette, er at denne ekskluderinga frå språksamfunnet kan opplevast som stigmatiserande:

Det er på ein måte ein liten sånn jantelov innafor det samiske òg, eigentleg. Det er litt sånn at det er ikkje berre berre å koma her og snakke samisk, liksom. Og viss du snakkar samisk, da, og la oss seie at du seier noko feil, da, ikkje sant: Det er døds-synd, veit du. Det er i alle fall slik ein kjenner det. Snakkar du feil, blir du retta på med ein gong. Og da har du jo på ein måte det psykiske, så du tør jo aldri å prate, da. Så det er jo eitt av problema, at du tør jo ikkje å prøve å prate. Og det same skjer om nokon snakkar samisk til deg, så svarar du på norsk.

### **Men er det dei eldre det, da, som påpeiker feil?**

Nei, men det er sånn du føler det, i alle fall etter å ha gått på sameskulen. Det er ikkje sikkert dei gjer det, men det er slik ein føler det.

### **På grunn av det fokuset på grammatikk, eller?**

Ja, for du tør jo ikkje å prate. Du blir så redd for å drite deg ut.

### **Korleis meiner du det burde vore lagt opp da, for at det skulle vore annleis?**

Ein burde ha snakka meir samisk i timane. Burde ha snakka samisk, liksom.

### **Ja, at ein berre byrjar å snakke og så får det gå som det vil med desse kasusa, og ...?**

Ja, og at ein hadde lagt opp timane annleis, at det ikkje vart fokusert på det skriftlege. Eg har ein kamerat, da. Han har ikkje samisk på skulen, men med bestemora si i staden. Så han kan jo snakke flytande samisk, da, men han kan ikkje skriftleg i det heile tatt. Men det er jo eigentleg betre det, da.

"Det er ikkje berre berre å koma her og snakke samisk, liksom", seier denne informanten. Dette er eit klart uttrykk for at han som semitalar ikkje føler at han er inkludert i språksamfunnet. Han ser for seg at han ville vorte møtt med kraftige sosiale sanksjonar dersom han hadde snakka og sagt noko feil, og han brukar sterke ordelag for desse sanksjonane. Dette ville tydelegvis vore så nedverdigande at han ikkje er villig til å risikere det ved å prøve ein gong. Det kjem òg fram at han har opplevd det å bli retta på under samiskopplæringa på sameskulen som svært traumatiske, og han ser dette som grunnen til at han ikkje vil ta denne risikoen fleire gonger. Det å skulle koma til å seie noko feil på sørsamisk er å drite seg ut, og det vil han for ein kvar pris unngå.

I tillegg rettar han ein kritikk mot fokuset på rett grammatikk og på det skriftlege som har vore rådande i den opplæringa han har hatt i samisk. Han meiner undervisninga heller burde vore lagt opp med eit fokus på det munnlege, og det å snakke samisk der det er takhøgde for å snakke feil og heller lære språket gjennom praktisk bruk. Han set opplæringa han sjølv har hatt, opp imot kameraten som har samiskundervisning med bestemora si, som han ser på som meir tenleg.

Det eit ope spørsmål kven det er som representerer "språkpolitiet" han ser for seg. Eg spør om det er eldre språkbrukarar han tenkjer på, men det svarar han avkrefte på. Han seier ikkje kven "dei" er, men det at han viser til denne kameraten og bestemora hans, tyder på at det ikkje er eldre språkbrukarar generelt han ser for seg som potensielle rettarar. Det er fleire som kjem inn på dette temaet, og det verkar som om alle som kan språket betre enn dei sjølve, er potensielle rettarar. Dermed følgjer det truleg ikkje nødvendigvis alders- eller generasjonsgrenser, men rett og slett kor godt ein beherskar språket. Denne informanten føyer dessutan til i sitatet at det ikkje er sikkert "dei" faktisk ville ha retta på han om han hadde snakka, men det er dét sperra først og fremst går ut på for han: at han *trur* det på grunn av at han har opplevd det før. Det er slik han føler det. Og derfor brukar han ikkje den sørsamiske han kan.

Ein annan informant fortel om å vera med på ulike "språkbad" der det er meinings ein berre skal snakke samisk:

**Ja, så kanskje det blir lettare om ein bestemmer seg på førehand at no skal ein snakke sørsamisk?**

Tja, men likevel, det blir veldig skummelt likevel, altså. Eg har vore på forskjellige

slike språkbad, og det fungerer eigentleg ikkje så bra som dei vil, for det er alltid nokon som ikkje tør uansett. Så det er litt dumt, dette.

**Ja, så det naturlege er til ei kvar tid å snakke norsk? Så om ein skal snakke samisk må ein bryte ein stor barriere?**

Ja, det er ein stor psykisk barriere, eigentleg.

Her blir barrieren referert til som psykisk, noko som er interessant. Informanten kunne kalla det ein språkleg barriere, for det er det å snakke feil som er bruka som døme gjennom heile samtalens vi hadde. Eg oppfattar derfor at det ligg meir bak barrieren enn sjølve språkdugleiken. Det å ikkje beherske språket flytande eller tilstrekkeleg ifølgje ein eller annan skala, er tydeleg kopla til noko anna. Jantelova vart i eit sitat over trekt inn i denne samanhengen, og dette tolkar eg som at det er noko meir enn berre det språklege som ligg bak. Jantelova seier at du ikkje skal tru du er noko, og det ser altså ut til å liggje under her at det å snakke sør-samisk er det same som å prøve å vera noko betre eller meir enn andre. Dette inneber tydelegvis ei fallhøgde, og seier ein noko feil då, er nederlaget komplett.

Denne informantanen har likevel ikkje gjeve opp. Som i alle andre intervjuer, blir det skildra ein draum om å lære bort språket til eventuelle framtidige ungar:

**Om du sjølv får ungar ein gong i tida, har du tenkt å lære dei samisk?**

Ja, og det er jo derfor eg vil lære meg samisk no, for eg har lyst til at, viss eg får ungar ein gong i framtida, da, så vil eg at dei skal lære språket.

Det er altså ikkje tvil om at den språklege purismen utgjer ein stor del av barrieren mot å bruke sør-samisk i større grad for informantane. Det er heller ikkje tvil om at det er noko *meir* enn berre det, og det skal eg forsøke å næste litt i i neste kapittel.

## 5.6 BARRIEREN

Då eg spurde revitaliserarane om bruken deira av og kunnskapane deira om sør-samisk språk, tok det altså ikkje lenge før alle nemnde ein barriere av eitt eller anna slag. Det var heilt tydeleg ein barriere mellom den noverande språklege praksisen deira, og det dei såg på som den ideelle språklege praksisen, som dei *burde ha* hatt. Ein av revitaliserarane hadde kome seg heilt over denne sperra, ein annan halvvegs. Historiene om desse språklege gjennombrota er skildra i neste delkapittel. Dei andre informantane såg berre fram til ein dag å koma over. I dette kapittelet skal eg prøve å samanfatte kva denne barrieren ser ut til å bestå av. Eg deler opp dei tidlegare nemnde

kategoriane i to perspektiv som set fokus på problemet frå to viktige sider: På den eine sida handlar det om språkdugleik og det å kjenne seg trygg i språket. På den andre sida handlar det om identitet og det å kjenne seg trygg i den samiske identiteten sin på ulike arenaer. Slik eg har kategorisert empirien, er det altså den språklege praksisen og purismen som har med det å kjenne seg trygg i språket å gjera. Sjølvidentifisering og stigmatisering har med det å kjenne seg trygg i den samiske identiteten å gjera.

### 5.6.1 Å kjenne seg trygg i språket

Den noverande språklege praksisen til informantane er skildra i kapittel 5.2, og for å oppsummere kan ein seie at dei alle brukar den omtala etnolekten saman med andre sørssamar. Dugleiken deira i sørssamisk er veldig varierande, men felles for dei alle er at ingen av dei er nøgde med det nivået dei er på: Alle prøver å bli betre og alle meiner dei burde vera eller bør bli betre. Dette gjeld altså både det å bruke det dei kan meir, og det å styrke språkdugleiken sin. Ikkje ein gong dei som brukar sørssamisk dagleg meiner dei sjølve er balansert tospråklege, altså at dei kan sørssamisk like godt som norsk. Det er fleire som nemner det at dei ikkje lærte så mykje samisk som dei skulle ønskja då dei gjekk på sameskulen. Utan at heile skulda blir lagt på sameskulen, fortel ein av informantane at ho var meir balansert tospråkleg då ho kom inn på sameskulen enn då ho gjekk ut:

Da vi var små, da snakka han (far) mykje samisk med oss. Og når vi byrja på skulen, så var vi tospråklege, eller vi brukte begge språka like mykje. Men etter kvart så slutta han å snakke samisk med oss. Og da vi gjekk på internatet, så var det få samisktalande som jobba der, og på skulen, så var det stort sett i samisktimane vi hadde samiske lærarar. Så språket på ein måte dabba bort, og det er jo litt merkeleg når vi går på ein sameskule! Da forventar ein jo at språket skal bli styrka.

Det er fleire som påpeiker dette med at det ikkje var tilstrekkeleg med samiskspråklege tilsette korkje på internatet eller på sameskulen då dei gjekk der:

#### **Har du vore fornøgd med opplæringa du har fått i sørssamisk?**

Nei, eg føler ikkje eg har att så mykje som eg skulle ønskje frå den tida eg var på sameskulen. Og det har med å gjera at språket ikkje vart brukt. Eg hugsar ikkje kor mange timar i veka vi hadde samisk, men det var ikkje mange. Og samisk var i bruk berre i samisktimane. Det var til ein viss grad nokre enkle ord og uttrykk. Og på internatet vart det heller ikkje brukt, for der var det ingen samiskspråklege tilsette. Så eg er eigentleg litt bitter for det. Språkmessig så hadde eg ingenting att for det, og det var jo derfor vi drog dit, for å lære språket.

Som vi såg i kapittel 4.4.2 er det framleis mangel på lærekrefter som er sørssamisk-kyndige, og dette er noko som blir trekt fram som ei av utfordringane for framtida:

å få fleire sørsamar til å utdanne seg som lærarar i språket. Det at alle ønskjer at dei kunne språket betre enn dei faktisk gjer, er nok ein av grunnane til at fleire av dei nemner at dei ikkje er nøgde med språkopplæringa dei fekk på sameskulen. Likevel er det mange ting som tyder på at det ikkje er berre mangefull språkkompetanse som gjer at dei ikkje brukar språket meir enn dei gjer.

Det å ikkje ha ein fullstendig samiskkompetanse kan vera problematisk:

Hvorvidt beherskelse av samisk språk er viktig, er kontekstavhengig. I tidligere tider var språkets viktighet, selvfølgelig, en selvoppfyllende påstand: samisk var morsmålet. Endringer har imidlertid inntruffet: for bare en generasjon tilbake i tid var samisk språk, særleg langs kysten, ein markør for stigmatisert identitet. Men nå for tiden er det ein knapp ressurs i mange samiske og potensielt samiske lokalsamfunn. Det å ikke ha kompetanse i samisk språk i dag *kan* (men ikke nødvendigvis) svekke ens posisjon som same blant samisktalende (Paine 2005:314).

Sørsamisk språk kan i høgste grad sjåast på som ein knapp ressurs i det sørsamiske samfunnet, og som vi får inntrykk av gjennom informantane mine, kan det å ikkje ha fullstendig kompetanse i sørsamisk svekkje posisjonen ein har blant samisktalande. Slik sett er det å kjenne seg trygg i språket og det å kjenne seg trygg i den samiske identiteten uløyseleg knytte til kvarandre.

### 5.6.2 Å kjenne seg trygg i den samiske identiteten

Noko som tidleg kom fram, var at denne barrieren har lite med redsel for å røpe den samiske etnisiteten sin saman med nordmenn å gjera. Ein skulle kanskje tru at det å skilje seg ut som same i elles etnisk norske samanhengar, representerer eitt av hindra for å bruke det sørsamiske språket utanfor dei sørsamiske språkdomena, i og med at ein då ville risikere negativ merksemd av ymse slag. Dette sitatet viser at det motsette er tilfellet for informantane bak denne empirien:

**Er det elles nokre område der det å vera samisk, eller det å snakke sørsamisk, må få større status? Trur du at låg status er noko av grunnen til at ungdommar ikkje snakkar samisk sjølv om dei veit at den dei snakkar med kan samisk, og dei kan det sjølv?**

Nei, det trur eg ikkje har noko med status å gjera. Eg trur det har noko med ... korleis det byggast opp på skulen, og å ufarleggjera det. Altså det å leike med språket, for å ... få kunnskap om at ein må jo berre prøve ...

**Ja, for eg tenkte kanskje at det hadde noko med status å gjera ... Dersom fire sørsamiske ungdomar som alle kan samisk sit på ein kafé i for eksempel (stadnamn) og snakkar norsk, så tenkte eg at det kanskje kunne vera fordi dei ville unngå å tiltrekke seg uønska merksemd med å snakke sørsamisk. Men det er det altså ikkje?**

Å, nei, å nei! Eg og (namn), vi sat på kafé og vi brukte å sitje på (namn på kafé), og der sat vi og snakka samisk, og brydde oss ... Nei, vi syntest det var *artig* om nokon høyrd oss!

Eg spurde fleire om nett dette, og fekk same type avvising av problemstillinga:

**Dersom de sit på ein kafé: Er de då redde for at om de snakkar samisk, så vil de vekke oppsikt blant alle dei andre i lokalet?**

Nei. Det er ofte sånn at, spesielt sånn at viss vi er blant mange folk, så er vi ikkje redde for å snakke på samisk oss imellom.

**Er det slik at det er uhøfleg å snakke samisk når det er nordmenn tilstades?**

Nja, vi har det litt. Men mest frå gammalt av. I dag er det nok meir slik at det er uhøfleg overfor dei som ikkje skjørnar noko berre om dei er med i samtalen.

**Enn om det hadde vore nordsamar, da?**

Da trur eg vi hadde snakka sørsamisk berre av prinsipp! [latter] Berre for å vera vrang!

Dette var altså tydelegvis ikkje problemet for dette utvalet av informantar. Ikkje berre står det gamle tabuet om å ikkje snakke sørsamisk medan etniske nordmenn høyrer på, svakare, men dei ville vore *stolte* om andre høyrd at dei snakka sørsamisk saman; spesielt om det var nordsamar! Likevel snakkar altså sørSAMAR flest norsk saman om dei sit på kafé med andre sørSAMAR dei veit kan språket. Kva er då grunnen til dette?

Vi har altså sett at informantane ikkje har nemneverdige problem med å vise fram sørSAMISKE etnisitet sin korkje i møte med etniske nordmenn og det norske samfunnet eller i møte med andre samar og det all-samiske samfunnet. Derimot skal det vise seg at det er i møte med andre sørSAMAR at det ser ut til å vera vanskelegast å kjenne seg sikker på den sørSAMISKE etnisitet sin:

Det har mykje med usikkerheit å gjera, trur eg. Som sagt, når eg snakkar med den ungen, så går alt så mykje lettare enn det det gjer med andre ... Eg veit ikkje, men det er nesten så ein tykkjer det er *flaut* på ein måte, altså. At du blir berre så ... Du har så lyst, men ... Du føler det akkurat som om du ikkje dug til noko.

**Hm. Kva du trur det kjem av, då?**

Eg trur det har med dei store skilnadene på internatet å gjera. At ikkje vi var like bra. Det er stor diskriminering innanfor internatet. Samar alle i hop, men.

Her blir barrieren knytt til den intra-etniske stigmatiseringa, og til rangeringa av kven som er godkjent som "god nok" same. Informanten seier at dette gjer henne usikker på det å snakke samisk og at det er "flaut" å skulle snakke samisk. På eit seinare tidspunkt i intervjuet kjem vi etter inn på dette spørsmålet. Det er snakk om kvifor ho ikkje snakkar samisk med veninnene sine som er omtrent like gode i samisk som henne.

### **Kvifor gjer de ikkje det, da?**

Nei, vi er ikkje bevisste på det. Men vi kan seie ulike ting. Vi kan starte dagen med å snakke samisk òg, men det blir berre med det. Det er ein så sterk vanesak ... Vi tenkjer ikkje over det. [...] Men altså, vi seier jo enkeltord. Og når vi får folk på besøk, viss vi sit i lag, da kan vi ta oss i å seie sørsamiske ord som dei andre ikkje skjønner, og da gløymer vi ... for det er så vanleg å bruke dei enkeltorda som vi gjer.

Her byrjar ho med å forklare det med at dei ikkje er bevisste nok på situasjonen for språket, og for rollene sine i høve til denne. Dei er bundne av vanen, og innanfor vanen er dei trygge. Dei meistrar både norsk og etnolekten fullt ut, og det er alltid komfortabelt å halde seg til det kjende og til det ein er sikker på å beherske. Dessutan inneholdt denne etnolekten altså nok samiske ord til at det skil seg markant frå norsk, slik at det, slik vi såg i kapittel 5.2, saman med etniske nordmenn får den sosiale funksjonen at det dreg opp grensene mellom "oss" og "dei", og fungerer som ei stadfesting på fellesskapen samane imellom. Eg utfordrar informanten meir på kva denne sperra består av:

**Men både du og (namn på venninne) snakkar jo bra samisk begge to. Kvifor gjer de ikkje berre ein avtale om at "no snakkar vi sørsamisk saman"?**

Ja ... eg trur ... hm ...

### **Er det nokre sperrer der?**

Ja, pussig nok ... Eg må litt langt tilbake, nesten ... Ja, det er heilt idiotisk. [...] Eg trur at ein før eller sidan kan få ei sånn a-ha-oppleveling der ein blir bevisst på det og blir bevisst på kva ein har men ikkje brukar og kva ein gløymer å bruke og ja ... absolutt. Jo eldre eg blir, jo meir bevisst blir eg på kor mykje kunnskap eg går glipp av, som berre glir imellom, liksom ...

### **Når besteforeldre byrjar bli litt skral og sånn og ...**

Ja, du får litt panikk og nei, no må du gjera ditt og ... Eg er så bevisst på det der og da, men så går det ei stund, og ja... så forsvinn det. Men det med avtalar er jo veldig lurt. Men sånn som meg og veninnene mine ... Om det er noko spesielt som ingen skal høre ellers, da bruker vi jo sørsamisk ubevisst att. Når ho ringer meg og snakkar samisk, så skjønner eg at no er det nokon i bakgrunnen som ikkje skal høre. Og kvifor gjer vi det i sånne situasjonar og ikkje i andre?

Det er tydeleg at dette er eit vanskeleg emne å snakke om og setje ord på. Ho byrjar på nye setningar utan at den førre er ferdig, og det er mange tenkjepausar midt inne i resonnementa. Eg fortel i mellomtida om ein annan informant som har snakka om verdien av å gjera avtalar med folk. Ho vender tilbake til det med å vera bevisst ansvaret ho har for språket: Ho ser på det som ein prosess, nesten som å bli vaksen, der ein blir meir og meir bevisst jo vaksnare ein blir, men der ho ser at ho ikkje tek tak i det ansvaret ho periodevis tydelegvis kjenner sterkt. Så kommenterer ho at ho tykkjer det å gjera avtalar med folk er ein god strategi, før ho byrjar å reflektere over dei situasjonane ho og veninnene hennar umedviten brukar sørsamisk: "Kvífor gjer vi det i slike situasjoner og ikkje i andre?" Det å bruke sørsamisk som hemmeleg språk er tydelegvis eitt av områda der dette kjennest heilt naturleg, og der omslaget skjer ubevisst, eller i alle fall umarkert. Ho finn ikkje umiddelbart noko svar på kvífor det er slik, og det er tydeleg at ho ikkje har tenkt på denne vekslinga på denne måten før. Eg prøver å koma djupare inn i kva som ville vera flaut med å snakke samisk med gode venninner:

**Men når de snakkar samisk, da, legg de merke til om den andre bøyar eit ord feil eller seier noko feil eller ...?**

Både ja og nei. Det kjem an på situasjonen. Ofte kan det starte med at vi seier berre nokre enkeltord. For eksempel: Sjå på han kjekken der. Og så byrjar det å flyte over, liksom. Men for eksempel, når det er snakk om fargar. Orda for "farge" og "grøn" kan forvekslast litt, og da blir det sånn: Å nei, eg meiner dét, liksom. Og det har litt med kven det er, og eg trur når eg har snakka med (namn på venninne); eg føler meg litt usikker, for kanskje eg føler at ho er betre enn meg, eller noko sånt. I staden for å berre drite seg ut og ikkje ta seg sjølv så høgtideleg. Og det trur eg sørSAMANE gjer – eller samar generelt – dei tek seg sjølv litt høgtideleg. Dei er veldig redde for å bli flira av, og det er innad òg.

**Ja, eg har fått inntrykk av det, når eg har snakka med andre folk òg, at det er noko flaut med å snakke sørSAMISK.**

Ja, det er veldig ... noko *heilt* anna enn at du drifte deg ut på eit anna språk. Det er nesten heilt ... Det er nesten så du blir dradd av det ytterste skalet og blir flådd, altså. Det er så jævlig!

Her er vi inne på noko av det same som den førre siterte informanten nemnde: Saman med kjensla av ikkje å beherske språket fullstendig følgjer det ei sårbarheit som her blir samanlikna ikkje berre med å bli kledd naken, men med det å bli flådd! Det kjem fram her at mange kanskje dekkjer over denne sårbarheita med å vera sjølvhøgtidelege. Ho meiner det ikkje berre er typisk sørSAMISK å vera sjølvhøgtideleg, men typisk samisk, generelt. Det å snakke feil på dei trygge arenaene, slik som når noko skal vera hemmeleg, framstår som mindre skummelt. Ho seier at usikkerheita hennar varierer etter kven ho snakkar med, og kjem fram til at det kan ha noko å gjera med

språkkompetansen til den andre. Ho kjenner seg tydelegvis automatisk underlegen ein som er tryggare i språket enn ho sjølv. Og det å skulle drite seg ut med å seie noko feil *utanfor* dei språksituasjonane der det er "naturleg" å snakke sørsamisk, det blir altså samanlikna med å bli flådd.

### **Er dette fordi språket er så tett knytt til identiteten og bakgrunnen og ...?**

Mm. Og eg kjem på ein episode for eit par somrar sidan, i Ankaredet (årleg sørsamisk sommarstemne). Det var to stykker frå internatet, og dei hadde samisk som førstespråk, ja og dei gjekk og snakka samisk. Så seier ein nordsame til oss: Kvifor gjer ikkje de det same som dei? Og veit du: Aldri i mitt *liv...*, over mitt *lik*, hadde eg kunna snakka samisk til dei. Det hadde ikkje vorte aktuelt! Dei hadde kome til og flira meg midt i trynet, dei altså. Det er så ille at det er så vidt ein tør å nemne enkeltord. Og veit du kva dei gjer til oss: Dei seier ikkje enkeltord ein gong! Dei pratar alt på norsk til oss. Og samar imellom, dei pratar med slike enkeltord: mor og far, bilen, eller ... Det pratar vi på samisk, liksom, berre automatisk. "Ja, *mora* di, da?", seier dei. Dei pratar som om vi ikkje ... skjønner du? "Ja, *faren* din, var han ute med *reinane* sine?" Skjønner du? Det er liksom sånn, ... Dei trykker oss ned, altså!

### **Ja, dei behandlar dykk nesten som nordmenn som ikkje skjønner ...**

Ja, verre, altså! Og da vi byrja (på sameskulen), så var det jo sånn: "Ja, du er i slekt med den og den og den", og da var det ein av dei som sa at: Vi er ikkje i slekt med dykk, nei". Enda eg veit at eg er firmenning med dei, liksom. Ikkje at det er så nære, men dei vil ikkje vera i slekt med oss fordi vi ikkje er bra nok samar, liksom. Så det er veldig mykje diskriminering innad.

Denne situasjonen fungerer veldig godt som illustrasjon på det denne barrieren eigentleg handlar om. Desse to i historia, som truleg er morsmålsbrukarar og flytande talarar av sørsamisk, framstår som utilnærmelege maktutøvarar. Det å ikkje beherske språket feilfritt er eit stigma som denne informanten har opplevd å bli stigmatisert for. Ein av meistringsstrategiane mot å bli stigmatisert, er *covering*, å tilsløre eller å dekke over sjølve stigmaet (Goffman 1963:154, her etter Hove 2001:14). Det å snakke norsk til desse personane er å velje denne tilsløringsstrategien: Ved å snakke norsk slepp informanten å avsløre den ikkje feilfrie beherskinga si av sørsamisk.

Informanten er truleg sett på som annleis, og truleg mindre same, enn dei sjølve mellom anna på grunn av at ho ikkje har fullstendig språkkompetanse i samisk. Informanten er overtydd om at tilnærmingar i form av felles symbolbruk i den over skildra situasjonen ville vorte møtt med hån og avvising. Det viser seg òg at ho frå før har opplevd to ulike kategoriar av avvising frå dei same personane. Den eine språkleg, og den andre genetisk, eller på grunnlag av slekt. For å ta det siste først: Ho har altså opplevd at den ho veit ho er firmenning til, for mange år sidan har nekta for dette framfor både henne og andre. Ho oppfattar at det er på grunn av at ho ikkje er

"bra nok" same. Den andre typen avvising ho nemner, er den språklege. Det å bruke etnolekten er eit svært viktig symbol på sørsamisk samhald, og det fell seg altså heilt naturleg å bruke dette språket saman med andre samar. Dei ord-døma ho nemner, stadfestar at det først og fremst er ord frå reindrifta eller slektsskapsnemningar som er spesielt symbolladde. Og det at desse morsmålsbrukarane ikkje ein gong brukar desse orda når dei snakkar til henne, framstår som rein undertrykking. Det at desse to ikkje tek i bruk dei symbola det er vanleg å bruke samar imellom, og som markerer samhald og gjensidig stadfesting, symboliserer at korkje den samiskkunnskapen denne informanten faktisk har og brukar, eller den samiske etnisiteten hennar blir akseptert som "ordentleg samisk".

Her er vi truleg ved kjernen av det som opplevast som sårbart ved å skulle bruke det samiske språket på andre domene enn dei som er naturlege for informantane: Det å skulle koma og "tilby" ei samhørysle og eit fellesskap med desse flytande talarane ved å snakke sørsamisk til dei, eller så dei hørde det, framstår i utgangspunktet som uaktuelt når ho alt kjenner seg avvist av dei. Det i tillegg å skulle risikere å blottstille seg som den semitalaren ho trass alt ser seg sjølv som, ved å vera så uheldig å seie noko feil, verkar altså å vera det verst tenkjelege som kunne skjedd. Truleg ville dette ha vore det same som å gå med på premissane deira om at dei er "meir" eller "betre" samar enn ho sjølv, slik at det å "bli flådd" er eit bilet på å bli avkledd den forsøksvise samiske identiteten sin. Så i staden for å blottstille dette og risikere den fallhøgda det inneber å snakke "feil" sørsamisk, framstår det som eit tryggare og mindre markert alternativ å snakke norsk, som ho beherskar fullstendig.

Dette er eit godt døme på at det er saman med andre sørSAMAR det ser ut til at ein kan bli mest usikker på sin eigen etnisitet, i motsetning til saman med etniske nordmenn eller nordsamar. Det å kunne snakke det sørSAMISKE språket flytande har svært høg status i det sørSAMISKE samfunnet, og det å ha opplevd å bli rangert som mindre same mellom anna på grunn av at ein ikkje meistrar språket fullstendig, gjer at terskelen for å snakke samisk blir veldig høg. Det som kjenneteiknar meistringsstrategien her, er, som nemnt over, unnviking, eller tilsløring. Tidlegare har vi sett at revitaliseringane viser offensive meistringsstrategiar mot både inter-etnisk stigmatisering og til intra-etnisk stigmatisering i form av å bli kalla "halv" og "ein fjerdedel" same. Her, når det kjem til det å bruke språket, ser vi derimot at informantane viker unna konfrontasjonen, og dei projiserer ønska sine om den ideelle meistringa av språket inn i ei forestilling om ein framtidig familiesituasjon der dei har ungar dei kan bruke språket med. Denne informanten er inkje unntak i så måte. Ho er fast bestemt på at ho ein dag skal koma over denne barrieren:

Eg har bestemt ... Målet mitt er at eg innan eg får ungar sjølv, så skal eg kunna såpass mykje sjølv at mine ungar får det gratis. Det har eg vore skikkeleg bevisst på. Dei skal få veldig mykje gratis.

**Ja, det seier alle eg har snakka med, at når dei får ungar, så skal dei kunne så mykje at dei kan snakke samisk med ungane sine.**

Ja, og da trur eg samstundes at ... da *tør* du å snakke òg.

Her er det freistande å dra ei samanlikning med prosessane bak språkskiftet frå sør-samisk til norsk for nokre generasjonar sidan: Samiske foreldre byrja å snakke norsk med ungane sine slik at dei skulle sleppe å oppleve den stigmatiseringa dei sjølve hadde opplevd på grunn av språket sitt. Det er nesten så det verkar som om det er den same prosessen som skjer her, berre motsett veg. Denne informanten vil gje ungane sine språket "gratis" så dei skal sleppe den stigmatiseringa frå andre samar, som ho har følt på grunn av dei manglande samiskkunnskapane sine.

Barrieren som står i vegen for å endre den språklege praksisen ser altså ut til å vera stor. Mantraet om at ein skal koma over denne berre ein sjølv får ungar, framstår i nokre tilfelle som ein uoppnåeleg utopi, ein draum som informantane ikkje nødvendigvis har tenkt ut ein strategi for å oppnå. Eg spør den same informanten om dette:

**Kva er dei største utfordringane for å kunne klare dette?**

Folk si innstilling, trur eg, og å ikkje ta kvarandre så høgtideleg. Det er veldig sånn at kvar enkelt person tar seg sjølv så høgtideleg. Mora mi (som ikkje er samisk) seier det til meg òg ho: (namnet), du tek deg sjølv så høgtideleg. Og så er eg veldig sårbar. Så eg merkar fort at det skal veldig lite til: Eg har vore i ein del diskusjonar der folk har vorte irriterte på meg. Folk må vera opne, og lytte og snakke meir om det. No har dei jo slike språkkurs eller språkbad, da, og sånne ting er veldig viktig. Dei som driv med reindrift, dei burda lært språket til ungane sine, men i dag er det så mange problem i reindrifta som tek så mykje fokus. Så folk er så opptekne av "jobben" sin, og dei gløymer det kulturelle og det rundt. Det er så mykje innanfor reindrifta, og alt frå sløyd og bruk av kofte og ... Ja, det blir gløymt! Og det er så synd! Og eg saknar at dei som verkeleg er ressurspersonar på dette med språket, at dei kunne laga til samlingar der dei oppfordra folk til å snakke språket! Det trur eg er veldig viktig.

Informanten legg vekt på at det er viktig å *snakke meir om det*, altså å få umedvitne språkvalsmekanismar inn i den medvitne sfæren. Dei som kan gå i bresjen for å gjera nettopp dette, meiner ho er "dei som verkeleg er ressurspersonar på dette med språket". Ho har eit tydeleg ønske om å bli innlemma og godteken i språksamfunnet av desse ressurspersonane. Om ho hadde vorte oppfordra til å snakke språket av nokon som ho ser på som ressursperson, ville det vere det same som å bli godteken

i språksamfunnet, som ho svært gjerne vil bli inkludert i. Det framstår som lettare å skulle ta del i dette etter å ha vorte invitert, enn det er å ”invitere seg sjølv” inn.

## 5.7 OVER BARRIEREN

Som nemnt har to av informantane i denne empirien kome over, eller delvis kome seg over barrieren med å bruke sørsamisk. Dette er dei same to som har fått ungar, og det er liten tvil om at dette heng saman. Ingen av dei to har vakse opp med mykje bruk av sørsamisk i heimen. Begge har lært etnolekten, men ikkje meir enn det. Begge har hatt som mål at deira eigne ungar skal bli tospråklege som ungar, og sjølve prøver dei å bli det i vaksen alder. I dette delkapitlet vil eg vise historiene deira og sjå nærmere på kva barrierar dei har møtt, og korleis dei har takla desse.

### 5.7.1 På veg over

I den første historia møter vi ein informant som har to ungar som ho snakkar samisk med. Ho har i samband med ungane byrja å snakke meir samisk med sine eigne foreldre, men føler at ho burde ha snakka meir samisk både med ungane og med andre samar.

#### Kor mykje samisk snakkar du no, da?

No gjer eg det dagleg. I alle fall når eg snakkar med ungane, så bruker eg alt eg kan – og det er ikkje nok. Men det er klart det blir mykje blanding. Eg prøver å ikkje blande i setningane, men det blir mykje at eg enten snakkar samisk eller norsk. For eg har ikkje nok bakgrunn eller kunnskap til å bruke det heile tida.

#### Enn mannen din, snakkar han sørsamisk?

Nei, han kjem til kort han òg like mykje som meg.

[...]

Eg har heile tida tenkt at den dagen eg får ungar, så skal dei få høyre språket frå første dag. Målet mitt er at dei skal bli tospråklege, og det håpar eg dei blir.

Denne informanten er snar til å påpeike at ho ikkje kan ”nok”, at ho ikkje brukar det ho kan ”nok”, og at ho eigentleg ikkje gjer ”nok” for å lære seg meir. Og mannen hennar, han ”kjem til kort” like mykje som henne. Det er på sin plass å påpeike at denne informanten altså alt før den eldste ungen er to år, brukar meir samisk i heimen enn det ho sjølv opplevde at foreldra hennar brukta til henne då ho var unge. I tillegg kjem det fram seinare i intervjuet at ho har høgare utdanning i sørsamisk, og tidlegare mellom anna har undervist ein elev i vidaregående skule i sørsamisk, og

det er tydeleg at ho kan meir enn ho til å byrje med i intervjuet gav uttrykk for. På grunn av den sterke purismen og dei høge språklege krava det blir sett til det å snakke sørsamisk innanfor det sørsamiske språksamfunnet, er det logisk å gå ut ifrå at dei fleste heller underrapporterer enn overrapporterer kunnskapane sine. Det kjem òg fram seinare i intervjuet at denne informanten tek ansvaret ho kjenner for framtida til språket, veldig seriøst. Elles kjem det fram at ho, som alle dei andre, òg lenge har planlagt at den dagen ho får ungar, så skal ho snakke samisk til dei, og at målet er at dei skal bli tospråklege.

**Kva reaksjonar har du fått frå slekt og venner på at du snakkar sørsamisk med ungane dine?**

Altså familien, både foreldre og søsken, dei får seg eit spark i rompa dei òg, gjer dei.

**Og då byrjar kanskje dei òg å snakke sørsamisk med ungane dine, da?**

Ja, vi har prøvd og vore ... eller det seier vi til dei òg, at dei må bruke det dei kan, og dei kan jo faktisk ganske mykje! Nei, så det har eg opplevd berre som positivt!

**Så du har ikkje fått påpakning frå nokon om at du sjølv ikkje snakkar bra nok sørsamisk eller noko sånt?**

Nei, det har eg ikkje. Eg bruker det eg kan, eg, og det er mykje meir enn det eg lærte da eg sjølv var lita. For det grunnlaget vi legg i dag, trur eg er veldig viktig. Det er veldig viktig for meg å bruke det når vi er heime å foreldra mine, og at dei (ungane) bruker det da. For når vi bur i (stadnamn), så blir det jo få situasjonar ein kan bruke det. Men eg er veldig bevisst på å bruke det når det ikkje er andre samar tilstades òg. For eksempel blant vennar. Vi er jo ein kollegagjeng som har fått ungar samtidig, og eg prøver å vera bevisst på å bruke det saman med dei òg. Dei snakkar jo norsk åt ho, og eg prøver å ... kanskje ikkje oversette, men å bruke sørsamisk til henne da òg. Og det tykkjer dei berre er positivt. Og så har vi ein slekting som berre snakkar samisk åt dei.

Her ser vi tydeleg at det å få ungar har vore ein katalysator for bruken av sørsamisk i denne familien. Det at ho brukar sørsamisk til ungane, gjer at fleire i familien gjer det, og ho seier òg at dei som foreldre aktivt har sagt til ulike folk at dei må bruke det dei kan av samisk til ungane. Og dette har ho berre fått positive reaksjonar på. I tillegg fortel ho altså at ho prøver å snakke samisk med ungane sjølv når det berre er andre norsktalande til stades. Dette er eit brot med eit gammalt tabu, men som vi òg såg under kapittel 5.6.2 står dette med å ikkje skulle snakke samisk med nordmenn var til stades, mykje svakare no enn før, og det framstår som heilt uproblematisk for denne informanten.

Vidare i intervjuet kjem det fram at det er stor skilnad på å snakke med ungane og det å snakke samisk med andre vaksne.

**Dersom du møter andre sørsamar, hender det at du snakkar sørsamisk med dei?**

Nei, eg gjer ikkje det.

**Så det går på ein måte via ungane? Slik at du snakkar samisk til ungane og så snakkar dei òg samisk til ungane?**

Ja, og slik blir det mykje heime her òg, at vi bruker begge samisk til ho, men oss imellom så går det på norsk. Uheldigvis, men der kan ein jo ta seg litt på tak, da. Men sånn som når vi treffer andre sørsamiske ungdommar, så blir det ikkje brukt. Men eg har vore borti at eg har vore ute med søstrene mine og har brukt sørsamisk for at andre ikkje skal høyre kva vi sa. Så det har vorte meir brukt sånn. At ein kommenterer folk, for eksempel.

**Kva er det som gjer at de ikkje fortsett på sørsamisk da, når de først har byrja?**

Eg veit ikkje. Men eg trur det er ein barriere ein berre må over.

Her dukkar barrieren opp att i samband med at eg spør om kvifor ho ikkje brukar sørsamisk utanfor dei språksituasjonane det er naturleg eller vanleg. Ho fortel vidare at ho òg har opplevd å snakke sørsamisk i andre språksituasjonar, men då måtte det avtalast på førehand.

**Mange seier dei er litt redde for å snakke sørsamisk med eldre, litt redde for å snakke feil og ... det at ein ikkje er vant til det. Det ser ut til å vera eit stort steg der som er vanskeleg å ta?**

Eg har eit kjempeeksempel der. (Ein slektning) er kjempeflink med å bruke språket, både med oss og med ungane. Og etter så mange år ... og enda den dag i dag har eg vanskeleg for å snakke og bruke det vesle eg kan med henne. Eg forstår mykje av det ho seier, og ofte kan eg svara på samisk, men eg gjer det ikkje. Og når eg kjem over den barrieren, da ... Eg har så lyst, men eg veit ikkje kva det er som gjer det.

**Er du redd for å snakke feil, eller...**

Eg veit da nesten ikkje om eg kan seie det heller ... Men det ligg der nok dét, ja. I alle fall med sånne som kan det så godt og ... Eg har mindre barriere overfor mora mi, no når eg har fått ungar. For når eg er heime, så kan eg ofte seie ting og spørje om ting på samisk. Ikkje så det blir ein heil, lang samtale, men slike småting. Det blir ikkje så ofte, og eg har lyst til å gjera det meir, men innimellom så blir det sånn. Men til henne, så er det ein større barriere, for ho kan det så godt sjølv, og det er kanskje noko i det at eg er redd for å seie feil.

Det å vera redd for å seie noko feil, er tydelegvis ikkje det einaste denne barrieren består i for denne informanten heller. Men kva det er, er det altså vanskeleg å setje ord på. Det at denne slektningen alltid har snakka sørsamisk til henne, er på mange måtar ein open invitasjon inn i eit "mikrospråksamfunn" saman med henne. Informanten har tydeleg lyst til å vera med i denne språkfellesskapen ved å delta med

den samisken ho kan, men noko har alltid hindra henne i det. Diverre fekk eg ikkje spurt om denne slektingen nokon gong *eksplisitt* har oppmoda henne om å snakke samisk, eller om det alltid har vore implisitt. Det kan kanskje tenkjast at ein eksplisitt invitasjon er det som skal til for at denne informanten endeleg tek steget fullt ut. I løpet av samtalen vår kjem det òg fram at ho ikkje trur denne slektingen ville laga ei ubehageleg scene dersom ho skulle seie noko feil:

**Men korleis trur du ho hadde reagert, da, om du hadde sagt noko som var heilt feil til henne? Hadde ho retta på deg?**

Ikkje direkte retta, nei. Men eg trur eg har opplevd at om ho har høyrt at eg har sagt ting, så har ho på ein måte sagt det på ein annan måte utan å korrigere eller rette meg direkte.

**Ja, det er jo ein mykje meir pedagogisk måte å rette på enn å påpeike det direkte og stoppe samtalen for å påpeike det.**

Ja, og det bør dei jo vera bevisst på dei som verkeleg kan det òg, at dei ikkje pirkar og rettar så mykje på oss som prøver og som ikkje kan det så godt. Det viktigaste er jo at vi prøver, for om det blir grammatiske feil og sånn, så må ein berre skite i det.

**Ja, det er jo slik ein lærer det.**

Men det vil eg seie at eg tykkjer det er eit kjempestort ansvar å vera den som skal sørge for at språket skal fortsette. Det er eit så stort ansvar at eg går med därleg samvittighet for det nesten *dagleg* ... For at eg ikkje kan det, at eg kan det så lite og for at eg ikkje gjer nok for å lære det. Det er mange ting eg kunna ha gjort for å utvikle det. Eg kunna lese mykje meir, og eg kunna brukt det. Og om ikkje gått på skule, så hadde eg kunna skrive meir og lese meir. Og eg håpa kanskje at det skulle bli meir lesing og sånn da eg fekk ungar, men eg har mykje å ta tak i.

Det som er att av barrieren til denne informanten, er vanskeleg å få tak i. Her nemner ho at ho nesten *dagleg* kjenner på eit därleg samvit for at ho ikkje brukar språket meir. Og ho har teorien inne: Teoretisk veit ho at måten å lære språket på, er å prøve og feile og "berre skite i" om det blir nokre grammatiske feil. Men det er altså praksisen det skortar på, og det å koma over barrieren med å snakke sør-samisk med vaksne folk, ikkje berre med ungar. Det er ingen tvil om at det, både for denne informanten og for fleire av dei andre, opplevast som eit regelrett moralsk problem ikkje å snakke sør-samisk. Dette fenomenet skriv òg Todal (2002:77) om:

Gjennom intervju og samtalar har eg inntrykk av at mishøvet mellom dei uttalte positive holdningane til sør-samisk språk og den verkelege språkbruken i heimane, blir opplevd som eit moralsk problem av foreldre i dei sør-samiske områda. På den eine sida blir sør-samisk språk sett på som ein svært stor verdi, på den andre sida blir det lite brukt heime. Foreldra snakkar gjerne om at dei sjølve eller andre "ikkje er flinke nok" til å snakke samisk heime. Vår generasjon er så "sløv", som ein tospråkleg samisk far sa i eit intervju. Dersom neste generasjon skal få lære språket, "må vi ta oss i nakken".

Samstundes som det tydelegvis er eit moralsk problem å ikkje snakke så mykje sørsamisk som ein skulle ønskje, er det òg tydeleg at det er ein eller annan sosial kostnad knytt til det å skulle bruke språket meir. Under 5.1 såg vi at etniske entreprenørar ofte kan oppleve interessekonflikt mellom det å skulle oppnå idealmåla sine, og det å oppretthalde sosial status eller funksjon. Denne barrieren som alle opplever, trass i at dei til ein viss grad legg ulike faktorar i han, må kunne sjåast på som ein *sosial kostnad* ved revitaliseringsprosjektet. Revitalisering av språk handlar nødvendigvis om å bryte uskrivne reglar for når og av kven eit språk kan brukast, og det å skulle bryte desse inneber ein potensiell sosial kostnad i form av sanksjonar frå språkbrukarar som beherskar språket betre enn seg sjølv. I kor stor grad desse sanksjonane er reelle og i kor stor grad det er psykologiske barrierar som eksisterer inne i hovuda til informantane, har eg ikkje her noko grunnlag for å seie meir om enn at barrieren truleg inneheld element av begge.

### 5.7.2 På andre sida av barrieren

Den neste informanten har verkeleg "teke seg sjølv i nakken" og har gått frå ikkje å tørre å bruke språket, til å bruke det både til ungane sine og til vaksne samar. Ho ser på det å få ungane sine til å bli tospråklege som "livsprosjektet" sitt, og den eldste ungen går altså i den tidlegare nemnde sørsamiske barnehagen. Ho fortel dette om då ho bestemte seg for å byrje å snakke samisk:

Så reiste eg til Sør-Amerika! Med dei kunnskapane at eg kunne telje til fem og seie "god dag" på spansk. Eg fôr til Cuba, og gjekk fire veker på kurs der, så reiste eg rundt i fire månader. Og snakka spansk, veit du! Og satt på barar, og snakka med taxisjåførar og ... Så måtte eg leve ei oppgåve da, den 10. juni i samisk, så satt eg der i Sør-Amerika, høyrdé berre spansk og skreiv sørsamisk. Utan ordbok. Men eg klarte no å leve, men så tenkte eg at: "Korleis skal det gå an?!" No har eg lese samisk i 12 år, og snakkar ikkje. Og så har eg vore 5 månader i Sør-Amerika, og snakkar flytande spansk! Og prata feil, veit du, men folk skjønte jo kva eg sa! Og sånn lærer ein språk. Og da byrja eg. Eg bestemte meg, NO skal eg snakke, og da byrja eg. Og så har eg hatt som mål at eg skal prate med alle mine gamle lærarar, sånn etter kvart som eg har treft dei, og køyr på! Og eg pratar jo no òg, og pratar jo så mykje gale! Problemet mitt no er jo at ho toåringen min, ho gjentek jo alt eg seier, veit du, så eg må skjerpe meg. Men det er jo sånn eg lærer språk. Og veit du kva, etter kvart har eg funne meg voksenpersonar som eg har sagt til: "Du må snakke samisk med meg. Viss vi treffast i banken, så kanskje eg svarer deg på norsk dei to første setningane, men eg treng den tida til å snu om. Men ikkje byrj å snakke norsk berre for at eg svarer på norsk!" Så eg har laga sånne "avtalar" med folk. [...] Og eg, det er jo eit pes utan like når eg skal snakke eit språk eg ikkje er så trygg i, eg må jo jobbe som berre det ... Og nokon gonger blir det jo heilt gale, og skal eg bruke det norske ordet da, eller skal eg snakke rundt? Nokon gonger snakkar eg rundt, og nokon gonger bruker eg norsk, når det er heilt umuleg, da. Men det må eg jo kunne gjera, for slik vil jo kvardagen vår bli!

Her demonstrerer ho tydeleg at ho har kome over barrieren med å vera redd for å snakke feil. I samband med det nemner ho dei gamle lærarane sine, og det var truleg ein del av barrieren å skulle snakke med dei. I tillegg framhevar ho inngåing av "avtalar" om å snakke sørsamisk som ein viktig del av strategien sin. På den måten gjer ho umedviten språkbruk til medviten både for seg sjølv og andre, og dette ser ut til å vera ein viktig strategi for å kunne ta i bruk samisk på område ein tidlegare berre har bruka norsk.

Ho fortel vidare om den første gongen ho *berre* snakka samisk i tre dagar i strekk:

Ja, og det var jo så herleg ... Og eg var så klar, altså! Kjempeslitsamt! Det siste du høyrer før du sovnar, er eit språk du ikkje er så trygg i, og det første du høyrer, så er det berre å byrje på igjen, veit du! Og eg var heilt utkøyrt etter tre dagar! Og så kom vi med toget nedpå (stadnamn), og snakka berre samisk, og så kom konduktøren, og eg snakka berre samisk med han òg, for eg ante ikkje kva språk eg skulle snakke [latter], og da eg kom av toget i (stadnamn), og slo over til norsk da eg møtte (namn på person), så snakka eg norsk med samisk toneleie! [latter] Men det var første gongen at eg skjønte at no må vi berre køyre på her, altså! Og vi var ein gjeng som var einig om det at vi skulle snakke samisk, og det er vaksne folk som gjekk i lag på det. Sånn som no da vi var i (stadnamn) og tok mellomfaget. Da var vi fire stykk som satt i kantina og snakka samisk, og det er jo kjempeartig å gjera det, da. Tenk deg når du har alle dei andre samiske studentane som er der, og som ikkje skjønner noko! For *du* seier at du møter norske studentar som ikkje har høyrd om noko som helst, men når du fer nordover, så samiske studentar, dei veit ikkje noko meir om sørsamisk, dei. Vi er no den vesle minoriteten her, og det finst nokre som trur at det i det heile tatt ikkje er nokon som snakkar sørsamisk! Så når vi da kunne sitte i kantina på (lærestad) og snakke samisk, mens dei som da hadde samisk som førstespråk, ikkje skjønte kva vi sa! Fantastisk! Det var utruleg artig!

Her kjem minoriteten i minoriteten-perspektivet fram, og det å kunne vise nordsamane at det finst samisk språk dei ikkje skjønner, var tydeleg noko denne informanten sette stor pris på. Det skin gjennom heile måten denne informanten fortel denne historia på, kor viktig dette med å bryte barrierane var og er for henne. Men ho påpeiker at det har vore eit "blodslit", og at det er lenge sidan ho byrja å byggje ned barrierane ho har møtt på:

I utgangspunktet pratar eg samisk heile tida, og det er eit kjempeslit! Så denne samisen min, det er eit blodslit, altså. Men det er så viktig for meg! [...] Eg veit ikkje kor mange år det er sidan eg fortalte til (namn på sambuar som er etnisk norsk) at skal du vera saman med meg, så ... Ungane mine skal lære seg samisk, altså. Og for han var det heilt ... ja, hallo!! For han var det heilt utenkeleg. Men eg har no bearbeidd han da, i ti-elleve år [latter], men, altså det har gått greitt. Han er no ein intelligent mann og veit kva det handlar om [latter]. Men det er jo éin ting da, at når eg hadde komme så langt at eg hadde bestemt meg, så brukte eg to dagar på sjukehuset til å bli vant til min eigen stemme som snakka samisk med ho (namn på ungen). [...] Ein annan ting er at faren min ikkje kan så mykje samisk, og ... han kan ein del, men ik-

kje så mykje, og farsslekta mi kan ikkje så mykje, og slett ikkje alle i morsklektene mi heller, og da ikkje i ungen si farsslekt heller, så det er jo veldig mykje omgivelsar, dei nærmaste omgivelsane, som ikkje kan noko. [...] Eg har gått til kvar enkelt av søskena hans (sambuaren) og spurt om (ungen) kan bruke dei samiske slektskapsnemningane på dei. Og det har dei sagt at er greitt. Sånn i ettertid, så ser eg det at i tillegg til det å snakke samisk og dei utfordringane som ligg i det for meg, så har det vore ei nesten like stor utfordring å bearbeide omgivelsane, å gjera slik at besteforeldra til (ungen) ... altså dei har ikkje opplevd det før i slekta si at ein unge sit og snakkar eit språk som dei ikkje skjønner. Og før ho etterkvart byrjar å skjønne at ho må snakke norsk med dei, så vil jo ho snakke blanding. Og det å gjera dei trygge på den situasjonen, det er ein kjempejobb! [...] Og det har eg snakka om etterpå med andre som har vore kjempemotiverte for å snakke samisk med ungane sine, men som ikkje har klart den biten, og som har opplevd så mykje motbør, og som har opplevd at svigerfamilien har krevd at: "Når du er hos oss, så skal du snakke norsk". Så har dei sagt at "Ja, men eg seier at guten skal ta på seg ei bukse, og eg snakkar ikkje til dykk no". Men dei vil vita kva ho seier, og da blir det jo vanskeleg. [...] Men sånn har det jo vore i samisk at viss du er fem personar som snakkar samisk, og det kjem inn ein norsk person, så byrjar alle å snakke norsk. Men det kan vi ikkje fortsette med, for da vil vi aldri kunne få nokre plassar eller nokre grupper der vi kan snakke samisk. Og viss eg skulle ha snakka samisk med ungane mine berre når eg er åleine med dei, nei, det går ikkje. Så i utgangspunktet startar du med å tråkke folk på tærne! Og sånn som eg no, eg snakkar samisk på butikken, og eg reknar med at folk kanskje høyrer det, eg *håpar* det! Så det blir litt meir ... normalt. Og (namn på sambuar) òg, han må faktisk godta at han ikkje skjønner alt som blir sagt ved sitt eige middagsbord. Det er prisen ein må betale. Men han lærer jo masse av det.

Dette er ei god skildring av kva rolle språk spelar i relasjonar, og kva det i praksis faktisk inneber å byrje å snakke samisk med ungen sin. Denne informanten har mykje norsk slekt, og det å innføre eit nytt morsmål i slekta har altså kravd ein innsats i form av eksplisitt å møte eventuelle fordommar og mangel på kunnskap om tospråkleg tileigning. Det å ha ei offensiv haldning til å vera open om valet ein har teke og å fortelje og forklare om det, ser her ut til å vera ein svært viktig del av det å faktisk kunne gjennomføre det. Informanten kjem her òg inn på den problematiske *demografien* til sørsamane. Det å ikkje vera i majoritet eller ein stor konsentrasjon nokon stad, fører til at ein er nøydd til å snakke sørsamisk sjølv om det er etniske nordmenn til stades. Dette er den einaste måten å gjera det på, om ein skal ta i bruk språket i andre språksituasjonar enn heimesituasjonar.

Og gjennom det at eg pratar med (ungen), har eg òg byrja å snakke samisk med mora mi, og med søstra mi, og med onkelen min. [...] For når du har ein liten unge, så blir det så vi snakkar samisk for ho. Språk er veldig personavhengig, og da eg gjekk rundt og skulle snakke med alle lærarane, så fann eg ut at den det var vanskelegast å byrje å prate med, det var mora mi. Ja, for det er så knytta til det forholdet vi har. Men gjennom at vi har fått ho (namn på unge), så pratar vi med ho, og da pratar vi òg til kvarandre, og rundt ho. [...] Ja, og når vi først snakkar samisk, kvifor skal vi slå over til norsk? Så det er veldig artig: Ho har på ein måte vore ein revitaliserings-katalysator i vår familie, da.

Her ser vi at ungen, på same måte som hjå informanten over, har fungert som ein revitaliseringskatalysator for heile familien. Ungen, og det at mora vil at ho skal bli tospråkleg, er ein god grunn for alle i familien til å ta i bruk den samisk som dei kan for å støtte det samiske språket til ungen. Det at ungen har kome inn i familien, har skapa eit skilje i språkbruken deira, og har gjort det lettare for alle å ta i bruk den samisk dei kan, og dermed òg utvikle han vidare. Ikkje minst blir ho som mor tvunge til å utvikle samisk sin:

Og det er så herleg, altså, å prate med henne. Når eg slår opp eit ord på formiddagen, så er det ein del av ordforrådet hennar på ettermiddagen. Da er det berre at eg kjem på kva det var eg slo opp på formiddagen, altså! Ho er som ein svamp! Ho lærer så enormt mykje!

Men det er mange utfordringar som ventar for at ungen skal vekse opp som balansert tospråkleg. Etter kvart som ho blir større, er det viktig at ho har arenaer der ho både møter språket og der ho sjølv kan bruke det:

For no ser eg jo at norsken blir sterke og sterke for henne. Fram til no trur eg faktisk ho har vore sterkest i samisk. For ho er rådyktig! Ho har ein grammatikk som dei som berre lærer det på skulen aldri får! Men ho kan ikkje uttrykket "vera med" på norsk. Så da seier ho *doarde* på samisk både når ho snakkar norsk og når ho snakkar samisk. Men det gjer ho begge vegane, da, litt sånn. Ho blir sterke og sterke i norsken. Og det må eg jo berre godta. Så må eg berre fortsette å pøse på. Og så er det å finne nye felt, da, og utvide ... Det blir jo eit heimespråk, da. Men no når vi har barnehagen, så kan ho koma heim og seie noko til meg, og eg veit at *dette* har vi ikkje snakka om. Og det er jo så godt, da! Men det blir jo meir og meir norsk etter kvart. Snart blir det jo barne-TV, og ... Men vi har to videoar no, da, på sør-samisk. Vi har ein video med *Askeladden og de syv hjelperne*, og den køyrast ... Dei dagane den *ikkje* køyrast her i huset, ja det er ...

### **Unntaket?**

Ja, og det er jo kjempebra. Ho sit og gjentar kva dei seier. Vi har jo ikkje så mange videoar, da, men så lenge ho berre vil sjå den, så er det jo greitt [latter]. Kjempegreitt. Men kor viktig det er! For da har ho meg som snakkar det, og nokre slektingar, barnehagen, og så har vi dei videoane, som gir henne ein liten input. Så det er ... alle slike småting. Men etter som ho blir større, og fleire og fleire ungar som treffast, så blir det jo meir og meir norsk. [...] Og eg kjenner jo, sånn som i går no, da ho prata berre norsk åt meg, kor skuffa eg blir. Og det tok ei stund før eg fekk henne skikkeleg snudd att, da. Men altså, det var som eit slags forvarsel på korleis det blir. Og det vil nok koma nokre år der ho kanskje ikkje vil prate samisk. Men eg må jo berre fortsette. Det går jo inn på meg, da, men eg gir ikkje opp, fordi ho vil koma tilbake att.

Til slutt kjem vi nærmare inn på avtalestrategien ho har bruka:

Dit vi har kome no, der er det slik at vi *må* nesten avtale at "no snakkar vi samisk". For no er det så få som har den naturlege linken til det å snakke samisk, sånn person til person, og dei personane som eg har hatt slike avtalar med: For oss er det no

naturleg å snakke samisk.

### **Ja, for det blir naturleg etter kvart ...**

Ja, det blir det etter kvart, og eg måtte bryte opp den norske naturlegheita med mora mi, og no kan vi ta halve telefonsamtalen på norsk, og halve på samisk. Og det kan vera berre bagatellar som gjer at vi snur. Og det høyrer du på gamle folk òg, viss du høyrer på intervju med dei, så kan dei ta halve setningen på norsk, og etter det blir det på samisk. Og det kan gå på tema ein snakkar om òg. [...] Men det er når du har kome så langt, når du har fått eit etablert forhold til samisk.

For skal ein lære og skal ein trene, så må ein lage nokre sånne kunstige ... først. Altså, gjerne ha sånne ... Ja, sånn som når eg går i barnehagen no, og når det er sånn familiekaffe, så kan eg gå dit og snakke samisk, for vi er einige om at vaksne skal òg prøve å snakke samisk så mykje som mogleg. Men det er litt vanskeleg å få vaksne til å lage sånne avtalar. Det er jo trasig om vaksenfolket verkar som bremseklossar, for da får vi i alle fall ikkje ungane til å snakke samisk.

Her er altså strategien hennar å omdefinere dei umedvitne språklege normene i språksituasjonar som alt finst. Ho tek språkvalsnormene opp på eit medvite stadium, diskuterer dei, og gjer avtalar med folk for å endre dei. Dette vil kjennast kunstig i byrjinga, men det blir "naturleg" etter kvart, for då har den nye praksisen vorte ein vane, og den språklege praksisen blir umarkert. Barrieren i dette tilfellet er altså det å bryte med normene og gjera noko som kjennest kunstig og "unaturleg".

Men dette med å omdefinere eksisterande språksituasjonar er berre éin del av strategien til denne informanten. Den andre delen har vore, gjennom å få ein unge, å skape nye språksituasjonar:

### **Når var det du bestemte deg for at når du fekk ungar, så skulle dei lære samisk?**

Skal vi sjå ... Ja, når eg var ca. tjue år hadde eg ein slags identitetsskrise, både i forhold til det å vera halvt same, og språk og ikkje minst dette med val av min partner, da. Nettopp fordi eg valte ein norsk kjærast... og i og med at eg brenn så mykje for det med språket, og ... Og det var kjempevanskeleg! Men eg fann ut at eg kan gi veldig mykje sjølv. Og eg trur det utvikla seg berre sånn, at ... og det der at eg skulle ønska at nokon hadde gjeve meg ei samisk ... Eg følte at: "Kan ikkje nokon koma og krevje at eg MÅ snakke?" Og det enklaste å gjera noko med er ungane mine. For da er det eg som bestemmer.

Her ser vi konturane av dei barrierane ho har kome over, og ho nemner både det med å vera "halvt" same og språket og val av partnar. Dette peiker i retning av det dei andre informantane skildrar som barrierane dei opplever mot å ta i bruk språket meir: det å vera usikker på eigen språkkompetanse på den eine sida, og det å vera usikker på den samiske etnisiteten sin saman med andre sørsamar på den andre sida. Ho seier at ho tidlegare gjekk og sakna at nokon skulle koma og krevje av henne at

ho skulle snakke. Dette ville vera ein invitasjon inn i det sørsamiske språksamfunnet, som fleire informantar har gjeve uttrykk for å sakne. Då det ikkje var nokon som kravde det av henne, kravde ho det like godt av seg sjølv, og "inviterte seg sjølv" inn i språksamfunnet. Det som hjelpte henne med denne sjølvinitasjonen, var at ho byrja der ho tykte det var enklast å byrje: med sine eigne ungar. Det er tydeleg ikkje utan grunn at alle informantane i dette materialet ser for seg at dei sjølve skal endre den språklege praksisen sin i det dei får eigne ungar og familie. Dei ser at andre har gjort det, og med det å få eigen familie heng saman med å få ein ny autoritet.

"For da er det eg som bestemmer" er den siste setningen i sitatet over. Dette er kjernen i det dette går ut på, og det er nettopp dette dei andre informantane, som ikkje har fått ungar enno, lengtar etter. Dei vil få ungar for å leve ut dei språklege ønska sine, og å gjennomføre den språklege praksisen dei moralsk meiner dei burde hatt. Ved å stifte familie skaper ein nye språksituasjonar som ein sjølve kan definere, og dette kan, som vi har sett, fungere som eit springbrett til å omdefinere eksisterande språksituasjonar.

## 6 OPPSUMMERING OG KONKLUSJON

Revitaliseringa av sørsamisk er ein del av ein global trend: Sidan 1970-talet har minoritar og særskilt urfolk verda over i større og større grad fått rettar knytte til det å vera minoritetsfolk. Saman med denne nye etniske vekkinga har det oppstått ein ny type etnisk aktivisme. Revitaliserarane bak det innsamla materialet til denne avhandlinga er altså alle fødde etter byrjinga på snunaden i den norske samepolitikken og har vakse opp samstundes med at samane har fått rettar knytte til det å vera urfolk og etnisk minoritet. Men den sørsamiske revitaliseringa er ikkje berre ein del av ein global trend. Revitaliseringa er òg ein nasjonal trend, på den måten at både nordsamisk og lulesamisk språk dei siste åra har vore under revitalisering. I nordsamisk område har språkbrukarane både halde på og kome lengst med revitaliseringa, medan lulesamisk har opplevd ei svært positiv utvikling med stor auke i språkdugleiken mellom unge folk berre i løpet av dei siste ti åra. Trass i at sørssamane byrja med vanskelegare språk- og demografitilhøve enn både lulesamane og nordsamane, er altså revitaliseringssprosessen i gang her òg.

Problemstillinga til denne avhandlinga har vore å finne ut om det er ei revitalisering av sørsamisk på gang, og kva denne i så fall går ut på. At sørsamisk verkeleg *er* inne i ein revitalisingsprosess, vart stadfesta tidleg i kapittel 3, og så har eg prøvd å skildre kva denne revitaliseringa i praksis inneber i kapittel 4 og 5. Denne problemstillinga har vore veldig vid, og det har gjort at eg har kunna trekt ut det eg har oppfatta som viktigast i handsaminga av all informasjonen som har kome fram i intervjua. I kapittel 4 kom det fram at det historisk sett har vore *svært* därlege tilhøve for den etnolingvistiske vitaliteten til den sørsamiske gruppa. Dette gjeld både med tanke på statustilhøve, demografi og institusjonell støtte, men i løpet av dei siste tiåra har det altså skjedd store framsteg. Særleg ser ein desse framstega på faktorane som har med status å gjera, og dernest på den institusjonelle støtta. Demografitilhøva er framleis vanskeleg for sørssamane, og så lenge dei bur så spreidd som dei gjer, vil denne faktoren vera eit hinder for revitaliseringa. Men det er ikkje dermed sagt at det er eit så stort hinder at ikkje nokon av dei andre faktorane kan vera *viktigare* – i positiv retning. Det som i makroanalysen står fram som ei positiv utvikling av både den sosiale og språklege statusen til sørsamisk, kjem att som ei positiv sjølvidentifisering og vilje

til å lære språket på individplanet i mikroanalysen. Revitaliserarane gjer det dei kan for å ta avstand til det dei oppfattar som *negativ identifisering* – til dømes i form av å kategorisere identiteten til andre samar med brøkar, og dermed som mindreverdige samanlikna med dei som er ”heile”. I tillegg er det å beherske språket betre noko som alle strevar etter, og det er tydeleg at den språklege statusen er høg, både i det sør-samiske samfunnet generelt, men kanskje spesielt i denne gruppa av unge revitaliserarar.

På same måten kan ein sjå korleis den positive utviklinga innanfor den institusjonelle støtta har gjeve revitaliserarane sjølvstilling til å krevje og å ”stå på krava”. Det at dei har formelle rettar innanfor til dømes utdanningssystemet, gjer at dei kan krevje undervisning trass i at skulen set seg på bakbeina, og det kjem tydeleg fram at nettopp dette er grunnen til at fleire av informantane i det heile har fått undervisning i samisk på vidaregåande skule. Ei slik støtte frå statlege institusjonar har altså direkte verknad på den etniske sjølvstillingen til desse revitaliserarane, og mangelen på ei slik støtte kan altså få konsekvensar i form at utelating av viktig språkopplæring.

I mikroanalysen har eg forsøkt å vise korleis revitaliseringa av sør-samisk går føre seg på individnivå; kva dei ulike revitaliserarane ser på som vanskeleg med å skulle byrje å bruke sør-samisk i større grad enn i dag, og kva som skal til for å koma over desse hindringane. Eg har kome fram til at desse hindringane, eller sjølve *barrieren*, består av ein språkleg og ein identitetsmessig dimensjon som er nært knytte til kvarandre. Den språklege dimensjonen går ut på at alle i intervjuaterialet, uavhengig av språkdugleik, kjänner seg som semitalalarar av sør-samisk på den måten at dei skil seg ut ved ikkje å ha feilfri dugleik i språket. På grunn av ein sterk språkleg purisme, som får utslag i at språklege avvik blir påpeikt og identifisert som ”feil”, kjänner ikkje semitalalarane seg inkluderte i det sør-samiske språksamfunnet. Den identitetsmessige dimensjonen går ut på at det å ikkje beherske språket flytande og feilfritt er knytt til ikkje å bli godteken som ”fullverdig” same innetter i den etniske gruppa. Dette gjer at revitaliserarane, som i møte med etniske nordmenn (og nord- eller lulesamar) har eit næraast uproblematisk tilhøve til sin eigen etnisitet som ”fullverdig” sør-same, i møte med sterkare brukarar av sør-samisk blir genuint *usikre* på sin eigen etnisitet. Den etniske sjølvstillingen er altså ulik i møte med høvesvis utgruppa og inngruppa, og vi ser at informantane har forskjellige meistringsstrategiar i møte med høvesvis inter-etnisk og intra-etnisk diskriminering. Når det gjeld inter-etnisk stigmatisering, har dei ein tendens til å heve seg over situasjonen og dei tek ikkje stigmatiseringa innover seg i like stor grad som intra-etnisk stigmatisering. Dermed er det mykje vanskelegare å mestre den intra-etniske stigmatiseringa. Dette botnar i at dei har eit

svakt punkt i og med at dei ikkje snakkar sørsamisk feilfritt, som er ein svært viktig sørsamisk identitetsfaktor. Den låge etniske sjølvtilletten i inngruppa kombinert med den språklege purismen og den ikkje fullstendige morsmålsbeherskinga blir til saman ein barriere mot å bruke språket.

SørSAMANE får, trass i bruk av substratfrie norske varietetar, likevel markert etnisk tilhørsle og solidaritet gjennom språkbruk. Dette er gjennom bruk av etnolekten, som altså symboliserer samhald innetter i inngruppa og markerer avstand til utgruppa. Denne etnolekten er korkje norsk eller sørSAMISK, men rammene er norsk og så blir det ispedd sørSAMISKE ord og uttrykk. Gjennom bruk av denne etnolekten får altså SAMANE dekt behova for etnisk konsolidering gjennom språkbruk, og ein kan slik seie at dette er ein språkbruk som til ein viss grad fungerer som ei "sovepute" i høve til det å bruke det sørSAMISKE språket fullt ut.

For å vinne over barrieren mot å ta i bruk sørSAMISK på domene der det er "unaturleg", er det nødvendig å ha ein strategi. Denne strategien vera medviten. Språknormene i eit samfunn er i stor grad inkorporerte i det ubevisste handlingsmønsteret, og det er nødvendig å få desse opp på eit bevisst nivå for å gjera noko med dei.

Det å overvinne barrieren på individnivå kan skildrast gjennom ein tostegsmodell: På det første nivået handlar det om å få innpass i eit sørSAMISK språksamfunn ved å skape nye språksituasjonar sjølv. Det å stifte familie og få ungar står sentralt her. Som forelder har ein makt til å definere den språklege praksisen til ungen, og dermed kan ein endre sin eigen språklege praksis ved å skape nye språksituasjonar, eller eit "mikrospråksamfunn", i heimen.

På det andre nivået handlar det om å få innpass i eit sørSAMISK språksamfunn ved å endre eksisterande språksituasjonar. Her har vi sett at det å få språknormene opp på eit medvite nivå både hjå seg sjølv og andre ved å til dømes inngå eksplisitte *avtalar* om å snakke sørSAMISK, er ein effektiv strategi. Når invitasjonane inn i språksamfunnet manglar, må ein sjølv vera den som inviterer. For å gjennomføre dette krevjast det imidlertid at ein, på same måte som ved dei språksituasjonane ein sjølv skaper, tek kontroll og omdefinerer språknormene i dei aktuelle språksituasjonane. Gjenomføring av steg 1 vil, som vi òg har sett, ofte føre til lettare gjennomføring av steg 2, på den måten at den potensielt tospråklege ungen fungerer som ein invitasjon inn i eit sørSAMISK språkfellesskap til alle rundt. Det at det er ein unge som er samtalepartnaren, gjer at krava til språkkompetanse senkast, og det blir lettare å bruke det ein kan. I tillegg har vi sett at vaksne i ein slik situasjon opplever å få ein invitasjon til å snakke sørSAMISK seg imellom "for ungen si skuld".

For å koma gjennom denne tostegsmodellen handlar det om å *ta ansvar* eller å *ta eigedom*. Ein må ta eigedom over sin eigen etnisitet og identitet, over sitt eige språk og over dei språksituasjonane ein inngår i. Ein må sjå på språket som sitt eige, og som sitt eige instrument. På grunn av at sørssamisk utgjer eit så lite språksamfunn, er eigedomstilhøva ofte veldig tydelege. Små språk blir i stor grad private, og dei fungerer ikkje som felleseige, slik som store språk gjer (Trosterud 2003:214). I eitt av intervjua var det ein av informantane som kommenterte nettopp desse tydelege "eigedomstilhøva". Det kom fram då det var snakk om den norsk-sørssamiske ordboka som ikkje eksisterer:

Men det er laga, da, men ja ... Det er visst ikkje berre å trykke ho likevel, da ... Folk har så veldig ... det er *mine* ord. Folk har sånn eigedomsfølelse til alt.

Med slik "privat eigedomsrett" til språk kan det å aktivt bryte med språknormene og ta eigedom over eit språk bli ganske dramatisk, og det blir meir dramatisk jo mindre språksamfunnet er. Slik sett ser ein korleis dei uheldige demografiske tilhøva frå makroanalysen gjer seg gjeldande på individnivå. Hadde demografien lege til rette for mindre spreidde sørssamiske språksamfunn, og dermed mindre private, ville det truleg vore lettare for kvar enkelt å ta eigedom over språket og å endre normene for bruken av det.

Revitalisering av sørssamisk handlar altså nettopp om dette; å ta eigedom over språket og dermed å risikere eventuelle sosiale sanksjonar ved å snakke "feil". Har ein teoretisk kunnskap om språkinnlæring og veit at det er ved å delta i eit språksamfunn og å få lov til å prøve og feile at ein lærer språk, er denne risikoene lettare å ta. Vi har sett at revitalisarane i dette materialet på grunnlag av teoretisk kunnskap om etnisitet og identitet har teke eigedom over sameomgrepet og ikkje godtek identifisering gjennom "blodprosentrekning". Nøkkelen til å revitalisere språket er truleg å ta den same eigedomen over språksituasjonane dei tek del i, og bestemme at dei som semitalalarar skal kunne delta med den samiskan dei kan for å lære og for å bli betre. Dette kan vera eitt av skritta på vegen for å revitalisere det sørssamiske språket og vidareutvikle språksamfunnet.

## LITTERATURLISTE:

- Aikio, M. (1990): "Samernas etniska dilemma". I Wande, E. (red.): *Att forska om språkliga minoriteter*. Stockholm: Stockholm Universitet, s. 17–26
- Allardt, E. (1979): *Implications of the Ethnic Revival in Modern, Industrialized Society*. Helsinki—Helsingfors: Societas Scientiarum Fennica
- Allardt, E. & Starck, C. (1981): *Språkgränser och samhällsstruktur*. Stockholm: Almquist & Wiksell
- Appel, R. & Muysken, P. (1987): "Language Maintenance and Shift". Kap. 4 i *Language Contact and Bilingualism*. London: Edward Arnold, s. 32–45
- Baker, C. (1992): *Attitudes and Language*. Clevedon, Philadelphia, Adelaide: Multilingual Matters Ltd.
- Barth, F. (1994): *Manifestasjon og prosess*. Oslo: Universitetsforlaget
- Berg, B.A. m.fl. (2003): *Samisk kulturkunnskap*. Nesbru: Vett og Viten AS
- Bergsland, K. [1952] (1996): "Hvordan den nye samiske rettskrivningen ble til". I *Bakgrunnskunnskap om samisk språk*. Tromsø: Pensumtjeneste, s. 28–50.
- Bergsland, K. (1961): *Samisk grammatikk med øvelsesstykker*. Oslo: Kirke- og undervisningsdepartementet
- Bergsland, K. (1994) [1982]: *Sydsamisk grammatikk*. Karasjok: Davvi Girji [Universitetsforlaget]
- Bergsland, K. (1998): *Two Cases of Language Endangerment: Aleut and Sámi*. I Matsumura (red.): *Studies in Endangered Languages*. Tokyo: Hituzi Syobo, s. 33–47
- Bergsland, K. (1999): *Bidrag til sydsamenes historie*. Skriftserie nr. 1. Tromsø: Sámi dutkamiid gouvddás/Senter for samiske studier
- Bjørklund, I. [1986](1994): "Hvordan nordmenn ble flere og samer ble færre". I Erke, R. & Høgmo, A. (red.): *Identitet og livsutfoldelse*. Karasjok: Davvi Girji, s. 67–73

- Bjørklund, I. (2000): *Sápmi – en nasjon blir til*. Tromsø: Tromsø Museum
- Blokland, R. & Hasselblatt, C. (2003): "The Endangered Uralic Languages". I M. Janse & S. Tol (red.): *Language death and language maintenance*. Amsterdam—Philadelphia: John Benjamins Publishing Company, s. 107–141
- Brunstad, E. (2003): "Det reine språket". I Sandøy, H.; Brodersen, R. & Brunstad, E.: *Purt og reint. Om purisme i dei nordiske språka*. Skrifter frå Ivar Aasen-instituttet nr. 15. Volda: Høgskulen i Volda, s. 7–17
- Bull, E.H. [1979] (1982): "Sameskolen i Snåsa". I *Ottar* nr. 116–117 "Sørsamer". Tromsø: Tromsø Museum, s. 88–91
- Bull, I.; Skevik, O.; Sognnes, K. & Stugu, O.S. (red.) (2005): *Trøndelags historie*. Band 1: *Landskapet blir landsdel. Fram til 1350*. Band 2: *Fra pest til poteter. 1350 til 1850*. Band 3: *Grenda blir global. 1850 til 2005*. Trondheim: Tapir Akademisk Forlag
- Crystal, D. [2000] (2002): *Language Death*. Cambridge: Cambridge University Press
- Denison, N. (1977): "Language Death or Language Suicide?". I *International Journal of the Sociology of Language* nr. 12, The Hague, Paris, New York: Mouton Publishers, s. 13–22
- Devik, B.A. (1980): *Sameskolen i Havika 1910–1951*. Tromsø: Tromsø Museum
- Devik, B.A. [1979] (1982): "Litt om sørsamene og sørsamenes historie". I *Ottar* nr. 116–117 "Sørsamer". Tromsø: Tromsø Museum, s. 17–22
- Dorian, N.C. (1977): "The Problem of the Semi-Speaker in Language Death". I *International Journal of the Sociology of Language* nr. 12. The Hague—Paris—New York: Mouton Publishers, s. 23–32
- Dorian, N.C. (1981): *Language Death. The Life Cycle of a Scottish Gaelic Dialect*. Philadelphia: University of Pennsylvania Press
- Dorian, N.C. (1982): "Defining the Speech Community to Include its Working Margins". I Romaine, S.: *Sociolinguistic Variation in Speech Community*. London: Edward Arnold, s. 25–33
- Dorian, N.C. (1987): "The Value of Language-maintenance Efforts Which are Unlikely to Succeed". I *International Journal of the Sociology of Language* nr. 68. The Hague—Paris—New York: Mouton Publishers, s. 57–67
- Dorian, N.C. (1994): "Purism vs. Compromise in Language Revitalization and Language Revival". I *Language in Society* 23, Camebridge: Camebridge University Press, s. 479–494

- Dovidio, J.F; Major, B & Crocker, J. (2000): "Stigma: Introduction and Overview". I Heatherton, T.F; Kleck, R.E.; Hebl, M.R & Hull, J.G. (red.): *The Social Psychology of Stigma*. New York—London: The Guilford Press, s. 1–28
- Eidheim, H. (2000): "En nasjon veks fram: Sápmi". I Ottar nr. 232, "En nasjon blir til". Tromsø: Tromsø Museum, s. 3–8
- Elgvin, D. T. (1993): *Land er liv. Sørsamisk reindrift i en skjebnetid. En skisse av kampen for beiteland i Riast/Hylling reinbeitedistrikt*. Upublisert hovedfagsoppgåve, Universitetet i Tromsø
- Engen, T.O. & Kulbrandstad, L.A. [1998] (2003): *Tospråklighet og minoritetsundervisning*. Oslo: Ad Notam Gyldendal
- Eriksen, A.R. m.fl. (1994): *Ofoten og Sør-Troms språkområde. Utredning til styrking av samisk språk*. Karasjok: Sametinget
- Eriksen, K.E. & Niemi, E. (1981): *Den finske fare. Sikkerhetsproblemer og minoritetspolitikk i nord 1860–1940*. Oslo—Bergen—Tromsø: Universitetsforlaget
- Eriksen, T.H. (1991): *Languages at the Margins of Modernity*. Oslo: International Peace Research Institute
- Fasold, R. [1984] (1995): *The Sociolinguistics of Society*. Oxford—Cambridge: Blacwell
- Fishman, J.A. (1966): *Language Loyalty in the United States: the maintenance and the perpetuation of non-English mother tongues by American ethnic and religious groups*. The Hague
- Fishman, J.A. [1991](1997): *Reversing Language Shift. Theoretical and Empirical Foundations of Assistance to Threatened Languages*. Clevedon: Multilingual Matters Ltd.
- Fishman, J.A. (2001): «Why is it so Hard to Save a Threatened Language?» I Fishman, J. A. (red.): *Can threatened languages be saved?* Clevedon—Buffalo—Toronto—Sydney: Multilingual Matters Ltd, s. 1–22
- Fjellheim, S. (1991): *Kulturell kompetanse og områdetilhørighet*. Snåsa: Saemien Sijte
- Fjellheim, S. (red.)(1995): *Fragment av samisk historie. Foredrag Saemien Våhkoe Røros 1994*. Røros: Sør-Trøndelag og Hedmark Reinsamelag
- Fjellheim, S. (1999): *Samer i Rørostraktene*. Snåsa: Sverre Fjellheim
- Fossum, K. (1999): *Innvandrer og selvstendig. Om etnisk entreprenørskap og norsk integrasjonspolitikk*. Upuplisert hovedoppgåve i sosialantropologi ved Universitetet i Oslo

- Gal, S. (1979): *Language Shift*. New York: Academic Press
- Gaski, L. (1997): "Hundre prosent lapp?" *Lokale diskurser om etnisitet i markebygdene i Evenes og Skånland*. Kautokeino: Samisk Institutt
- Giles, H.; Bourhis, R.Y. & Taylor, D.M. (1977): "Towards a Theory of Language in Ethnic Group Relations". I H. Giles (red.): *Language, Ethnicity and Intergroup Relations*. London—New York—San Francisco: Academic Press, s. 307–349
- Grenoble, L. A. & Whaley, L. J. (1998): *Endangered Languages. Language Loss and Community Response*. Cambridge: Cambridge University Press
- Grønmo, S. (1982): "Forholdet mellom kvalitative og kvantitative metoder i samfunnsforskningen". I Holter og Kalleberg (red.) *Kvalitative metoder i samfunnsforskning*. Oslo: Universitetsforlaget, s. 94–124.
- Grønmo, S. (2004): *Samfunnsvitenskapelige metoder*. Bergen: Fagbokforlaget
- Hansen, L.I. & Olsen, B. (2004) *Samenes historie fram til 1750*. Oslo: Cappelen Akademisk Forlag
- Haugen, E. (1969): *The Norwegian Language in America. A Study in Bilingual Behavior*. Bloomington—London: Indiana University Press
- Helander, N.Ø. (1982): «Den samiske språksituasjon». I Hovdenak, M; Kjellargard, S.; Miljeteig, O. & Vikør, K.S. (red.): *Språkundertrykking*. Oslo: Det Norske Samlaget, s. 69–78
- Hove, O. (2001): *Stigma. Teoretiske tilnærminger til stigma og til forholdet mellom stigma og sosiale yteler – en kritisk drøfting*. HiO-rapport nr. 2. Oslo: Høgskolen i Oslo
- Hovland, A. (1996): "Fellesdiskurs og tveegg sverd. Antropologisk kunnskap og etnopolitikk i Sápmi". I *Norsk Antropologisk Tidsskrift* nr. 1, Oslo: Universitetsforlaget, s. 44–63
- Hovland, A. (1997): "Etnisk bevisstgjøring og kreolisering". I Eriksen, T.H. (red.): *Flerkulturell forståelse*. Oslo: Tano Aschehoug, s. 216–232
- Hovland, A. (1999a): "Ikke bare land og vann". I Eidheim, H. (red.): *Samer og nordmenn*. Oslo: Cappelen Akademisk Forlag, s. 165–185
- Hovland, A. (1999b): *Moderne urfolk – lokal og etnisk tilhørighet blant samisk ungdom*. NOVA-rapport nr. 11. Oslo: Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring.

- Huss, L. (1996): "Erste Hilfe für eine Bedrohte Sprache: Wiederbelebungsmassnamen bei den norwegischen Lulesamen". I Larsson, L.-G. (red.): *Laponica et Uralica. 100 Jahre finnisch-ugrischer Unterricht an der Universität Uppsala*. Uppsala: Acta Universitatis Upsalaensis, s. 71–78
- Huss, L. (1997): "Kia ora, Sápmi! Nya kulturmöten i Sameland!". I Andersson, R.B. (red.): *Den nordiska mosaiken. Språk- och kulturmöten i gammal tid och våra dagar*. Uppsala: Studentbokhandelen, s. 183–195
- Huss, L. (1999): *Reversing Language Shift in the Far North. Linguistic Revitalisation in Northern Scandinavia and Finland*. Uppsala: Acta Universitatis Upsaliensis
- Huss, L. (2000): "Who is to say what my language is worth? Linguistic purism vs. minority language maintenance and revitalization". I *Nordlyd* nr. 29, Tromsø: Universitetet i Tromsø, s. 1–24
- Hyltenstam, K. & Stroud, C. (1991): *Språkbyte och språkbevarande. Om samiskan och andra minoritetsspråk*. Lund: Studentlitteratur
- Hyltenstam, K.; Stroud, C. & Svонni, M. (1999): "Språkbyte, språkbevarande, revitalisering. Samiskans ställning i svenska Sápmi". I Hyltenstam, K. (red.): *Sveriges sju inhemska språk – ett minoritetsperspektiv*. Lund: Studentlitteratur, s. 41–93
- Hætta, O.M. (1992): *Samene – en arktisk urbefolking*. Karasjok: Davvi Girji
- Hætta, O.M. (2000): "Norsk samepolitikk – integrasjon eller segregasjon?" I *Samenes kultur og historie – samepolitikk i Norge og Sverige*. Kautokeino: Nordisk samisk institutt, s. 63–71
- Hætta, O.M. (2002): *Samene. Nordkalottens urfolk*. Kristiansand: Høyskoleforlaget
- Høgmo, A. (1989): *Norske idealer og samisk virkelighet*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag
- Haarstad, K. (1981): *Samiske vandringer i Sør-Norge*. Trondheim: Tapir Forlag AS
- Haarstad, K. (1992): *Sørsamisk historie. Ekspansjon og konflikter i Rørostraktene 1630–1900*. Trondheim: Tapir Forlag
- Jacobsen, A. [1979] (1982): "Sameskolen i Hattfjelldal". I *Ottar* nr. 116–117 "Sørsamer". Tromsø: Tromsø Museum, s. 79–87
- Jahr, E.H (1993): "The Sami language in northern Scandinavia – a language maintenance perspective". I Dahl, Ø. (red.): *Language – a doorway between human cultures*. Oslo: Novus, s. 238–254

Jernsletten, N. (1993): "Sami language communities and the conflict between Sami and Norwegian". I Jahr, E.H. (red.): *Trends in Linguistics 72: Language Conflict and Language Planning*. Berlin—New York: Mouton de Gruyter, s. 115–132

Jernsletten, J. (2000): *Dovletje Jirreden. Kontekstuell verdiformidling i et sør-samisk miljø*. Upublisert hovedoppgave i religionsvitenskap. Tromsø: Universitetet i Tromsø

Jones, M. C. (1998): *Language Obsolescence and Revitalization*. Oxford: Clarendon Press

Jünge, Å. (1996): *Spor etter samar i Midt- og Sør-Skandinavia. To historieoppfatninger i debatt 1970–1996*. Åsen: Dokumentarforslaget

Kloss, H. (1966): "German-American language maintenance efforts". I Fishman, J. (red.): *Language loyalty in the United States*. London—The Hague—Paris: Mouton & Co, s. 206–252

Krauss, M. (1997): «The indigenous languages of the North: a report on their present state». I Shoji, H. & Janhunen, J. (red.): *Northern Minority Languages. Problems of Survival*. Osaka: National Museum of Ethnology, s. 1–34

Kristoffersen, G. (1996): "Noen grunnleggende banaliteter om tolkning av sosiolinguistiske forskningsresultater". I *Samspelet och variation. Språkliga studier tillägnade Bengt Nordberg på 60-årsdagen*. Uppsala: INS, Uppsala Universitet

Landweer, M. L. (2001): "Endangered Languages. Indicators of Ethnolinguistic Vitality". I *Notes on Sociolinguistics* 5.1 side 5–22 <http://www.sil.org/sociolx/ndg-lg-indicators.html> (05.03.04)

Lombard, A. (1996): *Alle jordens språk*. Oslo: Pax forlag AS

Lowly, E.G.; Fishman, J.A.; Gertner, M.H.; Gottesmann, I. & Milan, W.G. (1985): "Ethnic Activists View the Ethnic Revival and Its Language Consequence". I Fishman, J.A. (red.): *The Rise and Fall of the Ethnic Revival*. Berlin: Walter de Gruyter, s. 283–301

Løøv, A. (1989): "Samer, bønder, bergverk – og en skoginspektør". I *Årbok for Norsk Skogbruksmuseum*, nr. 12. Elverum: Norsk Skogbruksmuseum, s. 275–295

Løøv, A. (2004): "Sørsamene på 1700- og 1800-tallet". I Kusmenko, J (red.): *The Sámi and the Scandinavians*. Hamburg: Verlag Dr. Kovac, s. 89–97

Madsen, B. (1981): "Om kvalitative og kvantitative metoders videnskabelighed".

I Broch, T. et al. (red.) *Kvalitative metoder i dansk samfunnsforskning*,  
København, s. 65–77

Magga, O.H. (1976): *Samisk fonetikk: Dialektlære. Innføring*. Lærerutdanningen i Alta

Magga, O.H. (1995): "Å gjenreise urfolkenes kulturelle identitet". I Brantenbergs, T.;  
Minde, H. & Hansen, J. (red.): *Becoming visible: indigenous politics and  
selv-government*. Tromsø: Universitetet i Tromsø, s. 85–89

Magga, O.H. (1997): "Samisk språk". I Karker, A.; Lindgren, B. & Løland, S. (red.):  
*Nordens Språk*. Oslo: Novus Forlag, s. 137–160

Magga, O. H. (2000): "Samebevegelsen og det samiske språket". I Ottar nr. 232, "En  
nasjon blir til". Tromsø: Tromsø Museum, s. 39–48

McMahon, A. M. S. [1994] (1996): *Understanding Language Change*. Cambridge:  
Cambridge University Press

Minde, H. (2002): "Fornorskinga av samene – hvorfor, hvordan og hvilke følger?"  
Upublisert bakgrunnsnotat for (det norske) Sametinget til møtet 27.–31.  
mai 2002, sak 23/02: *Samefolkets fond*. Notatet er trykt i engelsk versjon  
i *Acta Borealis* 2003, nr. 2. I tillegg er eit samandrag av notatet trykt i  
Lund, S. (red) (2005): *Samisk skolehistorie 1*. Karasjok: Davvi Girji, s.  
12–33

Mæhlum, B. (1992a): "Vitenskapsteoretiske og metodiske aspekter". Kap 9 i  
*Dialektal sosialisering. En studie av barn og ungdoms språklige strategier i  
Longyearbyen på Svalbard*. Oslo: Novus Forlag, s. 90–129.

Mæhlum, B. (1992b): "Det kvalitative forskningsintervju". Kap. 12 i *Dialektal  
sosialisering. En studie i barn og ungdoms språklige strategier i Longyearbyen  
på Svalbard*. Oslo: Novus Forlag, s. 141–149

Mæhlum, B. (1994): "Konservering eller assimilering? Noen refleksjoner omkring  
forhold som kan tenkes å fremme, henholdsvis hemme bevaringen av  
språklige minoritetsgrupper". I *Maal og minne* nr. 3–4

Mæhlum, B. (1997): "En apologi for den metodologiske individualismen". I *Nordica  
Bergensia* nr. 13. Bergen: Universitetet i Bergen, s. 9–28

Mæhlum, B. (2003a): "Hva forteller sørsamisk språk om samenes historie?"  
Upublisert manus til seminaret *Sør-samisk historie* på Sverresborg  
Folkemuseum, Trondheim 21. mars 2003

Mæhlum, B. (2003b): "Southern Sámi. Are the sands running out, or...?" Upublisert  
manus frå seminarret ICLaVE 2 på Uppsala Universitet, Uppsala 12. -14.  
juni 2003

Mæhlum, B.; Akselberg, G.; Røyneland, U. & Sandøy, H. (2003): *Språkmøte. Innføring i sosiolinguistikk*. Oslo: Cappelen Akademisk Forlag

Mæhlum, B. (2006): *Konfrontasjoner*. Manus for publikasjon. Del 3: "Minoritet møter majoritet".

Nettle, D. & Romaine, S. (2000): *Vanishing Voices. The Extinction of the World's Languages*. Oxford: Oxford University Press

Neuberg, S.L.; Smith, D.M. & Asher, T. (2000): "Why People Stigmatize: Toward a Biocultural Framework". I Heatherton, T.F.; Kleck, R.E.; Hebl, M.R. & Hull, J.G. (red.): *The Social Psychology of Stigma*. New York, London: The Guilford Press, s. 31–61

Nielsen, Y. (1891): *Lappernes fremrykning mod syd i Trondhjems stift og Hedemarkens amt*. Kristiania: Det norske geografiske selskap

Niemi, E. (1997): "Kulturmøte, etnisitet og statlig intervensjon på Nordkalotten". I Andersson, R.B. (red.): *Den nordiska mosaiken*. Uppsala: Uppsala Universitet, s. 261–272

Nordberg, B. (1984): "Sosiolinguistisk datainnsamling". I M. Thelander (red.) *Talespråksforskning i Norden*. Lund: Studentlitteratur, s. 92–119.

Olsen, K. (1997): "Utfordringer og reorienteringer i forståelsen av det samiske". I *Norsk Antropologisk Tidsskrift* 8 (3–4), Oslo: Universitetsforlaget, s. 231–243

Omdal, H. (1994) : "Nordisk talespråksforskning og forskningsmetoder". Kap. 2 i *Med språket på flyttefot – språkvariasjon og språkstrategier blant setesdøler i Kristiansand*. Uppsala Universitet, s. 21–38.

Paine, R. (2003): "Identitetsflokke: Same-same. Komplekse identitetsprosesser i samiske samfunn". I Bjerkeli, B. & Selle, P. (red.): *Samer, makt og demokrati*. Oslo: Gyldendal Akademisk, s. 291–317

Rekdal, O. (1986): "Snakkes språket av grupper eller personer?". I E. Hansen et al. (red.) Artikler 1–4. *Talemålsundersøkelsen i Oslo (TAUS)*. Oslo: Novus Forlag, s. 127–145.

Rogstad, K.G. (1980): *Streif i sør Samenes saga*. Trondheim: Rune Forlag

Røyneland, U. (1996): "Innsamling og handsamling av eit (sosio-)lingvistisk materiale". I Fjeld, Ottóson & Torp (red.) *The Nordic Languages and Modern Linguistics 9. Proceedings of the Ninth Conference of Nordic and General Linguistics*. Oslo: Novus Forlag AS, s. 281–298

- Røyneland, U. (2003): "Språk- og dialektkontakt". Kapittel 3 i Mæhlum, B.; Akselberg, G.; Røyneland, U. & Sandøy, H.: "Språkmøte". Oslo: Cappelen Akademisk Forlag, s. 44–69
- Salvesen, H. [1979] (1982): "Sørsamene – en samisk minoritet". I *Ottar* nr. 116–117, "Sørsamer". Tromsø: Tromsø Museum, s. 23–28
- Salvesen, H. [2002] (2003): "Synet på og holdninger til samer før og etter Knud Leem. En ideologihistorisk analyse av samisk minoritetspolitikk". I Hagland, J.R. & Supphellen, S. (red.): *Knud Leem og det samiske. Det Kongelige Norske Videnskabers Selskab Skrifter 2/2003*. Trondheim: Tapir Akademisk Forlag, s. 95–126
- Sammallahti, P. (1998): *The Saami Languages. An Introduction*. Karasjok: Davvi Girji
- Saukkonen, P. (2005): "Two origins of the Saamic population". I Winsa, B. (red.): *Finno-Ugric People in the Nordic Countries*. Hedenäset: Lumio förlag & skrivbyrå, s. 5–10
- Severinsen, A. (1979): "Noen metodeproblemer i sørsamisk historieforskning". I *Ottar* nr. 116–117, (1979) 2. oppdag 1982 "Sørsamer". Tromsø: Tromsø Museum, s. 29–37
- Skutnabb-Kangas, T. (1981): *Tvåspråkighet*. Lund: LiberLäromedel
- Skålnes, S. (red.) (2001): *Sustaining and supporting the lesser used languages*. Oslo: Norwegian Institute for Urban and Regional Research (NIBR)
- Smith, L.R. (2002): "The Social Architecture of Communicative Competence: A Methodology for Social-Network Research in Sociolinguistics". I *International Journal of the Sociology of Language*, nr. 153, Walter de Gruyter, s. 133–160
- Solbakk, J.T. (red.) (2004): *Samene – en håndbok*. Karasjok: Davvi Girji OS
- Starrin, B & Svensson, P.-G. (1994): *Kvalitativ metod och vetenskapsteori*. Lund: Studentlitteratur
- Stoessel, S. (2002): "Investigating the Role of Social Networks in Language Maintenance and Shift". I *International Journal of the Sociology of Language*, nr. 153. Walter de Gruyter, s. 93–131
- Stordahl, V. (1997): "Samene: Fra "lavitstaaende race" til "urbefolkning". I Eriksen, T.H. (red.): *Flerkulturell forståelse*. Oslo: Tano Aschehoug, s. 139–152
- Stordahl, V. (1998): *Same i den moderne verden. Endring og kontinuitet i et samisk lokalsamfunn*. Karasjok, Davvi Girji

- Stordahl, V. (2000): "Et samisk alternativ". I Ottar nr. 232, "En nasjon blir til". Tromsø: Tromsø Museum, s. 9–16
- Svonne, M. (1998): "Sami". I Ó Cárráin & Mac Mathúna (red.): *Minority Languages in Scandinavia, Britain and Ireland*. Uppsala: Acta Universitatis Upsalaensis, s. 21–49
- Tabouret-Keller, A. (1997): "Language and Identity". I Coulmas (red.) *The Handbook of Sociolinguistics*. Oxford: Basil Blackwell, s. 315–326
- Thuen, T. (1993): "Noen sosialantropologiske refleksjoner over etnisk identitet". I Mæhlum, B. (red.): *Hva er identitet?* Tromsø: Institutt for språk og litteratur, Universitetet i Tromsø, s. 20–29
- Todal, J. (1998): *Opplæringa i samisk som andrespråk. Ei undersøking av vilkåra for å lære samisk i grunnskulen.* SH-rapport nr. 7. Gouvdageaidnu/Kautokeino: Sámi Allaskuvla/Samisk Høgskole
- Todal, J. (1999): «Minorities with a Minority: Language and the School in the Sámi Areas of Norway». I May, S. (red.): *Indigenous Community-Based Education*. Clevedon, Philadelphia, Toronto, Sydney: Multilingual Matters Ltd, s. 124–136
- Todal, J. (2002): «...jos fal gáhttet gollegielat». *Vitalisering av samisk språk i Noreg på 1990-talet.* Avhandling til dr.art.-graden, Det humanistiske fakultet, Universitetet i Tromsø
- Todal, J (2005): "Eit sørsamisk språkvitaliseringsprosjekt". I Samisk Høgskole (2005): *Intergenerasjonell overføring av samiske språk: Mot en metode for å overvåke språksituasjonen.* Rapport frå seminar 12.–13. oktober 2005. Kautokeino: Internettpublikasjon på [www.samiskhhs.no/no/forskning/sprakseminar.htm](http://www.samiskhhs.no/no/forskning/sprakseminar.htm), s. 61–73
- Thomasson, J. (2005): "Berga av sør-samisk lærar". I Lund, S. (red): *Samisk skolehistorie 1.* Karasjok: Davvi Girji, s. 410–419
- Thuen, T. [1989] (1990): "Kulturelt sær preg og etniske grenser: noen refleksjoner over samisk-norske kontraster". I Brox, O. & Gullestad, M. (red.): *På norsk grunn. Sosialantropologiske studier av Norge, nordmenn og det norske.* Oslo: Ad Notam, s. 51–59
- Trosterud, T. (2003): "Språkdaude, purisme og språkleg revitalisering". I Sandøy, H.; Brodersen, R. og Brunstad, E.: *Purt og reint. Om purisme i dei nordiske språka.* Skrifter frå Ivar Aasen-instituttet nr. 15. Volda: Høgskulen i Volda, s. 181–216

Trosterud, T. (2004): *Uralic minority languages: Past, present and future. A sociolinguistic perspective*. Upublisert manus til doktorgradsdisputas ved Universitetet i Tromsø 10.12.2004

Ulfrstad, A. (1989): *Same og Osloborger. Strategier for opprettholdelse av etnisk identitet*. Upplisert hovedfagsoppgåve, Universitetet i Oslo.

UNESCO/WWF/Terralingua (2003): *Sharing a world of difference. The Earth's linguistic, cultural and biological diversity*. Paris: UNESCO Publishing

Vakhtin, N. (1998): "Copper Island Aleut: a case of language "resurrection"". I Grenoble, L.A & Whaley, L.J (red.): *Endangered languages. Language loss and community response*. Cambridge: Cambridge University Press, s. 317–327

Vikør, L. S. (2001): *The Nordic Languages. Their Status and Interrelations*. Oslo: Novus Forlag

Widerberg, K. (2001): *Historien om et kvalitativt forskningsprosjekt – En alternativ lærebok*. Oslo: Universitetsforlaget AS

Zachrisson, I. (1996): « Südliche Samen – Archäologie und Schriftliche Quellen». I Larsson, L.-G. (red.): *Laponica et Uralica. 100 Jahre finnisch-ugrischer Unterricht an der Universität Uppsala*. Uppsala: Acta Universitatis Upsalaensis, s. 127–135

Zachrisson, I. m fl (1997): *Mötens i gränsland. Samer och germaner i Mellanskandinavien*. Stockholm, Statens historiska museum

Øzerk, K. Z. (1992): *Om tospråklig utvikling. En teoretisk studie av fenomenet og begrepet tospråklighet*. Haslum: Oris Forlag

Aarseth, B. [1979] (1982): "En fremtid for sørsamene?" I Ottar nr. 116–117 "Sørsamer", Tromsø: Tromsø Museum, s. 3–9

Aasen, I [1863] (1996): *Symra*. Oslo: Det Norske Samlaget

## AVISARTIKLAR OG NETTSTADER:

Adresseavisen 1980a, 12. april: "Ukjent fortid, uviss fremtid". I *Ukeadressa*

Adresseavisen 1980b, 19. april: "Reindrift er effektiv kjøttproduksjon". I *Ukeadressa*

Adresseavisen 1980c, 16. mai: "Språket – kjernen i sørsvensk kultur". I *Ukeadressa*

Adresseavisen 1980d, 24. mai: "En historie full av urett" og ""Har han en fremtid". I *Ukeadressa*

*Ethnologue* på nett : [www.sil.org/ethnologue](http://www.sil.org/ethnologue)

*Ethnologue* i trykt format: Grimes, F. B. (red.)(2000): *Ethnologue. Languages of the World.* 14. utgåve. Dallas: SIL International

Samemanntalet på nett: <http://www.samediggi.no/Artikkel.asp?AId=236&back=1&MId1=16&MId2=199#>

Samisk Høgskole (2005): *Intergenerasjonell overføring av samiske språk: Mot en metode for å overvåke språksituasjonen.* Rapport fra seminar 12.–13. oktober 2005. Kautokeino: Internettpublikasjon på [www.samiskhs.no/no/forskning/sprakseminar.htm](http://www.samiskhs.no/no/forskning/sprakseminar.htm)

UNESCO (1999): *Red Book on Endangered Languages.* Internettpublikasjon på [http://www.helsinki.fi/~tasalmin/europe\\_index.html](http://www.helsinki.fi/~tasalmin/europe_index.html)

UNESCO Ad Hoc Expert Group on Endangered Languages (2003): *Language Vitality and Engangerment. Document Submittet to the International Expert Meeting on UNESCO Programme Safeguarding of Engangered Languages 10.–12. March 2003.* Paris: Internettpublikasjon på [http://portal.unesco.org/culture/en/file\\_download.php/4794680ecb5664addb9af1234a4a1839Language+Vitality+and+Endangerment.pdf](http://portal.unesco.org/culture/en/file_download.php/4794680ecb5664addb9af1234a4a1839Language+Vitality+and+Endangerment.pdf).

## OFFENTLEGE DOKUMENT:

Arbeidsgruppen for sørsamisk utdanning (1996): *Åarjelsaemien øöhpehtimmie/Sørsamisk utdanning. Forslag til samlet plan fra arbeidsgruppen for sørsamisk utdanning.* Arbeidsgruppa vart nedsett i 1995 av Kyrkle-, utdannings- og forskningedepartementet og var leidd av Sigbjørn Dunfjeld.

Lov av 12. juni 1987 nr 56 om Sametinget og andre samiske rettsforhold ("Samelova").

Sametinget (1992): *Forslag til tiltak på ulike sektorer for å øke bruken av samisk i det sør-samiske dialektområdet.* Innstilling frå utgreiingsgruppa for sør-samisk på Sametinget

Snåsa kommune (2004): *Snåsa kommune som forvaltningsområde for samisk språk.* Utreiing av komité sett ned av Snåsa formannskap.

## ANDRE KJELDER:

*Sydsamerna – möt jojken, slöden, historien och språket ...* (2001) CD utgjeven av Sydsamisk kulturcentrum i Östersund, Gaaltije

*Rapport fra sørsamisk kvinnedag i Vauldalen 24.–26. september 1982.*  
Skrive av Arbeidsutvalget for sørsamisk kvinnedag.

*Daerpies Dierie Sørsamisk kirkeblad. Årgang 2002, 2003, 2004 og 2005.*



# INTERVJUGUIDE

Personopplysningar: namn, alder, heimstad, utdanning/skulegang, arbeid, sivil status, sambuar, ektefelle (same eller ikkje), evt. utdanningsplanar.

## 1 KJENSLER KRING DET Å VERA (SØR)SAME

Reknar du deg som (sør)same? Seier du sjølv at du er *same* eller *sørsame*? Er begge foreldra dine (sør)samar? Har du alltid rekna deg som (sør)same? Har det vore periodar i livet ditt då du har rekna deg meir eller mindre som (sør)same enn no?

Er du stolt av å vera same? Står det å vera same i motsetning til det å vera norsk?  
Kjenner du deg som fullverdig medlem av det norske samfunnet?

Kva kriterium gjeld for å definere seg som same? Finst det nokon som er meir samisk enn andre? Går det an å gradere? Kven er i så fall mest samisk? Er det noko skilje mellom dei samane som snakkar samisk og dei samane som ikkje gjer det?

Kor mange sørsamar finst det?

Har du nokon gong vorte mobba for å vera same? Kvifor trur du det skjer? Er det vanleg at samiske ungar/ungdommar blir mobba?

Føler du at det at du er same har vore til hinder for deg nokon gong?

Føler du at du har nokre fordelar med det å vera både same og norsk?

Uttrykket "minoritet i minoriteten" blir ofte brukt om sørsamisk. Tykkjer du det passar?

Kva tilhøve har du til det samiske som ikkje er sørsamisk? Finst det noko slektskapstilhøve/ fellesskapskjensle mellom ulike typar samar?

Kva er skilnaden mellom dei ulike samiske språka?

Er du organisert i ein sameorganisasjon?

Er det skilnad på norske og svenske sørsamar? Kan ein høyre skilnad på sørsamisken til norske og svenske sørsamar? Kjenner du sørsamar i Sverige? Har du flest norske eller samsike vennar?

Korleis er tilhøvet mellom samar og nordmenn der du bur? Har det skjedd endringar på dette området så lenge du har vore her?

Er det vanleg at samar giftar seg med samar? Dersom samar og nordmenn giftar seg: lærer ungane samisk? Er det mor eller far som lærer språket vidare til ungane?

Kan du høre på dne norske dialekten til folk om dei er same eller ikkje?

Finst det situasjonar der du helst vil skjule at du er same? Er det vanleg blant sørsamsike ungdomar? Er det noko de snakkar om?

## SPRÅKDUGLEIK

Kan du sørsamisk? Kor godt meiner du du kan sørsamisk? Lytte? Snakke? Lesa? Skrive? Har du eventuelt lyst til å lære meir?

Kan foreldra dine sørsamisk? Har du lært sørsamisk heime?

Kva stilling har sørsamisk hatt i oppveksten din, og kva stilling har språket i livet ditt i dag?

Dersom dei har gått på sameskulen: Fortel litt om det å gå på sameskulenog språkbruk der.

Tykkjer du foreldregenerasjonen har meir språkkunnskapar enn din eigen generasjon? Dersom du snakkar sørsamisk: Kva tilbakemeldingar får du av dei eldre språkbrukarane? Korleis opplever du dette?

## SPRÅKBRUK

Når brukar du språket? Når skriv du det og når snakkar du det? Skriv du norsk eller samisk på meldingar til vennane dine?

Kva ville skje dersom du brukar sørsamisk i situasjonar der du normalt ville ha bruka norsk, og omvendt?

Finst det situasjonar for språklege kompromiss der du brukar sørsamiske ord i norsken eller omvendt?

I kva samanhengar meiner du sørsamisk er i bruk mest? Er det slik at sørsamisk i stor grad blir brukt berre i samanheng med reindrift, eventuelt andre tradisjonelle domene, som samisk handarbeid? Er det eit "heimespråk" ein berre brukar saman med nære slekt og familie?

Kva er dei viktigaste grunnane til at du brukar/ ikkje brukar sørsamisk? Dersom du hadde kunna det betre, trur du du ville bruka det meir?

Kvar møter du det sørsamiske språket? I tale? I skrift? Burde sørsamisk vera synleg andre stader? Kvar?

Finst det kjønnsskilnader i bruken av sørsamisk? Er det mor eller far eller begge som står for overleveringa av språket til dei neste generasjonane? Kjem du sjølv til å overlevere kunnskapane sine i sørsamisk om du får ungar?

Skulle du ynskt at den sørsamiske språksituasjonen var annleis? Korleis?

Kor viktig er den sørsamiske kulturen for deg som person? Og kor viktig er det sørsamiske språket for deg?

Har du diskutert desse problemstillingane med jamaldringar nokon gong?

Er det mogleg å bruke sørsamisk i eit norsk samfunn?

## TANKAR OM FRAMTIDA FOR SØRSAMISK SPRÅK

Korleis er stoda for det sørsamiske språket i dag? Ulikt på ulike stader? Samanlikna med andre samiske språk?

Kva er grunnen til at det er mange sørsammar som ikkje kan språket?

Korleis ser du for deg framtida for det sørsamiske språket? Enn for den sørsamiske kulturen?

Trur du sørsamisk språk kjem til å døy ut? Når? Kvifor? Føler du noko ansvar for det?

Det seiast at det er ei slags sørsamisk revitalisering på gang. Er det sant? Kva ligg i det? Er det noko du har noko tilhøve til?

Kva meiner du arbeider *for* bruken av sørsamisk i det norske samfunnet i dag? Kva er dei største styrkene til sørsamisk i dag?

Kva arbeider *mot* sørsamisk språk og kultur i dag? Eller kva er hovudproblema for sørsamisk språk i dag? Kva må til for at språket skal overleva?

Kven har ansvaret for å redde sørsamisk frå å døy ut?

Kven "eig" det sørsamiske språket?

Kjem du sjølv til å gjera ein innsats for at neste generasjon sørsamar brukar meir sørsamisk enn din eigen generasjon?

Er det mogleg å oppretthalde ein sørsamisk kultur og eit sørsamisk folk *utan* eit sørsamisk språk? Kva er det då som blir den største beraren av "det sørsamiske"?

Kor viktig er reindrifta for den sørsamiske kulturen eller språket?

Kva institusjonar meiner du er viktig for det sørsamiske språket?

## SPØRSMÅL TIL BAKGRUNNSINFORMANTAR

Kor mange sørsamar finst det?

Kor mange av desse snakkar språket?

Korleis vil du seie at stoda er for sørsamisk språk og kultur?

Kvar finn ein sørsamisk språk?

Korleis har utviklinga vore dei siste tiåra?

Korleis er haldninga til det å bruke det sør-samsike språket blant sørsamane sjølve?

Er det sant at det er ei revitalisering på gang?

Mange sørsamar som ikkje har lært språket heime som går på kurs: Kva har dette å seie for språket? Er det skilnad på språket til dei som har lært det på kurs samanlikna med dei som har lært det heime?

Kvar står det sør-samsike språket sterkest?

Finst det dialektar innanfor det sørsamiske området? Korleis er utviklinga for dei?

Er det skilnad på "norsk" sørsamisk og "svensk" sørsamisk?

Korleis har sameskulane i Snåsa og Hattfjelldal verka inn på den samiske kulturen og det samiske språket?

Korleis trur du stoda er for det sør-samsike språket om 20 år?

Kva tiltak trur du er viktigast å gripe fatt i for at sørsamisk skal overleva?

Kva er dei viktigaste hindra for sørsamisk i dag?

Korleis er tilhøvet mellom sørssamar og etniske nordmenn på dei stadene der sørssamane bur, og korleis har det utvikla seg over tid? Er det betre no enn det var før?

Kor viktig er reindrifta for sørssamisk språk og kultur?

Kor viktig er sørssamisk språk for sørssamisk kultur? Trur du den sørssamiske kulturen og identiteten kan overleva utan det sørssamiske språket? På kva måte?

Korleis tykkjer du språkkunnskapane til den yngre generasjonen er? Er dei flinkare/ därlegare enn din eigen generasjon?



## SAMANDRAG

I denne masteravhandlinga gjer eg ein freistnad på å dokumentere og å forstå den språklege revitaliseringssprosessen av sørsamisk språk. Eg har teke i bruk kjeldemateriale om det sørsamiske samfunnet, og eg har gjennomført intervju med sørSAMAR. Fem unge sørSAMAR er primærinformantar, og to eldre sørSAMAR i besteforeldregenerasjonen har fungert som bakgrunnsinformantar. Eg har medvite plukka ut informantar som er aktive i høve til oppretthaldingen av sørSAMISK språk og kultur nettopp for å kunne skildre tendensane i revitaliseringssprosessen der han truleg er mest positiv. På denne måten gjev ikkje denne avhandlinga eit fullstendig bilet av heile det sørSAMISKE språksamfunnet, men ho viser fram det mest positive, og dermed kanskje det viktigaste utsnittet.

Analysen er delt inn i to delar: ein på makronivå og ein på mikronivå. Makroanalysen er bygd opp etter *etnolinguistisk vitalitetsmodell*, som er ein modell over dei viktigaste faktorane for oppretthalding av minoritetsspråk. Her er det bruka ei blanding av skriftlege og munnlege kjelder for å kommentere dei ulike faktorane. Denne analysen dannar eit breitt men overflatisk bilet av stoda for sørSAMISK språk i dag, og han skildrar hovudtendensane i revitaliseringa.

I mikroanalysen kjem vi mykje tettare inn på revitaliseringssprosessen, og historiene til dei som ønskjer å bruke språket og hindre at det døyr ut, kjem fram. I analysen kjem det fram at informantane opplever at det er ein barriere ein må koma over for å revitalisere språket. Med grunnlag i dei kvalitative intervjua har eg skildra kva denne barrieren går ut på, og kva som skal til for å koma over han. I mangelen av teoriar om revitalisering av språk, har eg lagt fire kategoriar til grunn for forståinga av prosessen. Desse er *språkleg praksis* og *språkleg purisme* på den eine sida, og *stigmatisering* og *sjølvidentifisering* på den andre sida.



## IKTEDIMMIE

Daennie æjviebarkosne voejhkelem guarkedh guktie åarjelsaemien gielem nænnostidh jih skreejrehtidh. Manne leam tjaalegh åtneme gusnie åarjelsaemien siebriedahken bijre tjåådtje, jih aaj åarjelsaemieh gihtjedamme. Víjhte noere åarjelsaemieh mah bijjelen göökteluhkien jaepien båeries leah mov æjvie-bievnijh. Göökte båeries almetjh, gieh aahka-aajjine lægan duekie-bievnijh orreme. Sihtim bievnijh utnedh gieh åarjelsaemien gielem jih kultuvrem evtiedieh jih skreejrehtieh, guktie nimhtie buerebh-laakan aajkoem gieleskreejrehtimmieprosessesne maahtam buerkiestidh. Ij daate barkoe abpe dam åarjelsaemien gieledajvem buerketh, jih gaajhkide prosseside mah desnie daelie leah. Mohte vuesehte díhte mij lea bööremes, jih kaanne aaj díhte mij lea vihkelommes.

Joekehtimmie lea guektien-bieliem juakeme: akte mij lea makro-daltesisnie jih mubpie mikro-daltesisnie. Makro-joekehtimmie lea hammoen mietie tseegkeme, man nomme *etnolinguistisk vitalitetsmodell*. Daen hammoen leah vihkelommes faktorh gosse galika dej onnelåhkoej gielh vaarjeldih. Daesnie dovne tjaaledh jih njaalmeldh gaaltijh åtnalogovveme gosse dejtie joekehtsh faktoride buerkiestidh. Joekehtimmie vijries lea jih nimhtie barre dam åarjelsaemien gieletsiekien bijjie-skieriem buerkeste.

Mikro-joekehtimmesne skreejrehtimmieprosessesne geatskanibie. Almetji soptsesh guhth sijhtieh gielem vaarjeldih jih evtiedidh aaj daesnie vååjnoeh. Daennie joekehtimmesne lohkijibie stoerre dáriesmoeri bijre gosse saemiestidh ålkolen byjreskh gogkoe ij dobth iemeles saemiestidh. Daesnie buerkestem mij díhte dáriesmore lea jih guktie buektiehtidh dam tjirrehtidh. Gosse eah naan teorijeh gieleskreejrehtimmieprossesi bijre leah, leam baakoeh jih guarkovh maadtojne åtnalgovveme, mah leah etnihke skreejrehtimmien jih sosiale siebrien etnihke raastegi viedteldihkie. Daah baakoeh jih guarkovh leah sosial-antropologijeste jih gieledh tjielkevuajnoste mejtie leam teorijen maadtojne åtneme.